

FOLK i Ryfylke 1998



Tema: Ung i Ryfylke



FOLK 1998 i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo

Utgitt av Ryfylkemuseet

FOLK i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo
Redaksjonsråd: Halvdan Magnus Hansen
Njål Tjeltveit
Tora-Liv Torsen
Jorunn Strand Vestbø
Foto: Gaute Berge Nilsen
Utgivar: Ryfylkemuseet
4230 Sand
Telefon 52 79 73 77
Telefax 52 79 78 89
E-mail: ryfymus@robin.no

ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem ut ein gong i året.
Abonnementsprisen for 1998 er kr. 150,-
og inkluderer medlemskap i Ryfylkemuseet og
eventuelt lokalt museumsleg på heimstaden.
Postgirokonto 0808 5662911
Bankgirokonto 3202 07 01527

Sats, repro, trykk og innbinding:
Allservice a.s., Stavanger
ISSN 0800-4692

Framsida:

Torsdagskveld på Fargeriet.

Tone Underbakke, Sand.

Foto: Ingrid Holmboe Høibo.



Innhold

- 5 Redaksjonelt
- 7 «Lovely Morning, isn't it?»
Av Anita Nerheim
- 10 Unge røyster
- 13 Ikkje all niste får plass i tupperware-boksar
Av Ingebjørg Vik Laugaland
- 20 Frå Rennesøy til Kongsgård
Av Randi Bø og Sigrid Bø Grønstøl
- 27 Om å vera ung i Hjelmeland og litt til
Av Torborg Kleppa
- 29 Ein familie på ni og eit pilkesnøre
Av Bernt Høie
- 44 Jorda-rundt-generasjonen har både føter og røter
Av Erik Fossåskaret
- 53 Det gamle kastet
Av Jone Moe
- 58 Dans på Norheimskrossen
Av Kolbjørn Hauge
- 61 Ung i ulike tider
Av Njål Tjeltveit
- 71 98-generasjonen frå Sand i Ryfylke
Av Ernst Berge Drange
- 84 Då ryfylkeungdommane organiserte seg
Av Ingvar Olimstad
- 94 Om ungdom, kjærleik og frieri i folkevisene
Av Ruth Anne Moen
- 103 Korleis få ungdom tilbake til bygda?
Av Wenche Haugen Havrevoll
- 108 Bakgrunnen til at Arnbjørn av Hebnes og Gaute
av Talgje gav gåver til fattige menneske
Av Gerd Kristin Høivik
- 115 Årsmelding og rekneskap 1997

Bildet til venstre: Laila Wikse har starta Krambua blomster. Laila Wikse er ung. Lalia Wikse har tru på ei framtid i Ryfylke. Foto: Ingrid Holmboe Høibo.



*Etter trening. Sonja Sørland i Suldalshallen.
Foto: Ingrid Holmboe Høibo*

Redaksjonelt

Er ein ung på Finnøy, har ein fire alternativ for ein velukka laurdagskveld, skreiv Aftenbladet tidleg i haust: tre bedehus og eitt diskotek. Det var innleiinga til ein artikkel under overskrifta «Gøy på Finnøy: Diskotek eller bedehus». Og det var enda ein artikkel om korleis Ryfylke ser ut når utsiktpunktet er i byen. Vi har nok fått hurtigbåt og popmusikk, men vi trur framleis at Jesus kan gå på vatnet. Slik blir både vi og ungdommen vår låste fast i oppfatningar som ikkje levnar oss mye håp for ei profitabel framtid.

På den andre sida sit gamlingane i Ryfylke, og vi treng ikkje vera så veldig gamle heller, og bekymrar oss for at ungdommen reiser frå oss. For dei reiser vitterleg til byen. Til skular og kafear og meir interessante jobbar enn vi kan by dei. Kva skal det bli til med bygdene, spør alle seg som har eit snev av ansvar for samfunnsforminga, eller som er redde for å bli sittande att i einsemda. Og det blir sett i gang all slags show og meir seriøse tiltaksplanar for å støtte ungdommen om dei vil etablere seg i bygdene.

Da vi planla dette nummeret av FOLK i Ryfylke hadde vi ein ambisjon om å gå alvorleg inn i desse problemstillingane. Vi ville høre ungdommens eiga røyst, men vi ville og setta dagens problemstilling inn i ein historisk dimensjon. Vi hadde ein ide om at det kanskje kunne vera både likskapar og ulikskapar i forholdet mellom nåtida og tidlegare tider, og vi meinte vi hadde eigne erfaringar å bringe til torgs endatil.

Redaktøren av dette skriftet har ikkje vore ung i Ryfylke. Ikkje særleg ung da. Eg hadde nettopp fylt 29

da eg kom hit i romjula 1977 for å etablere meg og den vesle familien i eige hus og fast arbeid. Men vi tilhørte ein generasjon som hadde syn for bygda. Bygda var rette staden da, den gongen. Vi hadde vunne folkeavstemninga om EEC, vi hadde vore pionerstudentar i distriktshøgskulesystemet, og vi hadde dansa sveitten av oss i stinne bondeungdomslag. Vi var ein slags sekstiåttarar. Men vi åt seipanettar, i alle fall så lenge vi heldt oppe ideen om at likestillinga også galdt kjøkkenet.

Det viste seg at det var lettare å få vår eigen generasjon, og dei som er enda eldre, til å skrive, enn å få bidrag frå ungdommane sjølve. Vi utfordra elevane i dei vidaregåande skulane, og vi lyste ut open skriv konkurranse, men det kom inn få bidrag. Det som vi tykte var det beste bidraget, kom frå ei som sat langt heimanfrå og funderte over oppveksten i Ryfylke. Anita Nerheim var hushjelp i England og oppdaga at dagleglivet i andre delar av verda kunne ha verdiar som ho sakna da ho kom heim. Ho ser likevel ikkje mørkt på framtida i Ryfylke, men etterlyser betre evne, og kanskje litt vilje, til å vera med og skape eit meir fargerikt fellesskap.

Det var også noen fleire unge som sendte inn bidrag til skrivkonkurransen, og vi har samla utdrag frå noen av desse under overskrifta «unge røyster». Felles for dei er at dei har eit positivt forhold til bygda dei har vakse opp i, men dei ønskjer ikkje å bli innesperra i bygda for resten av livet, og dei ser gjerne at det blir betre rom for folk som er litt annleis.

Resten av artiklane i skriftet følgjer ein slags kronologi, der vi ender opp i mellomalderen i ein artikkel som ikkje har så mye med ungdommen i Ryfylke å gjera, men som i det minste er skriven av ei som er ung og som har vakse opp her. Og så har vi fått Wenche Haugen Havrevoll til å målbera det tvingande spørsmålet om korleis vi skal få ungdom tilbake til bygda. Ho meiner at vi alle har eit ansvar, og at det kjem an på haldningane våre og korleis vi formidlar dei til dei unge.

Ryfylkemuseet har programfesta at vi skal gi bidrag til ei positiv bygdeutvikling. Det betyr at vi har tatt standpunkt for bygda, og at vi har som siktemål at det vi driv med skal støtte opp under strevet med å oppretthalde busettinga i bygdene. Det kan t.d. skje gjennom etablering av kunnskapsbaserte arbeidsplassar, utvikling av reiselivstilbod som får turistar til å komma hit og som indirekte legg grunnlag for nye arbeidsplassar, og tilbod om undervisningsopplegg til skulen som bidrar til at ungane blir glade i bygda si. Men det ligg ein fare i at mye av det ein kan finne naturleg å drive med på eit museum kan virke både avgrensande og ekskluderande i forhold til unge menneske og innflyttarar.

Vi tenkjer altså slik at kulturarven, på den eine sida, er viktig å kjenne for å ha eit fotfeste i livet. Men vi må passe oss for at kulturarven ikkje blir noe noen av oss eig, medan andre kjenner seg framande når dei møter han. Skal vi kunne kommunisere godt med folk som hører ein annan generasjon til, og som kanhende har vakse opp i ein annan kultur, må vi kanskje vera villige til å forhandle litt om våre eigne veremåtar og verdiar. Dermed kan vi risikere at bygda blir ei anna bygd enn den vi ønskjer å ta vare på, men viss det blir ei bygd der fleire finn seg til rette, kan det hende vi alle tener på endringa.

Redaktøren av dette skriftet prøver seg altså på den kjetterske tanken at kulturvern kan vera ei hindring for ei positiv utvikling av bygdesamfunnet. Da må vi straks ile til med ei melding om at dette ikkje eignar seg for tabloidformat, men at det kanhende må vera slik at vi i noe større grad er villige til å opne for andre måtar å ordne seg på, om vi skal ha håp om at fleire skal finne det gode livet i bygdene. Det treng ikkje bety at vi skal gløyme kor vi kjem frå, og at vi skal øydelegge kulturminna våre. Men er vi rimeleg trygge på oss sjølve, kan det hende vi kan tole noe større avvik frå andre, slik ungdommane som skriv i det følgjande etterlyser.

«Lovely morning, isn't it?»

AV ANITA NERHEIM

Anita Nerheim gikk til topps i den skrivekonkurransen vi arrangerte for å få unge artikkelforfattarar med oss i dette heftet. Ho har sitte i England og reflektert over oppveksten i Ryfylke. Det er blitt eit kritisk oppgjær med det samfunnet ho reiste i frå, men likevel med eit optimistisk syn på framtida for Ryfylke. Vi må berre tørre å opne oss, og våge å lære av andre.

Eg sit i England; milevis frå trygge Ryfylke, langt ute i den store verda. Eg har vel aldri sett Ryfylke så klart føre meg som nå. Her er det rom til å føla Ryfylke, kjenna på, smaka. Ryfylke betyr plutseleg noko anna. Sola skin frå ein annan kant og gir det heile eit nytt lys. Litt skremande.

Eg har vore ung i Ryfylke i 16 år. Livserfaring! Eg veit kva det vil seia å vera ung i Ryfylke, både på godt og vondt. Bortgløynde observasjonar snik seg fram; samfunnshus og bedehus, folk og fe. Eg ser handbaggasjen i venstre hjartekammer; ser det trygge og gode, men kjenner og trongen til å hyla høgt. Kva med framtida? Kva med meg og det som skal bli mitt samfunn? Eg vil leita.

Du skal ikkje tru du er noko! Jantelova kling i hovudet mitt. Å ikkje vera noko er lett når ein er 10-11 år; ein hoppar frå ven til ven, synes folk er dumme og ferdig med det. Når ein blir 15-16 år får ein trong til å visa seg, anten det er ved å farge håret raudt eller å få 5

i fysikk. Ein får lyst til å bli beundra og bli fortald det. I staden blir det ei negativ vending på det heile: «Åsså?!» Ein får lyst til å krypa under bordet og bli der lenge, lenge!

Misunning er blitt ei slags legning, eit slik-er-det-bare-på-den-ne-jorda-uttrykk. Men i staden for å skylda på pubertet og vanskeleg alder, går det an å ta tak i problema og jobba med dei. HALLO VAKSNE! Går det an å få litt betre førebilete? I staden for å kviskra halv-høgt om naboens mange pengar ved middagsbordet, går det an å sjå at du kanskje skal vera glad du slepp aksjekjøp og rentemas? Små gryter har og øyrer, og haldningar vert skapte fortare enn lynet.

Suldølar, nesbuar, «sandalar» og erfjorbuar, alle av same ulla og alle perfekte eksempel på det fordomsfulle. Ein høyrer stadig uttrykk som: «Du kan ikkje uttala deg, du som er frå Nes...» eller «Suldølane trur di e' så go'!» Framandfrykt over avstander på snautt 19 km! Haldningar skapte over generasjonar, som sta-

dig bleiknar, men som blussar opp i ord og handlingar. Det slår ikkje feil at foreldre som køyrer ungane sine på idrettstemne i nabobygda, køyrer heim så fort ungen deira har vist kva han kan, utan å tenkje på at dei som er igjen kanskje og har noko å prestera.

Ein har sin stad her i livet, anten det er som son til Oddvar som gjekk i same klasse som læraren, eller som dotter til ho som alltid går med raude teser. Det er greitt å vita kven dei andre er, heilt til den dagen du finn ut at du er den du eigentleg ikkje er. Samfunnet er lite og kan ofte virka kvelande, samtidig som det gir ei kjensle av å høyra i hop. Folk på landet står i saman anten det gjeld språkkrig eller sentralisering. Det er trygt å ha det kjende rundt seg og vita at ein er ein del av det. Å gå ni år i same klasse kan vera toppen av tryggleik. Ein veit kor ein har dei fleste – kven ein burde halda seg unna, og kven ein kan stola på. Klassane kan bli utruleg spleisa, men det kan og skjera seg. Å gå ni år i same klasse kan og bli eit mareritt om ein ikkje passar inn i «gjengen», eller ikkje blir godtatt som den ein er. Opne auger og øyrer er viktig på landet og. Mobbing er ikkje berre eit byfenomen.

Eg kan heller ikkje unngå å nevna bedehus/samfunnshus-rolla. Her gjeld det og å finna sin plass. Folk som går på bedehuset skal halda seg der, og det er for flaut for samfunnshusgjengaren å visa seg på bedehuset. Sjukt, spør du meg, og veldig gammaldags. Ungdommen i dag vil ikkje låsa seg til ei «sekt», men utforska. På det området sa Ole Brumm noko glupt: Ja takk, begge deler.

«Ryfylke er kjedeleg» er det blitt sagt gong på gong, og den positive holdninga blir stampa i bakken. Ungdommen har mykje av skulda sjølve om dei ser på bygda som kjedeleg. Me har vanskeleg for å sysselsetta oss sjølve og forlangar det meste i fanget. I ei bygd der det kanskje ikkje skjer så altfor mykje, er det

lett å bli fanga av det negaive, og byggja vidare på det. Ein rånerunde blir fort til tre, og bensin er dyrt! Det er lettare å slenga ut ein negativ kommentar til eit arrangement, enn å hoppa og dansa for å gjera noko positivt ut av det.

Ryfylke er ein typisk tradisjonsbunden region. Bønder, industri og handelstanden pregar samfunnet, og om ein ikkje klarar å underordna seg det, har ein lett for å falle utanfor. Det er ikkje rom for nye tankar og idear. Ei stund var det veldig fokusert på at ungdommen reiste frå bygdene for å gå på skule i byen. Spørsmålåla surra. Er ikkje tilboda våre gode nok? Kva har me gjort gale? Ingenting, blir mitt svar, ein kan berre ikkje rekna med at alle ungdommar vil gå på «mask og mekk» eller allmennfag for å gleda bygda. Ein kan bli kvelt av mindre. Tenk heller på alt det spennande og nye som kan komma tilbake om me berre tør å opna armane igjen for «dei opprørske». det må vera lov til å bli inspirert til å forandra og utfylla samfunnet til det betre.

Ryfylke har eit flott lærlingetilbod som me skal vera stolte av. Me ha bedrifter som veks, og som stadig treng ny arbeidskraft. Kjempeflott, men skal det ikkje vera lov til å prøve noko nytt og? Eg trur det viktigaste me kan gjera for å halde bygdene på beina, er å støtta opp om det som skjer, same om det er nytt eller tradisjonelt, gi positive kommentarer, spandera ein tier her og der og heller prøva å halde fliret tilbake – same kor håplaut det kan sjå ut.

Kunst er blant anna eit område der Ryfylke er veldig lukka. Folk flest synes kunst er fint og flott, men det er ikkje enkelt å prøva å vidareutvikla kunstutstillingar og konsertar til å auka kreativiteten blant folk. Musikkskulen er eit perfekt eksempel på det. Fagfolk har verkeleg jobba for å byggja musikkskulen opp til noko positivt. Sprengde påmeldingsskjema og elev-

konsertar er eit flott resultat, men så sit det altså politikarar og prøver, år etter år, å kutta ned stillingar og spara pengar. Musikkskulen gjekk jo før fagfolka kom inn i bilete og! Ein ser ikkje kva verdiar det har for elevane at læraren kan litt meir enn at Mozart var ein god komponist. Dei får sjanse til å gå på konsert med læraren som utøvar, sjå og høyra og ikkje minst bli inspirert til å gå heim og gjera noko med musikken sjølv. Ein burde vera sjeleglad om fagfolk i det heile brydde seg om å gjera noko for bygdene, for å skapa eit godt miljø.

Etter å ha budd i Ryfylke i 16 år, var det stort å komma til ein ny plass, for ikkje å seia eit anna land. Her er eg anonym og det gir ei befriande kjensle. Det er spanande å observera, samanlikna og dra konklusjonar. Det første som slo meg då eg kom hit, var venleiken folk utstrålte. Folk eg aldri hadde sett før vinka og smilte til MEG. Reaksjonen min dei første dagane var: «Hjelp! Har eg sett deg før?» Eg kikka i asfalten og skunda meg forbi, som einkvar ryfylking ville gjort. Etterkvart lærte eg meg kor mykje eit lite smil betyr; stå på, kjekt å sjå deg, eg er så glad for at eg traff deg...

Eg var ute og gjekk ein dag i øs-pøs-regnver. Det var nokså vått, utan at eg tenkte så mykje over det. Eg møtte ei dame på vegen. Ho strålte opp då ho fekk sjå meg og sa: «Lovely morning, isn't it?» Eg såg ikkje på dagen som spesielt herleg, men smilet ho gav meg fekk meg til å tenkja: «Yes, actually it is!»

Her er det ikkje flotte hus og bilar som betyr noko, men mennesket. Det viser igjen på klesstil, nakne vinduskarmar og rustne bilar. I byrjinga var engelskmenn RARE, men ein oppdagar fort at dei har utruleg mykje å læra deg. Folk er stolte over det dei har og kan, og vil gjerne visa og læra deg det. Det er ein eigenskap me sjeldan finn i Ryfylke. Me kavar på med vårt og våre, og er så opptatte av å finna det perfekte,

at me ikkje tenkjer på at det å vera eit medmenneske er med på å gjera kvardagen vår perfekt.

Folk er så høflege at det aleine er verdt eit avsnitt. «Please» heng som ein klegg på kvar setning. Ein takkar når ein er på butikken eller når ein køyrer buss, same kor sur bussjåføren er. Det gjer noko positivt med deg sjølv, samtidig som du gjer yrket til den du takkar meir verdifullt. Då eg var heime på juleferie gjekk eg aktivt inn for å dra med meg det engelske heim. Eg takka ein bussjåfør som køyrde meg frå Sandeid til Ropeid for turen, og reaksjonen var som venta; han kikka først på meg med eit kva-var-det-du-sa-blikk, før han drog på smilebåndet og mumla eit eller anna. Yes, tenkte eg!

Når ein blir spurd om korleis det har vore å vera ung i Ryfylke, kan ein bli ståande å grubla lenge. Ryfylke er ein fantastisk plass med tanke på natur og den tryggleiken bygdene utstråler, men det er mykje opp til deg sjølv kva du vil bruka ungdomstida til. Vil ein kjeda seg, så versågod, men det er og mogleg å gjera mykje, om berre viljen er der.

Eg ser ikkje mørkt på framtida i Ryfylke, snarare tvert om. Det nye Noreg eksisterer absolutt, me må berre opna augene og tørre å forandra på tradisjonar og system. Ungdommen kjem aldri til å verta slik som ungdommen var for generasjonar tilbake, og det er det viktig å sjå. Me må respektera kvarandre og sjå kor rikt eit samfunn blir med fargerike folk som praktiserer ulike evner. Me lærer så lenge me lever, så smil og verda smiler tilbake!

Anita Nerheim (17), er oppvaksten i Suldal.

Unge røyster

– Bidrag til ein skrivekonkurranse

Det var fleire enn Anita Nerheim som sendte inn bidrag til skrivekonkurransen vår. Nedanfor har vi klypt saman utdrag frå 4 andre bidrag. Og det er slett ikkje misnøye med bygda som kjem fram. Tvert i mot. Ungdommane er glade i bygda si. Men det betyr ikkje det same som at dei ikkje vil ut i verda og sjå korleis det ser ut der. Alle dei fire som har levert bidrag til denne artikkelen er elevvar i den vidaregåande skulen frå Suldal.

Eg likar å bu her. Trivst godt, faktisk. Alle svartmalar det å bu i utkanten. Eg veit ikkje kvifor dei snakkar slik — kanskje er det tøft? Men eg veit at eg skal ut av bygda litt. Alle treng nye utfordringar og opplevingar. Det er derfor eg har søkt barne- og ungdomsarbeidarfaget i byen. Alle venene mine har dratt ut. Då blir det litt stusseleg her heime...

(Anne Ronold)

*Sola har kome opp bak dei høge fjella
og varmar naturen opp til nytt liv.
Den friske lukta av nyutsprungne blomar
minner oss om at det er vår.
Snøen ligg bare igjen på dei høge fjella,
elvane er frie frå is og
sjøen ligg og skvulpar mot land.*

*Ungdommane sit på benkane utanfor gatekjøkenet,
ein mild vind tar tak i håret.*

Dette er samlingsplassen.

*Nokon fer på musikkskulen,
medan andre kjem frå fotball eller volleyballtre-
ning.*

*Nokon spring rundt med rullebrett,
medan andre rånar rundt i bilar.*

*Ungdommane diskuterer om vidare utdanning;
kor det er best å gå, i nærmiljøet eller
å reise til by'n?*

*Det er delte meiningar om temaet.
Nokon syns det beste er å kome ut å
oppleve nye menneske og kulturar,
medan andre syns det beste er å bu
heime, sidan skulen ikkje er så langt
rundt hjørnet.*

*Nokon snakkar om kva ein har med
seg ut i verda om heimlassen sin.*

*Det blir sagt:
det gode miljøet og det sosiale,
kulturen, fine og utfordrande opplevingar
osb.*

*Dei aller fleste synast Ryfylke er ein
fin og god plass å bu på og noko
å gjera for dei fleste.*

(Tove Kjetilstad)

Har ungdommen det så fælt som dei seier, eigentleg? Nei, eg trur ikkje det. Mesteparten av alle eg kjenner vil, og har lyst til, å bu i Ryfylke seinare i livet. Men mange vil ut og gå på skular, prøva noko nytt, få med seg nye erfaringar til Ryfylke. Det er berre sunt, trur eg. Politikarane snakkar og diskuterer om kva dei kan gjera for å få ungdommen til å gå på Ryfylke sine vidaregåande skular — vil dei halde oss innesperra for resten av livet vårt? Men dei må ha gode skuletilbod til oss, fordi det er ein heil del som nyttar seg av dei tilboda Ryfylke har, og det kjem ungdom frå andre stader som kanskje vil busetje seg her.

(Lillian Vårvik)

Etter å ha budd heile mitt snart 18-årige liv i Suldal, føler eg ikkje at eg har gått glipp av nokon verdas ting ved ikkje å bu i ein by. Eg er stolt av heimbygda mi, Sand, og i mine framtidsplanar kjem eg til å venda attende. Men kva er det eigentleg som gjer at eg tenkjer slik, medan andre på min alder aldri kunne tenkja seg å busetja seg her når dei blir eldre?

Ein hovudårsak er vel gjerne dei sterke familierøtene eg har i Suldal. Generasjon etter generasjon av slekta mi har hatt sitt virke her, og med ein så samanknytt familie vil det bli vondt å reisa.

Ein annan viktig faktor er dei fritidsinteressene eg har hatt gjennom heile oppveksten. Idrett og friluftsliv

har alltid stått sentralt, og i dei miljøa eg har vore i, har samhaldet vore sterkt. For ein aktiv person på desse områda er heimstaden min perfekt, også sett med økonomiske auge. Det er mest gratis å bruka idrettsanlegga, medan ein i byen kanskje måtte ha betalt betydelege summar for å fått lov til det same. Naturen ligg også rett utanfor stovedøra, noko som gjer at ein billeg og raskt kan ta turen ut, utan dei store førebuingane.

Allikevel kan eg sjå at me manglar noko her, t.d. eit godt helgetilbod for ungdom under 18 år. I dag finst der ikkje noko organisert sosialt tilbod til dei unge, noko som fører til at mange keiar seg når helga kjem. Heller ikkje i veka er det dei store hendingane, sjølv om ulike kafear held ope somme kveldar. Eg trur ungdommen treng ein uformell samlingsstad styrt på eigne premissar, og då er det ikkje alltid at eit kommunalt ungdomshus styrt av vaksne er det rette.

Noko anna som også er viktig å tenkja på, er den utviklinga bygde-Noreg no er vitne til. I over ti år har det vore driven hard kvinnesatsing i distrikta. «Utan jenter stansar bygde-Noreg» er eit av slagorda som har vore flittig i bruk. Enorme ressursar er sett inn i dette arbeidet. Men på 90-talet har trenden snudd litt, og nye tal syner at fleire gutar enn jenter flyttar frå bygdene. Gutane har nok blitt noko forsømde, og det er kanskje på tide å retta søkjelyset mot desse att. Det er nemleg ikkje slik at dei fleste er programforplikta til å ta over heimegarden lenger, dette gjeld det absolutte mindretalet. Før var det dei som var ankeret på bygda, men no vil også det manlege kjønn realisera seg sjølv. Om me ikkje gjer noko for at bygda skal bli meir interessant for gutane, så vil dei forsvinna.

For å få fleire til å slå seg ned på byda, meiner eg at arbeidsmarknaden er ei av dei viktigaste utfordringane. Det er jobbane som må blir meir interessante. Jenter som tek utdanning kan flytta heim og bli lærarar

eller sjukepeiarar, men blir du ingeniør eller IT-ekspert, får du ikkje bruk for utdanninga di. Gutane må også få andre moglegheiter enn å bli bonde eller bilmekanikar. Ungdom blir utdanna til å bli ei eksportvare, fordi utdanninga deira ikkje passar til det lokale behovet. Lokalsamfunna må også bli flinkare til å skaffa jobb for to personar. Det er nemleg ikkje nok at berre ein av ektefellene eller sambuarane får arbeid, då vil dei aldri venda attende. Staten må og vera med på å gjera meir for at det skal bli attraktivt å etablere seg i bygde-Noreg. I vår datastyret samtid er det svært



enkelt å kommunisera med resten av verda, sjølv om ein ikkje ligg så veldig urbant til, det er berre folk sine oppfatningar om at alt skal skje i byen som styrer dette.

Skal det bli interessant å bu i bygdene, trengst der ein kampanje for å auka tolsemda. Homofile, aleine-mødre, blitzarar og andre som fell litt utanfor, har ofte problem med å finna seg til rette i distrikta. Difor er det så positivt at ungdom også får nokre år i byen, då kan dei læra mykje om akkurat det å tolerera.
(Hilde Mikkelsen Bakka)






Ikkje all niste får plass i tupper- ware-boksar

AV INGEBJØRG VIK
LAUGALAND




I skrivande stund bur eg langt vekke frå Ryfylke i kilometer, men minna, verdiane og tenkjemåten heime er ikkje langt vekke i det heile – dei er hjå meg kvar dag, på den eine eller den andre måten. Eg har skrivne om korleis det var å være ung i Ryfylke.

Kva ein har med seg ut i verda eventuelt manglar når ein har vakse opp her, om heimstaden sett utanfrå og om Ryfylke høyrer ungdommen til, eller er det nye Norge ein annan stad. Som innfallsvinkel har eg valt å bruke sitat og dikt eg samla eller skreiv sjølv i ungdomstida mi. Desse omsette eg og gav til Wendy Schramm som har illustrert artikkelen.



Wendy Schramm



«I VIK ER DET ALLTID SOLSKINN OG HVALPER»

Denne konklusjonen var det søskenbarnet mitt i Oslo som drog då han var liten og kom til oss i Erfjord i Ryfylke kvar sommar i oppveksten.

Eg hugsar godt somrane – arbeidet på garden, slåttene, ungdommane i siloen og på bensinstasjonen, feriefolka som var med å hente kyrne, utlendingar på haiketure som fekk overnatte i høyet eller på gjesterommet, farmor og farfar som budde i folgeenden om somrane...

Me trong ikkje reise nokon stad! Dei kom til oss og samlast på og rundt garden. Det var liv og arbeid og kort imellom høgdepunkta. Det slår meg kor generasjonane smelta saman til ein bundt om somrane. Ikkje berre familie, men arbeidsfolk, gjester, slekt og naboar for den del. Det kunne vere ein halv time ekstra etter middag, så alle kunne gå til sjøen og bade før ettermiddagsøkta tok til, eller det var farmor og mor som hadde laga vafler til mellommat og tok dei med der me hesja.

Som tenåring var det lett å vere både barn og vaksen i eit slikt miljø. Det var tid og plass både til leik og arbeid. Til å vere ilag med andre eller vere på eiga hand. Det var alltid arbeid å gjere, og me kunne alltid vere til nytte – på den måten fekk me vekse med ansvaret arbeidet innebar. Eg trur aldri eg var einsam om somrane – ville eg vere for meg sjølv kunne eg jo berre ta fjoset åleine, eller dra ut å fiske.

*Så mange «Jamen» har fylgd meg,
eit ryfylsk «vent litt, ta det med ro»*

*Velmeint – Å ja! Men drepende i lengda
Sakte kvelest initiativet med erfaringen
«Det gjekk ikkje sist heller»*

*«Skomakar bli ved din lest»
Men kven sa eg skulle bli skomakar?*

Sjølvsagt var laget med andre ungdommar viktig i denne tida, og då den 16. hausten min kom, drog eg til Bryne for å gå på gymnaset. Då ville eg ut og vekk! Finne nye vener og nye miljø! Det fann eg, og eg stortrivdest med det livet. Ikkje lenge etter bar det heim med westamaranen med jærbuar i fylgjet. Me hadde mange kjekke helger både heime og ute i denne tida, og ikkje minst fekk me utvida horisonten vår på ein god måte. Me utveksla meiningar og idear, prøvde ut det me hadde med oss av kunnskap og verdiar heimefrå, la til og trekte i frå, prøvde og feilte og nok ein gong tileigna me oss dyrebar kunnskap på ein effektiv måte.

Eg har allereie nemnt at eg skreiv ein del i denne tida. Det var då som no min måte å bearbeide opplevingar på. Det ser ut til at utferdstrongen og kritikken mot bygda mi tok heilt over til tider! – eg siterer:

Jo, eg kjenner meg att – eg kunne nok ha sagt og meint noko slikt 10-15 år tilbake! Men det var no ingen som verken tvinga eller lokka meg til å bli skomakar! Eg fekk i svært stor grad ta mine egne val. Kanskje var det nettopp «eit ryfylsk vent litt ta det med ro» som gjorde meg istand til å stå ved vala mine? Når eg ser tilbake kan eg heller ikkje sjå at initiativet mitt har tatt særleg skade av å vere unnfanga og oppfostra i Ryfylke – !

Eg vaks opp i ein kristen heim. Medan eg budde heime var eg med i det kristne skulelaget og i Ung

Lovsang – det var dei aller fleste. Eg gjekk i korpset slik som alle andre, men aldri på Ungdomshuset. Det fekk eg ikkje lov til for der kjørte dei moped og drakk øl. Me diskuterte så fillene fauk! Kvifor kunne ikkje eg og få gå? Reint bortsett frå at dei var redde for meg, handla det nok også om at foreldra mine ville hjelpe meg å ta gode val, og at ungdomshus-kulturen i deira auge kunne truge denne prosessen for meg. Det trudde sjøvsagt ikkje eg – for eg visste godt kva eg sto for!


Jo, eg hugsa eg som ungdom sakna alternativ til bedehus-kulturen og ungdomshus-kulturen. Det var liksom enten-eller og det likte eg aldri, eg hadde venner i begge lag og ville vere ilag med dei enten det var her eller der. Det var eit par langrennski som vart løysinga, og mange rundar i lysløypa! For meg var det eit glimrande alternativ på alle vis. Eg var ute, eg var aktiv, eg konkurrerte, eg tapte og vann og var ilag med andre på same tid. Ikkje minst hadde eg god tid til å tenkje mellom stavgangane.

Etter langrenns-tida vart fjellet meir og meir viktig for meg. Det var her eg fann dei beste vennene mine, og fra slutten på tenåra og gjennom heile studietida var det fjellet eg tydde til, både når det var tid for å vere aleine og tid for å vere ilag med venner. Slik unngjekk eg å velge enten bedehuset eller ungdomshuset – i fjellet var me ute, fri og ikkje innelukka i verken det eine eller andre monstret.

*Kvar gong eg kjem attende derifrå
veit eg litt meir om det eg vonar*

*Kvar gong eg dreg dit
er det med ei von som eg veit for lite om*

*Eg lærer vona mi å kjenne der
kvar gong*



NISTE!

Eg tenkjer på søndagsettermiddagane i gymnastida. Eg hadde vore heime i helga og sto no på farten til å dra igjen. Kva vil du ha med deg? Der var middagsmat i porsjonar nok til ein eller to, der var eit syltetøyglas og ost, og om hausten frukt og grønnsaker så mykje eg kunne bære! På fredagen hadde eg komme heim med tomme tupperware boksar og skitne kler – no var sekken full av reine kler og tupperwareboksar fulle av god mat.

Eg følte aldri eg mangla noko som helst, iallefall ikkje fordi eg hadde vakse opp i Ryfylke. Nista mi var sjeldan eksotisk, dyr eller spennande, den var heller ein balansert kvardagskost. Ei god, solid,

næringsrik niste! Det eg hadde fått med meg heimefrå såg ut til å rekke på alle vis – og då tenkjer eg ikkje berre på mat og kler, men like mykje på alt frå oppdragelse og manerer til verdisyn; Ære for Gud, respekt for andre og sunn sjølvkjensle.

Eit resultat av å vekse opp i Ryfylke har likevel vore meg særleg til nytte, og det er tett knytt til dei verdiane eg allereie har nemnt: Eg hadde lært å klare meg sjølv når det måtte til og samstundes komme overens med dei rundt meg. Dette ser eg som ei av dei klart gode sidene ved eit bygdesamfunn. Ein må på eine eller andre måten enten komme overens når ei konflikt oppstår, og/eller oppføre seg så ein unngår

konflikt så lenge det står i mi makt. Ei bygd vil gå meir eller mindre i stå dersom personlege konflikhtar skulle få rå. I ein by eller tettstad er det som regel rå å «kvitte seg med problemet» eventuelt finne ny omgangskrets dersom ein skulle ønske det. Dei som flyttar frå bygda ser gjerne fram til nettopp dette, men så opplever dei heller ikkje den djupe solidariteten eit bygdesamfunn er bygd på.

For eigen del har eg nok alltid visst at eg har bygda mi i ryggen, og ikkje *på* ryggen! Og det meiner eg er ei viktig kjensle å ha når ein skal klare seg sjølv, same kven ein er – ungdom, tilflyttar, utlending. Å klare seg sjølv treng ikkje vere det same som å vere aleine, men alle har godt av å erfare at dei kan klare seg sjølv.

Mang ei mor bekymra seg gjerne då dotter eller son drog til byen på hybel i ung alder. «Du vett me lese jo så møyje i avisene...» Eg trur dei var redde for at me var blåaugde og letturte fordi me hadde vakse opp i slik eit beskytta miljø.


Det var heilt klart relativt trygt å vekse opp inne i fjordane, men beskytta? Nei, eg er ikkje sikker på det. Er ein i eit beskytta miljø så gjer andre vala dine for deg, og det hender jo – men ikkje meir i Ryfylke enn andre stader. Forskjellen trur eg ligg i at me fekk prøve ut det me hadde lært heime tidlegare enn mange andre. Eg trur ikkje ryfylkeungdommen kom til byen og vart lurte første helga. Eg trur at viss me ville, visste me vel å passe oss når det var naudsynt og stå på vårt når det måtte til. Slike val tek ein i fjordane også.

Mykje av dette eg skriv om her erfarte eg då Anne, veninna mi frå Karmøy, og eg drog til Tanzania for å studere då vi var litt over 20 år gamle. Eg var langt ifrå bereist – men målretta, det var eg! Me kom ut for både det eine og det andre dei 5 månadene, og mykje kunne gått gale dersom me ikkkje visste når det var best å passe seg, og når det var naudsynt å stå på sitt.

Mang ein gong skreiv eg heim og priste mor og far for den gode nista dei hadde sendt med meg i livet. Næringa og energien i ryfylkekosten kom meg til nytte kvar dag, anten det var i omgang med venner og medstudentar eller vi var i kontakt med offentlege kontor og byråkrati.

Eg gløymer aldri ein gong eg var i banken i Aruha for å ta ut pengar, og det oppsto eit eller anna problem. Eg fekk treffe banksjefen og eg hugsar eg la vinn på å vise respekt for landet og banken hans på same tid som eg la fram problemet mitt; før samtalen var omme gav han meg eit brev som eg skulle ta med meg til eit anna kontor. I brevet sto det – «Please assist this lady in all she needs» med stempel og underskrift. På neste kontor viste eg brevet, la fram ærende mitt, fekk pengane, takka og smilte og var glad!

Det er slike gonger eg verkeleg kan kjenne djupt i hjarta at det eg har fått med meg av verdisyn og leve-regler heimefrå, er ekte saker som er til nytte kor som helst og når som helst!



«DEN SOM HAR BEGGE BEINA PÅ JORDA –
STÅR STILLE »

Det har alltid vore godt å komme heim – få stadfesta at det aller meste «går med det same» som far brukar å sei når eg ringjer for å høyre korleis det går. Etter som praten går kjem det fram både det eine og det andre som har hendt likevel...

I første omgang høyrer det gjerne kjedeleg ut at alt går med det same, men for meg gjer det godt å vite nettopp dette. *For meg* står heimbygda for stabilitet og få endringar – i livet ellers og i samfunnet rundt meg ser eg endringar heile vegen! Det er givande, spennande og utfordrande å vere ein del av det – ja, men på same tid er det godt å vite at *noko* iallefall står ved lag slik det har vore: Heimbygda mi.

No kan det svært godt vere at heimbygda mi har endra seg i mykje større grad enn eg er klar over – det veit dei som bur der mykje bedre enn meg. Sannsynlegvis er det som med telefonsamtalane med far – endringar og nyhende kjem for ein dag etterkvart.

Eg prøver å tenkje korleis eg har presentert Erfjord til td. venner og svigerfamilie – og kjem til at eg gjerne har gjeve dei prospektkort frå Riksvei 13; helgetrafikk og ferieminne, vakker natur, smale vegar og bonderomantikk! Heimbygda sett utanfrå er sjølv sagt mykje meir enn det! Samhaldet har eg allereie nemt, likeeins eit «ryfylsk vent litt, ta det med ro» .


Kva meir ser eg når westamaranen legg til i Bog-sund og eg går av? Varme smil og kommentarer «Kor kjem du i frå denne gongen?, kor lenge skal du vere

heime?» Eg treng ikkje komme heim eingong – bygdefolket spør foreldra mine korleis me har det og ber dei helse! Dette gjer at eg kjenner meg inkudert som alltid velkommen, og det gjer at eg mest berre ser dei gode sidene ved heimbygda mi.

Om eg skal seie noko om dei mindre gode sidene eg ser av heimbygda mi her eg sit på trygg avstand på eit anna kontinent, må det vere at bygdefolk har lett for å stemple kvarandre. «Å nei, me kan ikkje spør om han vil var' me i 17de mai-komiteen – han sa nei for fem år si, far'ans sa aldri ja te å vara me på någe heller...nei...» Kva om stakkaren hadde skifta meining dei siste 5 åra? Kva så om faren sa nei? Denne måten å snakke på er ei indirekte form for stemping som foregår meir eller mindre offentleg – og då er det ikkje alltid lett å vere han som aldri vert spurd å «bevis» at «eg er ikkje som far min i alt og eitt, eg har faktisk skifta meining!»

Det same med Soknerådet: bortimot 100% av dei som bur i Erfjord er døypte og difor medlemmer av Den Norske Kyrkja, med mindre dei har meldt seg ut. Alle desse (over 18 år) kan veljast inn i Soknerådet – men berre eit fåtal på dei åra eg har fylgd med, har vore i Soknerådet. Har alle dei andre sagt nei, har dei ikkje vorte spurde eller er dei vorte nedstemde? Kva trur du?

Eg trur at nokre har sagt nei til å vere på valg og at andre er blitt nedstemde, og eg er sikker på at resten aldri er blitt spurde om å vere med i Soknerådet. Ein av grunnane til dette meiner eg er denne indirekte forma for stemping av sambygdingar som eg får auga på av




PILGRIM

Det vert sagt at ein pilgrim ikkje kan vende attende til bygda si før han har kvitta seg med ein fordom og fått ein ny ide.




og til, når eg ser den vegen. «Nei, me spør ikkje dei ...» indirekte; «Dei er ikkje kompetente, ingen i den slekta har vore interesserte i slikt», osb. Slike konklusjonar gjer det vanskeleg for den enkelte å *vere seg sjølv*, uavhengig av etternamn, bakgrunn og kven ein er gift meg. Kanskje sambygdingane mine trur dei veit for godt kven naboen er – kva andre trur på og ikkje trur på, kva andre kan og ikkje kan?



FRISK LUFT!

Å snakke om ungdommen er gjerne ein annan måte å snakke om framtida på. Høyrer Ryfylke ungdommen til? Er det framtid og von for Ryfylke? det kan sjå mørkt ut når eg blar tilbake ca. 10 år i dikt-boka mi og finn dette vesle diktet!



*Aude ligg bygda der gjøymmer på sitt
No er ho fråflytta valet var fritt.*

*Ungdom i dag er ambisiøs
har ikkje tanke for småbruk og fjøs*

*Tid er penger og penger makt
her vert framtidsplanane lagt.*

Ja, det kan nok sjå slik ut for nokon kvar dersom ein ser i den retninga! Det er inga framtid her i bygda, ingen jobbar, alle flyttar. Kva kan vi gjere på? Og kva skal vi leve av? Men heldigvis er det meir enn ei retning å snu blikket i!

I dag veit eg at mange unge er svært interessert i nettopp kva bygda gøymmer på av kulturskattar, historie og levemåte – og det er ikkje for å stille det ut på museum, men for å ta lærdom og ta etter. Det finnst unge

iblandt oss som ser Det Gode Livet nett her i bygda, og gjer kva dei kan for å få endane til å møtast så dei kan flytte til bygdesamfunnet. Småbruk og fjøs er nett det som *er* ambisjonen!

Eg trur også at fleire og fleire blandt oss oppdagar at Tid er eit vel så dyrebart gode som Penger. Og at bygda ser ut til å ha meir tid, men også mindre penger.

Så høyrer Ryfylke ungdommen til likevel? Eg trur ungdomstida er ei god og naturleg tid i eit menneske sitt liv til å prøve ut verdiane og levesettet ein vaks opp med. Det er ei tid til å oppsøke nye tankar og impulsar. For foreldregenerasjonen kan nok dette kjennast skremmande – Kva om dei ikkje kjem tilbake? Kva om våre unge håpefulle vert lokka med «ut på livet»? Vel – så er det ein sjanse for det – ein sjanse me må ta dersom dei unge skal verta «vaksne» som me seier!

For min del var ikkje Ryfylke staden for denne prosessen. Eg ville lære meir om meg sjølv og verda rundt meg. Heime visste alle «kven eg var» og verda rundt meg var allereie utforska. No var det tid for å puste i

frisk luft, utfordre sjølvbilete eg hadde med heimefrå, og lære livet og levemåten andre stader i verda å kjenne! Eg så gjorde, og har og hatt stort utbytte av det!

Det er vanskeleg å seie om Ryfylke høyrer ungdommen til eller ei. Det spørst kva ungdommer me tenkjer på. Våre eigne? Eg trur at alle har godt av å komme ut og vekk frå det som er kjent i ein periode av livet, gjerne ungdomstida, så nei – eg trur ikkje Ryfylke er staden for dei ungdommane som vaks opp her.

Derimot er Ryfylke gjerne staden for andre ungdommar som ikkje vaks opp her. Ein stad for dei å prøve ut verdiane og levesettet ein vaks opp med. Ein stad for dei å oppsøke nye tankar og impulsar. Her har Ryfylke store ressursar å dele med ungdommen – og mykje frisk luft! Slik sett høyrer Ryfylke absolutt ungdommen til!

Ingebjørg Vik Laugaland (30), har vakse opp i Vik i Erfjord. Ho er utdanna teolog, og har arbeidd som vikarprest i Vesterålen. Nå er ho prest i halv stilling i Idaho, USA.

Frå Rennesøy til Kongsgård

AV RANDI BØ OG SIGRID BØ GRØNSTØL

Utdanningsekspløsjonen i det norske samfunnet dei siste femti åra er også Ryfylke si historie. Me har prøvt å skriva denne historia som to personlege tekstar. Korleis er det å vera ryfylkeungdom og gå på skule i Stavanger? I dag og for førti år sidan? Kva har forandra seg? Er noko likt?

På skule i byen – 1994


Dersom ein tar ein tilfeldig ungdom frå Rennesøy og samanliknar med ein frå Stavanger på same alder, finn ein då dei store skilnadane? Dette er ikkje eit spørsmål ein kan svara raskt på. Hadde ein gjort det same forsøket for bare 40-50 år tilbake, hadde ein fått eit heilt anna resultat. Ein hadde sett det på kleda og hårfrisuren, ein hadde merka det på oppførselen og høyrte det på dialekten. I dag er skilnadene mykje mindre. Befolkningen i Rennesøy er ein annan. Ein finn alt frå odelsguttar som aldri har brydd seg om anna enn å overta garden, til *ultrahippe, urbane fjortisar*.

Det var likevel eit stort steg å begynna på Kongsgård. Eg hadde gått på same skule med dei same klassekameratane i ni år. Eg var femten og eit halvt, usikker og naiv. Det var ei ny verd som opna seg, og for meg som hadde budd på Rennesøy heile livet og ikkje hadde så mange erfaringar verken på godt eller vondt, var dette stort og litt skremmande. Eg veit ikkje om



Ryfylking med duskelue 1997. Randi Bø, Stavanger katedralskule.

Stavanger Katedralskole 1997



landsungdom opplever det å byrje på vidaregåande skule på ein annan måte enn ein byungdom. Men eg kan skriva om korleis eg syntest det var å komma frå ei lita øy og til skulen i den store, skumle byen.

Det er bra at det ikkje er nokon vidaregåande skule på Rennesøy. På den måten blir ein tvinga til å oppdaga at det finst noko anna. Ni år på same skule var lenge nok. Det var på tide med nye klassekameratar,

nye omgivnadar og nye lærarar. Forandring skremmer, men frydar. Eg var livredd, hadde grua meg lenge, men ville ikkje gått eitt år til på Rennesøy. Byen hadde eg møtt før. Det var ikkje slik at skulestart var ein av dei første gongene eg var i Stavanger. Det var etter Rennfast. Eg kjende butikkane og bygningane. Det nye for meg var å møte menneska som budde der, *byassane*. Eg hadde truffe dei før. Det var dei frekkaste ungane

på indremisjonsleiren, og det var hyttefolka som snakka pent og brukte opp alt vatnet for oss om sommaren. Ein kan godt klaga på at byfolk har fordommar mot bygdefolk, men ein kan ikkje nekta for at dei finst andre vegen og. Nå møtte eg dei på ein ny måte, som klassekameratar. Og sjølv om eg aldri hadde leika med ungane i gata eller gått på fritidsklubb, sjølv om byungane aldri hadde vore med pappa i fjaset eller hjelpt naboen med å jaga sauer, så kom eg likevel fram til at me var faktisk ganske like. Me hadde vakse opp i den same tida, med den same verdiane og den same norske kulturen.

Det har ikkje hendt at eg ønskte at eg kom frå Stavanger. Eg har aldri hatt kompleks for at eg var rennesøybu. Når læraren spurde korleis det var med ditt og datt *på landet*, svarte eg som det var, men prøvde å få det til å høyrast ut som om skilnaden var liten. Sjølv om eg hadde litt problem med å svelgja uttrykket. «På landet» er det ein ser på Barne-TV: «Når bonden skal melke kuene trekker han i de fire dingsene som henger under magen på kuen.» Det er feil å snakka om Rennesøy som «landet». Då ser mange for seg ei øy med nokre gardar og eit par-tre hytter. Derfor er dei blitt litt overraska når eg har tatt dei med heim. Her er det jo både byggefelt og kulturhus. Og etter Rennfast ligg Rennesøy bare ein halvtime frå Stavanger Sentrum. Dermed får ein både i pose og sekk. Eg var i byen i skuletida og kunne vera der heile kvelden om eg ville, men når eg var lei i byen, kunne eg bare ta bussen heim.

Eg prøvde ikkje å skjula kor eg kom ifrå. Dermed var det ikkje til å unngå at ein fekk ein del kommentarer slengt etter seg i stilen «bonde i by'n». På skule i byen oppdaga eg at nå var ikkje *bonde* eit yrke lenger. Du trong ikkje komma frå ein gard for å vera bonde. Ein kunne like godt bu i byggefelt på Sola. «Bonde»

blei ofte brukt som synonym til «idiot». Det hende ikkje ofte at ein høyrte ordet brukt positivt. Men dette var ikkje slikt ein kunne ta seg nær av. Om det var noko vondsinna bak desse kommentarane, oppdaga ikkje eg det. Eg veit om folk som ikkje kunne fordra dette, og andre som knota i veg for å skjula det som viste kor ein kom frå, nemleg dialekten. For meg fall ikkje det naturleg. Eg heldt fram med å seia «skule» og «heima», men inngjekk nokre kompromiss. «Yskja» måtte kuttast ut, for ingen forsto at det var «eska» eg meinte. Og etter å ha høyrte «Høe, i år?» eit par hundre gonger gjekk eg den lange vegen frå «i jår» til «i går»... Eg valde å halda fram med nynorsk som hovudmål. Dette var også ein måte å skilla seg ut på blant byungane. Klassen min på Kongsgård høyrde til unnataka med fem elevar med nynorsk som hovudmål. Skulle ein ha nynorske skulebøker, måtte ein bestilla, det aller meste av undervisninga var på bokmål, og klassekameratane våre hata nynorsk grammatikk. Men dette var aldri noko stort problem. Norskklæraren vår oppfordra bokmålelevane til å bruka oss som ei ressurs når sidemålsstilen sto for tur. Slik blei dette «avviket» til noko positivt.

Same kor mykje eg prøver å finna det som er likt, så er det framleis skilnad mellom by og land. Dette viser godt i ungdomsmiljøa på Rennesøy. Først har ein *rånemiljøet*. Her skal ein vera rølpete, elendig på skulen, ei plaga for læraren, god til å mekka, ha stort alkoholforbruk og eit friskt grovt språk. Så har ein *det kristne miljøet*. Her finn ein dei flinke, beskjedne, plikttoppfyllande skulelysa, som går ut av ungdomsskulen med bare M-ar og helst eit par S-ar. Dei fleste eg kjenner passar ikkje inn i nokon av desse gjengane. Men på ein eller annan merkeleg måte fann dei fleste seg ein plass i eit av desse miljøa. Iallefall for ei stund. Og då var ein sett i bås. Slik var det og slik skulle det

vera. På Kongsgård blei me og sette i båsar, men her var det på ein måte litt fleire båsar og dei var ikkje så tronge.

Då det nærma seg slutten av niande på Rennesøy, var framtida det store samtaleemnet. Også her viste det veldig godt kva gjeng ein heldt til i. Dei snille og flinke søkte på allmenn for å ha moglegheitane opne for vidare utdanning. Dei andre gjekk på *mask og mekk* eller helse og sosial. Dermed var dei ferdig utdanna etter tre år og kunne arbeida og tjena penger til hus i hagen til foreldra, og til øl til eit par festar i veka. Dette med utdanning er eit ømt punkt for mange. Ein foraktar liksom dei på den andre sida. Det er: «Kva skal dei snobbane med all den utdanninga og studielånet?» mot: «At dei orkar å gro fast på Rennesøy!»

Det skin nok i gjennom kva side eg høyrer til. Eg går no på universitet i Bergen, og er ikkje mindre rennesøybu for det. Men det er nok dei som blir buande heima for å overta garden som blir sett på som typiske rennesøybuar av folk utanfor. Eg likar bylivet. Men når eg har fått studert i frå meg og sett nok av verda, kan det godt henda eg vender tilbake til Rennesøy. Til dyra på marka, vegane utan trafikklys, hevdalukta på godversdagane og dei klare stjernene på himmelen.



Ryfylking med duskelue 1964. Aud Sigrid Bø, Stavanger katedralskule.

Til byen på skule – 1960

Det var ikkje bare kjekt å vera femten og sovna under skråveggen på ein bulkete divan på Storhaug utan å ha pugga engelskglosene til neste dag, med kokeplate på gangen og do i første, ikkje ha pengar til tannkrem og att på til vera privilegert som bondestudent. Dusj hadde dei ikkje heime ein gong. Det svei nok i foreldra også. Mykje omsorg blei pakka ned i bagane då søndagsferja gjekk, syltetøy, kaker, reine klede og restar av søndagsmiddagen. Men verken moderleg omsorg eller ungdommeleg livsmot kunne ordna opp i dei kulturelt-geografiske generasjonsflokane våre. Ryfylkeungdom som ville på realskulen etter folkeskulen og framhaldsskulen, måtte til Stavanger eller Bryne på hybel. Og me skal vera ørlege. Me vantrevst oss fram til artium

og russehua og svartdusken utan å ha blitt urbane og ovanpå.

Ryfylkeungdommen i byen skjemst ikkje lenger. For førti-femti år sidan hadde alle landsfolk bykompleks. Rennfast var ein utenkt utopi, båtane trong eit par timar til byen, og telefonen måtte sveivast i gang. Når dei vaksne ein sjelden gong hadde byen i den andre enden av tråden, for eksempel når dei skulle melda slakt til fellessalget eller bestilla permanent hos frisøren, la dei om både røysta og målet, snakka høgt og høgtidleg og forsøksvis pent. Me likte ikkje knotet då heller, dei som kom heim og slo om seg med bygloser, såg me på som jålete og dumme. Men alle, medrekna oss sjølv, visste om noko som var endå dummare: Det var å snakka landsmål i byar. Valet sto mellom å knota og å teia still. Det blei mykje det siste. Landsungdom på skule i byen var eit stillferdig folkeslag. Me gjorde lite av oss, både på hyblane, på gata og i klasserommet.

Det kan henda det synte på oss at me kom frå landet. Ikkje for di me var så bondske, på femtitalet hadde også ryfylkejenter volangskjørt med stiva underkjole, hårbøyle, ballerinaske og tilløp til hestehale. Men ungdom på skule i byen med hybel og husleige var eit stort økonomisk løft. Så me sydde kleda våre sjølv, kjolar i bouclé, skjørt i terylene og duffelcoatar med innvikla knappingar. Me kjøpte tøy på salg og klippte etter mønsterpakkar, motejournalar eller det papirmønsteret me hadde rissa etter eigne mål i handarbeidstimane på framhaldsskulen. Det gjekk ofte bra. Men det urbane jente-imaget i skolegården på Kongsgård tok motet frå oss likevel. Dei hadde nappaskinnjakkar, cardigans, plissèskjørt og nette bredalsko, glansa opp med ein sus av skipsrederi og embetsstand. Me kjende oss grå og fattige og nokså underlegne i byen. Det var nok ikkje vondt meint den gongen heller, men alle du kom i kon-

takt med, skulekameratar, lærarar, hybelvertar og butikkdamer, hadde ei krå i blikket som fortalde at det var ei landsjente dei såg for seg.

No er nynorskelevar frå Ryfylke ein positiv ressurs og eit aktivum i klasseromma på Kongsgård når byasane skal skriva sidemålsstil. På femti- og sekstitalet, før dialektrørsla, var nedvurdering av målet eit beiskt alvor og ei personleg skam som ingen slapp unna. Me hadde ikkje namn på det som gjekk føre seg, det var ei diffus plage ikkje til å få tak på, for «språkleg undertrykking» er eit syttitalsuttrykk. Læraren kunne retta på deg, sidemannen flira av deg eller dialekten din var gid så morsom. Men i dei daglege audmjukingane låg det også revolusjonær kraft. På syttitalet samla me skamma og raseriet opp i euforiske slagord og var så mange og sterke at dei byungane som «ikkje hadde dialekt» sat på festane våre og gret. Tal dialekt og skriv nynorsk, sa me medan ein heil generasjon retta ryggen. For det var kunnskap som skulle styra rike og land, det hadde me lært på folkeskulen, og no kom vår tur. Dialekten vår var ingen talefeil og landsmålet ikkje ein slarven variant på bymålet. Målet vårt var ekte norsk, eldre enn reformasjonen og med røter i ei norrøn fortid. Bymålet var dansk.

På sekstitalet, tretti år før Rennfast, var det ingen ultrahippe urbane fjortisar på Rennesøy. Me haddde sveivegrammofon med «Hvite måke» og Ønskekoser-ten kvar måndag der Nora Brockstedt sang «En liten pike i lave sko». Men ingen urbane multimediale popgrupper å imitera eller å identifisera oss med. Ingen dreiv med mask og mekk; for det var ikkje bilar å mekka på. Til langt ut på femtitalet hadde me bare busen, melkebilen og drosjen. Dei gutane som ikkje hadde odel eller var *skuleflinke* og skulle gå *bokvegen*, drog til sjøs. Framtidsprosjektet var kjønna. Som jente var du utrusta med ei biologisk føring som plasserte

eller tårer nytta mot dårleg fiske, låge kjøtprisar eller mange ungar i huset. Den trassige pionèr-rolla låg ikkje heller for alle. Gjekk du på gymnas, var du kanskje *karrierekvinne*, og det var ikkje plent eit plussord. Blei du «for flink», kunne det henda at gutane ikkje ville ha deg.

Kommunikasjonsamfunnet har gjort oss fysisk og mentalt mobile, me har vunne mykje og tapt lite. For sjølvkjensla er blitt tryggare og fordommane færre. Byen er mindre by og landet er mindre land og språket vårt glir inn i den massemediale felleskulturen heilt av seg sjølv. Segmentasjonane i «adle» og «fjedle» har flata seg ut til «alle» og «fjellet», og det fresar litt min-

dre i lydane når ryfylkingar seier «ikkje». Men det er verken underdanig knefall eller kulturelt forfall at målet er i bruk, at det forandrar seg og lever. Framleis er det skilnad på by og land, og framleis er det nytt og rart å reisa til byen på skule. Men ulikskapar er spennande om ingen blir diskriminert.

Randi Bø er fødd i 1978 og oppvaksen på Rennesøy. Ho var russ på Kongsgård i 1997 og studerer no realfag ved Universitetet i Bergen.

Sigrid Bø Grønstøl er fødd i 1944 og oppvaksen på Rennesøy. Ho var russ på Kongsgård i 1964 og er no førsteamanuensis i nordisk litteratur ved Høgskolen i Stavanger.

Om å vera ung i Hjelmeland og litt til

AV TORBORG KLEPPA

Etter fem år med naturforvaltningsstudier i Bø i Telemark og Ås i Akershus var eg klar for arbeids-marknaden. Med høgtidelig vitnemål frå "Norges høgaste landbruksskule" og graden Candidata *Agriculturae* drøymde eg om ein interessant og utfordrande jobb. Helst ville eg litt lenger nord i landet, - så kunne eg får oppleva den nordlegaste landsdelen også. Det viste seg at jobbane ikkje akkurat venta på meg. Det hjelper lite med alle slag fine titlar viss der ikkje finns nokon som etter-spør kunnskapen ein har. Etter mange jobbsøknadar og fleire månadar som avløyser heima hjå far fekk eg jobb. Eg blei tilsett som vikar for jordbrukssjefen i Hjelmeland kommune. Eg hadde rett og slett ikkje tenkt meg heim igjen, men det var her eg fekk arbeid.

Det er ikkje til å stikka under ein stol at eg var litt skeptisk til å flytta heim igjen til Hjelmeland. Eg har alltid tenkt at eg ville flytta heim igjen dersom eg fekk familie og ungar. Hjelmeland må vera ein god stad og veksa opp. Eg såg i mindre grad for meg at det var staden å vera for den som er ung og einsleg.

Når eg vende attende til Hjelmeland måtte eg på mange vis starta på ny, på samme måte som eg måtte gjort om eg kom til ein heilt annan stad. Det var få igjen av jamnaldringane mine frå skuletida, dei få som var, var i ein heilt annan livssituasjon enn meg, eller hadde heilt andre interesser. Og det var ein stor overgang frå eit svært så aktiv og sosialt studentliv, der dei fleste eg omgjekk var i same aldersgruppe og hadde mykje dei same interessene som meg. Og kor det var lag og organisasjonar av alle slag, og eit breitt og variert kulturtilbod elles.

Å vera ung i Hjelmeland treng ikkje å bety at ein ikkje har noko å gjera på, snarare tvert i mot. For

meg var det nesten slik at før eg visste ord av det, var eg engasjert på alle kanter. Dersom ein ikkje har ungar er det ikkje måte på kor mykje folk trur du kan få tid til. Dei som måtte gå rundt og tru at det ikkje skjer noko på Hjelmeland, dei tek alvorleg feil. Det er eit aktivt idrettsmiljø, her er kor og korps, og mange ulike organisasjonar. Dersom ein berre vil er det nok å ta seg til. Det som likevel er heilt sikkert er at du får ein stor del må vera med å driva det sjølv. Det er ikkje så tett av tilboda der ein berre kan setja seg ned å få servert akkurat. Det ein kanskje mest av alt legg merkje til når ein er ung vaksen utan familie er at ein ikkje treff så mange ein har særleg mykje til felles med. Det er ikkje spesielt store sjansar for å skaffe seg likesinna venner og turkameratar, eller for den del å finna den store kjærleiken på skitrening med I. L Hjelm, viss nokon skulle tru det.

Eg er mest av alt glad i å vera ute i naturen. Eg likar å gå på jakt og fisketur. Slik sett er Hjelmeland

reine paradiset. Men det er alltid kjekkast å ha lag når ein er på tur. På ein stad som Hjelmeland kan det vera vanskeleg å finna andre i same aldersgruppa som har tid og høve til å vera med på tur. Kanskje er ikkje problemet at dei ikkje finnes, men at me ikkje finn kvarandre?

For meg har Hjelmeland flest positive sider. Når eg flytta heim og starta som jorbrukssjef i eigen kommuen var eg likevel litt redd for nokre av dei negative sidene. Eg var redd for å bli møtt med: «Du skal ikkje tru at du er noko!», eller «Du må berre ikkje tru at du kan komma her og tru at du er noko fordi om du har skult deg litt!». Heldigvis har alle mine bange anelser blitt gjort til skamme. Janteloven lever nok framleis, men for å siea det på juristspråket, så har "folkets rettsoppfatning" blitt litt endra, og det ser ut til å vera rom for større avvik enn tidligare.

I Hjelmeland er folk flinke til å bry seg, både om deg og med meg. Det kan av og til bli litt for mykje av det gode, men dersom ein er trygg nok på at ein har rett til

å gjera med sitt liv som ein vil, uansett kva andre måtte meine, blir den sida av småsamfunnet til å leva med. Det er kanskje betre enn den totale likesæla som ein kan oppleve på større stader.

Mange trur nok at eg er komme tilbake til heimbygda for å bli for godt. Det kan eg nok ikkje lova. For meg, og heilt sikkert for dei aller fleste i same situasjon som meg, utan anna heft som t.d. mann og unger, vil kva jobb eg kan få vera avgjerande for kor eg bur. Dersom eg skulle få ein meir attraktiv jobb ein annan stad, vil der ikkje vera mykje som bind meg til Hjelmeland. Viss der i tillegg på den andre staden er eit breiare kulturtilbod og betre kommunikasjonar med omverda, samstundes som der er gode muligheter for friluftsliv, vil ikke vegen vera lang. Utfordringa for Hjelmeland og andre Ryfylkekommunar dersom dei ynskjer å halda på unge folk som meg, er å gjera det endå gildare å bu her, og å tilby så attraktive jobbar at andre stader ikkje når opp i konkurransen. Eventuelt kan ein kjekk, attraktiv ungkar i passande alder gjera same nytta.

Ein familie på ni og eit pilkesnøre

AV BERNT HØIE

I denne artikkelen skal me følgja familien til Kirstine og Hans Høie, som hausten 1948 flytte frå Nessa i Ryfylke til Kvitsøy. Kirstine var frå Nessa, og der hadde familien budd under krigen. Flyttelasset blei frakta med skøyte, og om bord var ein barneflokk på seks. Bernt, som har skrivt denne artikkelen, blei fødd etter at dei kom til Kvitsøy. Han fortel her om ein oppvekst på »vippepunktet», ytterst på kaikanten, i eit miljø rikt på impulsar og sterkt prega av havet og fisket sine syklusar.

Huset var bygd delvis på fast fjell og delvis på ei fylling ut i sjøen, og bryggjekanten gjekk berre tre meter frå husveggen. Pappa Hans, hadde tatt harde tak der ute før familien kom flyttande. Stor eigeninnsats og dugnad frå bygdafolk, eit ukueleg mot og det første husbanklånet på øya, sette han istand til å klara løftet. Nå skulle han forsørge den store familien sin med pilkesnøret.

Tida var prega av mangel på det meste. For mamma Kirstine skulle kvardagen på Kvitsøy bli krevande på så mange vis. Maten på bordet og kleda på kroppen var ein ting.



Huset til Hans og Kristine Høie til høgre. Ved bryggja ligg fiskebåten.

Den nye buplassen tett ved sjøen og sju aktive, små born, ei jente og seks gutar under ni år, gav dagleg utfordringar både for sinn og skinn. Når pappa drog på sildefisket, var ho åleine med ansvaret.

Tryggast var ho når me heldt oss i robåten. Datt ein på sjøen, så var det alltid nokon til å dra han opp igjen. Og den hjelpa skulle det bli god bruk for. Det som berga dei fleste var at store barneflokkar heldt lag og såg etter kvarandre .

Me visste kva som var rett og gale, og me fekk ein fridom og eit ansvar som mange andre ikkje hadde. Me slapp å høyra på alle formaningane om kva som kunne gå gale.

Ut i holme

Det gildaste me visste var når familien skulle ut i holme på fine søndagar om sommaren. Me hadde tidleg middag, og kaffimaten var pakka i nistekorga.

Holmatur var å gå på spennande oppdagingar i fjæra, finna måkeungar og fine blomar og leika på nye, ukjende plassar. Og framfor alt: Få vera saman med pappa på søndagen. Me såg han sjeldan elles i veka.

I fint ver ga mamma oss lov til å ro ut i holme på eiga hand. Då hadde ho på førehand surra minstemann godt til framme i rongar (baugen av båten). Nå kunne ho få ei velsigna kvilestund, medan ungflokken var ute i båt. Vel framme i holmen blei båten dregen opp i fjæra, surra godt til ein stein og så var kaninjakta i gang. Nå skulle



Hellesøybrua. Bak i midten ligg huset til Hans og Kristine Høie. Ved sida ligg «Larsegutt», skøyta til Lars Holgersen.

dei største gutane skaffa seg kaniner til å ha i bur. Minstemann måtte finna seg i å sitja fast-surra i rongar og venta.

Det var ikkje berre freden ho tenkte på, då ho sleppte ungflokken avgarde. Ho ville at me skulle få utforska «verda» på eiga hand, utan at dei vaksne til ei kvar tid hadde kontrollen.

Kamp om liv og død

Ein fin sommarsøndag i 1952 skulle familien ut på ein slik holmatur. Det som skulle vore ein familieidyll, blei brått ein dramatisk søndag med kamp om liv og død.

Som minstemann, blei eg sakna ved middagsbordet då dei andre sette seg tilrette. Eldstebror gjekk til stoveglaset og fekk sjå noko som står fast i minnet hans: Tre meter frå bryggjekanten flaut eg med armane rett ned i sjøen.

Pappa var ikkje sein om å få meg opp, og han sette igong livberging etter beste evne. Han kunne «Holger Nilsen-metoden», og arbeidde jamt og trutt. Mamma varma opp teppe og la rundt meg. Somme tider pusta eg, for så å falla bort igjen. Dei arbeidde ein time før eg livna til.

Mange vaksne hadde samla seg på brygga og i kjellaren for å fylgja dramaet på nært hald. Ingen tenkte på smågutane som sat inne åleine med kjøttkakegryta og potetfatet.

Då dramaet endeleg var over, og svolten melde seg, fann dei småkarane igong med å kasta kjøkkaker, saus og poteter i ei einaste røre over bord og benk og jamvel oppetter vegene. Kunne dei vita korfor dei blei sitjande aleine med maten?

Dette var ei av dei mest dramatiske hendingane, men alle seks gutane var i livsfare både før og etter denne hendinga. Ein fekk ta lærdommen med seg. For ei mor og ein far var dette over deira evne å bera åleine. Dei måtte leggja alt over i Gud si allmaktshand om alle skulle få leva opp.

Skumkvite bølger lokka

Mamma lika seg lite når sjøen gjekk kvit over holmar og skjer nordafor øya.

Ho visste at dette trekte på smågutane sin utforskartrøng. Då fekk me klare formaningar om korleis me skulle oppføra oss.



Hans Høie i fiskebåten. Dorgestenger ligg i stativet. Bilde er teke av Bernt i 1966 medan dei dreiv med trollgarn-fiske etter levande torsk og minnkfor.

Det var eit flott syn når Hedlesø-flua laga store, kvite vassberg av djupe dønningar som kom rullande frå vest. Me ungane visste om spennande stader der sjøane saug ut vatnet, for så i neste stund å velta innover i smale kløfter og keilar til ein einaste kaskade av grønkvitt vatn over steinar og berg. Ein måtte halda avstand, for ingen visste kor langt innover sjøane rakk.

Slike gonger kunne smågutane likevel våga å «egla sunå»; Me sprang ned i fjæra når sjøen fall ut. Så måtte ein vera rask på foten når sjøen kom inn igjen. Og så song me : «Sunå ville gifta seg, men ingen ville ha na. Men an Børe ville ta na, æ na bæ na». Somme gonger «brydde sunå seg ikkje», andre gonger vart ho skikkeleg «sint» og vaska kvitfrådande oppetter støvlaskaftet til den som hadde lengste veg opp frå tørre botnen.

Me var ikkje høge i hatten når me skulle forklara kor-

for me var våte til skinn. Hadde mamma visst kva me egentleg dreiv på med, hadde ho ikkje tort å sleppa oss ut av huset, det er eg viss på!

Alvoret i denne leiken gjekk verkeleg opp for oss då læraren vår, Ragnar Rabe blei teken av ein sjø og drukna på vestsida av Kvitsøy i 1958.

Ei mor i angst og spenning

Mamma hadde travle økter i heimen. Ho sydde mykje for folk på Kvitsøy. Særleg når jula nærma seg kom dette vel med og var eit godt tilskot til økonomien. Få anar i dag kva arbeid ho hadde med klesvask til 10 personar i ein vinterkald kjellar. Den tiande var onkel Børe, som fekk flytta til oss etter huset hans brann ned. Samstundes måtte ho ikkje bruka for mykje vatn frå vasskummen. Takvatnet dei samla skulle rekke til heile hushaldninga. Somme gonger gjekk ho lens for rekved, som dei samla langs Kvitsøystrendene. Då gjekk nok tankane hennar til fannaveden heime på Nessa.

Alle dei praktiske problema takla ho godt, men det tyngste taket var alt det ho ikkje rådde med: Angst og spenning for smågutane og i tillegg visste ho at pappa var ute på sjøen i vind og stille, på speglblankt hav eller i tung sjø mellom flu og kvitfrådande skjer. Han kunne koma opp i vanskelege situasjonar på sjøen.

Ofte var marginane små. Ikkje alle fedre eller søner kom heim etter ein tur på sjøen ved Kvitsøy. I to tilfelle



Dei seks sønene til Hans og Kristine Høie. Fire av dei i dressar sydd av Kirstine. Frå v. Bernt, Jan (psykolog), Harald (høgskulelærer), Asbjørn (ingeniørlærer), Nils (industriarbeidar) og Hans Ingolf (rektor). Nancy Sofie, som er eldstesøstera (lærer) er ikkje med.

omkom far og son medan dei skulle berga hummartei-ner som stod utsette til.

Kan hende ho og måtte bera ei slik bør? Med stor barneflokk visste ho det ville bli økonomisk ruin om dette skulle skje med «opphavet», som ho kalla pappa.

Ein gong fekk han motorstopp og rak rett mot ei flu som «brakk» fleire gonger då han var i området. Ei bukt av fiskesnøret hadde vikla seg inn på propellaks-lingen medan motoren gjekk på sakte fart. Før han rakk å reagera, stoppa motoren, og det var uråd å få han i gang igjen. Kniven hadde smågutane lånt. Han var ikkje å finna ombord. Det einaste han kunne hjelpa seg med var ei rusta fil. Med båten i drift mot den sikre undergangen, sat han iskald på huk og filte for å fjerna snøret som nå var blitt til ei dødsfelle. Båten rek over

Skorpeflua. Ho var i ro den stunda. Ikkje før var han velberga over, og motoren såvidt igong, så kom det eit sjøbrott større enn nokon av dei han hadde sett tidlegare. -Gud let meg få leva, var pappa si stille forklaring, då han fortalde denne historia ein gong me satte ut trollgarn på same staden.

Det var lite ektefeller tala saman om slike farlege hendingar.

Dei folda hendene i bøn til Skaparen om godt og tenleg ver, og om vern og velsigning over framtida til borna. Det fanst alltid trugsmål i det daglege slitet for familien sin eksistens, men også glede over gode fiskefangstar.

Strevet for det daglege brødet.

Før pappa hadde lagt båten til bryggja, kunne mamma sjå på kropps-språket om han hadde hatt ein god dag på sjøen.

Me måtte vera stille når pappa skulle eta eit velfortent, varmt måltid seine ettermiddagen eller tidleg på kvelden. Han visste vel kva tid me åt middag. Men klokke hadde han ikkje, han brukte solhøgda. Han kunne ikkje slutte av fisket når han var på «betet», og han strekte dagen så langt som råd. Og var det dårleg fangst, kunne han jo vera heldig og treffa på fisk som tok kroken på slutten av dagen. Ingen kunne vita noko om det før dagen var omme...

Han pressa kroppen sin hardt, tidleg opp og seint til kvile. Gamle folk åtvvara han. Men pappa visste kva



Frå konfirmasjonen til Nancy Sofie i 1954. Her er familien samla med unntak av Nils. Bernt står til høgre for konfirmannten

pengenaudd var og slit for det daglege brødet. Han hadde hjelpt far sin på hummarfiske frå han var ganske liten. Han visste at folk følgde med på vågestykket hans. -Tenk å byggja nytt hus og brødfø ein heil familie attåt. Berre med eit pilkesnøre! Nei, det kunne ikkje gå godt.

Slik visste han dei prata.

Pappa var uthaldande og flink. Han fekk etterkvart stor respekt for kunnskapane sine, og evna han hadde til å koma heim med gode fangstar.

Fryden og gleda vår over godt fiske hadde også sitt motstykke. Me kunne ikkje fortelja i aust og vest om godt fiske.

Med pilkesnøre mellom holmar og flu, var det ikkje like lett å finna torsken «på betet». Den som var på plass i rette stunda, med straumretning, lysforhold og månefasar som høvde, kunne treffa på fisk som tok snøret. Den som hadde sine løyndomar etter mange års slit, kunne


ikkje la små barnemunnar fortelja slike slike ting på bygda. Det visste me vel.

Like enkelt var det ikkje for små barnehjarte, som tidleg måtte læra kva naudløggn var!

Når vaksne folk spurde, skulle me svara at me ingenting visste! Dei fleste let oss sleppa med det, men andre prøvde å få løyndomane utav oss. Men småkarane heldt som regel tett!

Pappa greidde det som få trudde: Han var gjeldfri før me var vaksne og hadde reist heim frå. Men då var han og helselaus.

Dei gamle fekk rett. Han tok ut for mykje or kroppen sin.



Kristine Høie på holmatur i 1968

Fiskaren sin syklus

Medan syklusane til vanleg er delt inn etter årstidene, var syklusane på Kvitsøy delt inn etter kva fiske som var aktuelt.

Vinter- og vårsildfisket hadde ein dominerande plass. Brislingfisket varde frå St.Hans og utover sommaren. På seinsommar og haust var det makrellfisket som gjekk føre seg, med ein villskap og ein iver som likna sildefisket på mange vis. Utover hausten var det fiske frå småbåt etter ulike fiskeslag, som var det viktigaste.

Omskifta mellom fiskeria var like viss som solhøgda på himmelen.

I overgangane kunne ein merka stor aktivitet på sjøhusa. Då var det gildt å gå frå sjøhus til sjøhus og prata med dei vaksne.

Hummaren ga inntekter

1. desember var ein dato alle på Kvitsøy såg fram til. I kvart eit sjøhus hang eimen av tjøre, maling, parafin og smelta bly. Og alt blanda seg med ei sur lukt av fisk. Det var mykje som skulle på plass for å få full klaff dei første dagane i hummarfisket.

Ein ting var gode pengar, noko anna var det å syna kven som kunne få flest humrar dei første dagane.

Det vart som ei tevling, med sjøhusdørene som tribune, sund og skjær fungerte som arena for den store tevlinga.

Alle som kunne krypa og gå gjorde seg klar til hummarfisket. Vaksne fekk lov til å ha femti teiner. Hundre teiner om dei var to i ein båt. Ungane sine teiner vart ikkje rekna med i dette talet.



Sønene til Hans på makrellfiske. Bernt sløyer fisk. Ingolf i styrehuset.

Eit år då Jan og eg var i 6-7 års alderen, fekk me masa oss til ei teine av pappa. Ho var både skakk og vinglete. Me måtte venta til Asbjørn og Nils, 10 – 12 åringane, hadde drege sine teiner etter skuletid. I skumringa var endeleg robåten ledig og me fekk dra ut med teina vår.

Det var mykje å sjå i vannkikkerten, sjølv om skumringa gjorde det gradvis vanskelegare. Me slåst helst om kven som skulle ro og kven som skulle kikka. Etter nøye leiting langs strandkanten, fann me ei klynge med steinar utover botnen. Her sette me teina vår. Ein annan bror, Harald, var saman med kameraten sin, Ola. Dei hadde to teiner. Motet var stort hjå alle. Dei to karane hadde dobbelt mot, for dei hadde to teiner i sjøen.

Neste dag blei svært lang, før me endeleg kunne ro dei hundre metrane ut til teina vår.

Harald og Ola var tydeleg skuffa. Dei hadde ikkje fått hummar. Dei sat i robåten sin då me drog opp teina vår. Jubelen var stor. Tenk ein stor hummar sat i den eine enden av teina! Kor krye me var ! Me fekk straks teina vår på plass igjen ved hummarsteinane. Det var her hummaren budde!

Ola og Harald såg litt lure ut då me rodde heimover. Men me let oss ikkje lura. Me måtte attende for å kontrollera om alt var som det skulle. I halvmørket såg me to teinedobbar! Jan tok fatt i teinedobben til inntrengjarane, og eg rodde av all makt. Dei blei slepte vekk frå hummarsteinane våre!

Hummaren sat i teina neste dag og. Fiskelukka vår kunne knapt fattast.

Fangsten skulle seljast

Me kunne ikkje rekna oss som rike før fangsten var seld. Mamma hjelpte oss med å pakka. Hummaroppkjøparane heldt til på andre sida av øya, i Ydstebøhavn.

Gjekk me tidleg nok, kunne me nå rutebåten heim frå Ydtebøhavn til Leiasundet igjen. Dei einaste stoppestadene ein kunne reisa gratis mellom i heile Ryfylke! Pappa hadde forklart oss vegen. Me skulle gå til «Hykkerten» Eit utnamn alle brukte når dei snakka om han Lauritz Ydstebø, men eit namn dei passa seg vel for å bruka når dei snakka til han! Omhyggeleg hadde pappa instruert oss om at me skulle spørja etter Lauritz Ydstebø.

Etter ein tre kilometers tur, to 6 -7 åringar utstyrte med ei bærkorg der humrane sat i kvar si kro med tang og tare på toppen, var det ikkje like enkelt å halda tanken klar.

I Ydstebøhavn var det mange fleire sjøhus enn heime i Leiasundet. Tenk om me gjekk feil!

Me banka varsamt på ei grøn sjøhusdør. Ut kom ein kvithåra, blid mann. Jan spør om det er Lauritz Ydstebø. Den kvithåra mannen nikkar blid og ber oss koma inn.

Eg er ennå ikkje heilt viss, og spør forsiktig på veg inn sjøhusdøra: -Er me komne til «Hykkerten»? Det blei vel mykje for hummar-oppkjøparen. På Kvitsøy-vis gapa han ut at me kunne ha oss ut av sjøhuset. Og me tok til palings ut døra.

Me hørde han ropa noko etter oss, men me var blitt redde!

På rutebåten blei det lagt merke til at to smågutar frå Leiasundet hadde hummar med seg i ei bærkorg på heimveg!

Ein rund og godlynt matros spurde forsiktig kva me



Hans Høie på veg mot Hellesøyhaugen i 1975

hadde i korga. Og lo seg skakk då me fortalde om den traumatiske opplevinga hjå «Hykkerten» .

Pappa tok med humrane våre då han selde fangsten sin. Ein ulykkeleg Lauritz Ydstebø fortalde om snarsinnet sitt. Han måtte få gjera opp med gutane. Me fekk dobbel pris!

Hummarslit og hummarglede

Alle hadde sine hummar-forteljingar. Dei vaksne snakka om den tida det var så mykje hummar at dei lasta ned robåtane.

Somme fiskarar var utruleg flinke, andre måtte nøya seg med å stå i skuggen.

Dei hermar etter Lars Guttormsen då han ein gong opplevde å få fem humrar i ei av teinene sine. Han sa til seg sjølv : – Er dette han Kristian Olsen eller han Lars Guttormsen som dreg denne teina?

Dei fleste hadde sine hemmelege hummarsteinar i sund, ved holmar og skjer. Det var om å gjera og varta opp hummaren med god teinemat. Somme gonger klaffa det godt, andre gonger kunne det bli smått med fangsten.

Det kunne henda at det gjekk heilt på tverke med null fangst. Slike dagar vart dei «Jan». Eit omgrep for null fangst som framleis er i bruk på Kvitsøy.

Det må koma av ein Jan, som alltid hadde dårleg fiskelukke.

Kunnskapane om teinemat i ulike variantar var stor hjå dei fleste. Likevel var det somme som meinte å ha ulike knep på lur. Mange spionerte på dei som hadde gode fangstar. Andre eksperimenterte så godt dei kunne, både med og utan hell. Somme reiste til byen for å skaffa seg polvarer. Dei hadde sterke meiningar om hummaren sin fortreflelege smaksevne. Eg trur nå helst kvinnfolka let mennene ha den vitskapen for seg sjølv. Dei visste vel at hummaren ikkje fekk alt.

Hummarhytter og karbidlykter

Ennå står rester av hummar-hytter som blei bygde i mellom-krigsåra i dei austre holmane. Dei står som minnesmerke over det umenneskelege slitet fedrene våre hadde då hummarfisket var på det største.

Pappa fortalde korleis dei brukte karbidlykter nattetid for å fanga hummar som var for stor, eller som ikkje hadde fått tid til å gå inn i teina. Ofte sat det fleire utanpå enn inni teinene når dei drog om natta. Teinene vart dregne tre gonger i døgeret. Og karane budde i hyttene heile veka. Her tørka dei klede, åt og prøvde å finna kvile mellom øktene.

På holmaturane fortalde pappa litt om dette livet. Me såg det for oss i eit romantisk skjer, med terneskrik, varm sommarsjø og store humrar. Realiteten var ein far som var giktbroten før han fyllte femti år. Eit liv i slit, kulde og nattevaking hadde sett sine spor.

Ofte strekte me oss utover bryggjer og kaikantar for å sjå kva som rørte seg nedi djupet. Utstyrte med trekklyper og fersk torskeslo kunne det henda me fanga fleire humrar på ein kveld. Særleg rett før fredningstida om våren var dette ein gild sport.

På trollgarna kunne det også henda at nokre blåsvarte «gamlingar» gjekk seg fast. Til stor glede for minstemann i huset som ennå ikkje visste kva han ville gjera vidare i livet. Sal av nokre humrar kom ofte vel med for ein tenåring som lengta inn til fastlandet og hybellivet. Det høyrdest så forlokkande ut. Og lommpengar var ikkje noko me fekk. Det var noko me arbeidde for!

Silda gav pengar

Vinteren var ei underleg tid. Etter hektiske veker før og etter jul med hummaren og så torskefisket med pilkesnøre, vart det ei uro me merka på mange vis. Forventningane var store. Spenninga hang i lufta. Den økonomiske ryggrada i hushaldningane vart lagd i vinter- og vårmånadene. Silda, like trufast kvart år, måtte ein vera klar til å ta imot.

Heile hausten, i seine kveldar og når stormane herja mellom holmar og flu, nytta pappa kvar ei ledig stund. Han laga sildegarn. Bøtenåla gjekk trufast og taktfast opp og ned. Den flate trekant-forma pinnen han batt garnmoskane rundt, vart trekt ut for kvar omgang. Garnet voks fram, litt etter litt. Me hadde ein gild leikeplass i garn-busset, mellom beina til pappa. Ikkje sjeldan følgde det med ein sokk eller eit anna klesplagg til fiskefeltet. Det vart til lått og løye for dei andre ombord i fiskefartøyet når dei gjorde garnlenkene klar til fangst.

Medan mannfolka for på sildefiske, sat kvinnene heime med barneflokkane og følgde med på fiskerimeldingane i aviser og radio. Alltid i spenning om kva deira fartøy hadde levert av fangst.

Straks silda kom til kysten, starta mottaket på sildeolje-fabrikken i Leiasundet. Var vinden frå sør-aust, kom den illelukta stanken frå rotnande sildehaugar i storbingane sigande, og blanda seg med sotet frå kolfyringa på «Holmen», det lokale namnet på sildoljefabrikken.

Sesongarbeidarane på sildoljefabrikken kom frå heile Ryfylke, frå Jøsneset, Rennesøy og Finnøy. Me var ikkje sikre på kor dei kom ifrå, hugsar eg, men dei var gilde folk som sette sitt preg på oppvekstmiljøet vårt i Leiasundet.

Me sansa etterkvart at det ikkje var stor skilnad på vårt mål og målet dei bruka. Me tykte alltid dei som kom frå Ydstebøhavn snakka finare. Kanskje det var stavangermålet dei la seg etter?

Hermetikkfabrikken i Leiasundet

Hermetikkfabrikken i Leiasundet sysselsette mange kvinnfolk frå heile øya. Dette var og ein ynda leikeplass for borna. Og det var her dei fleste av oss tente våre første pengar. Persen, disponenten, var gild med ungane. Han let oss få prøva å tre brisling på jern-teinar, klar for røyking, før brislingen vart heist opp til «leggjesalen» i ein manuell heis.

Her sat kvinnfolka, breie og smale, på langbenker ved legggeborda. Dei la brisling i boks.

Ekstra spennande var det å sjå på Gottleif. Han falska boksane slik at dei vart lufttette.

Me kunne følgja med på båt-trafikken til sildolje- og hermetikkfabrikken frå stoveglaset vårt. Og den daglege fraktinga av kvinnfolka frå hermetikkfabrikken i Gottleif sin båt var like fornøyeleg kvar gong.

Trufaste, trøyte og tunge kvinnfolk på heimveg. Dei var ikkje lette å flytta på når dei endeleg hadde sett seg i motorbåt-hytta. Var det ruskever, kunne det sjå ut som propellen knapt fekk tak i vatnet. Men me såg

aldri at kvinnfolka flytta på seg i båten. Dei sat støtt framme i hytta. Me undra oss mange gonger på korleis det gjekk når Gottleif la til kai i Ydstebøhavn. Klarte han å stoppa båten før det small i kaikanten? Brukte han den rusta heisekranen for å få på land dei tyngste kvinnfolka? Fantasien vår var livleg på det punktet.

Pengar skapte skilje

Sildefisket var i første omgang ein nasjonal rikdom mange hausta av.

Fiskarar, søner til storfiskarar med gode resultat, fekk jobb som bas eller skipper på større farty. Mest kjende var Bjelland sine båtar, men andre kapitalsterke folk med store farty trong og basar.

På Kvitsøy var det fleire fiskarar som på kort tid vart søkkrike. Ei proppfull lommebok kunne verta tung å bera for den ny-rike. Og gamle små-kapitalistar måtte innsjå at folk som etter deira målestokk var frå «små kår», brått hadde blitt konkurrentar og likemenn i pengevegen. Velstandsauken vart ofte markert med kraftig renovering av hus og eigedom.

Småfiske var heller ikkje aktuelt lenger. Lommeboka var full. Livsstilen blei endra. Korfor skulle ein slite og fryse meir?

Ei velfyllt lommebok kunne og setja skilje mellom barndomsvenner og skapa utrivnad mellom barneflokkar. «Før og no»-markeringa skapte uro i fiskarmiljøet. Det var ikkje gildt å vera barn på den tida.

Om silda førte til snarleg rikdom, førte ho og til ein kraftig økonomisk nedtur for dei som trudde havet alltid var like fullt! Feilinvestering av sparepengar, kombinert med stort pengeforbruk og feilslått fiske på slutten av femti-talet, førte til at mange ny-rike brått og brutalt stod på berr bakke. På få år var dei gamle strukturane på plass igjen. Silda hadde svikta. Havforskarar kravde til og med full stopp i fisket!

I ettertid ser ein at dette var ei økologisk krise som ramma eit blømande fiske-samfunn med voldsom kraft.

Kvitsøymorten var vide kjend

Dei mørke stille haustkveldane fekk ikkje doyna bort til ingenting for flittige hender.

Små knivar, kvasse og spisse, med korte knivblad og store skjefte, dei var forma av og for breie mannfolknevar i flittig arbeid over morta-tønner.

Kvitsøymort var eit omgrep i Stavanger. Eg fekk som ti-åring vera med til byen med hummar til Englandsbåten og mortatønner til Gundersen på torget. Eg hugsar ennå korleis dei merkelege og fine fargane frå neons-skilta spegla seg i sjøen innerst i Vågen. Eg fanga inntrykk frå ei ny og ukjend verd.

Den lokale konkurransen om dei beste mortaplassane gjekk føre seg med list og lurari. Morten trekte opp på grunne sand-bankar om kveldane. Han kunne og trekkja gjennom grunne sund i store stimar. Den som visste om slike trekk, kunne gjera gode varp. Eitt kast kunne vera nok til sløyearbeid fleire kveldar på sjøhuset. Medan andre ergra seg over at dei ikkje visste kor fangsten var teken!

Den eine kvelden var det stille. Neste kveld kunne sør-austen herja med båt-fortøyningane. Og lydane av knepping og knekk frå morta-sløyinga høyrdest som ein dialog med bølgeskvulpet under sjøhusgolvet.



Frå Cutty Sark-seglasen i 1997. Bilde er teke av Bernt Høie på vest-sida av Kvitsøy. På denne turen var mor, Kristine (86) med.

Det var på sjøhuset hans Lars eg lærte skilnaden på ein åtring, ein fjerding og ei halvtønne. Eg var like imponert kvar gong loket vart sett på plass. Tønnebandet passa akkurat – til slutt. Om det skvatt noko saltlake med det same, så var det spuns tett når tønna vart lagd ned!

Forteljarkunst og skrøner

Mannfolkprat på sjøhusgolvet eller oppe på Kvitsøyhaugane var spennande for oss små-karane.

Me lærte tidleg å høyra etter tonefall og sjå på blikket, om me skulle tru på det som vart sagt!

Fekk me dei vaksne til å fortelja, då var både øyro og augo vidopne! Her blei også ulike verdsproblem løyste, og me visste alltid kven som lika Einar Gerhardsen og ikkje.

På dampskipskaaien hadde me mange gode stunder både før og etter «dampatida». Dei gamle lika å ha god tid på kaaien, særleg på ettermiddagen. Om me leika mellom tønner og spann, var det ikkje få gonger leiken stoppa opp framføre dei eldre som prata. Nikolai, han som tok imot dampen, fortalde så livleg om både det eine og det andre. Ja, han fortalde med det eine auge att, og med eit lurt glimt i det andre. Om den gongen dei gamle vikingane kom roande innover Leiasundet! Me trudde ikkje heilt på han heller, men me kunne aldri vita det visst.

Like overtydande var han kvar gong. -Eg såg til og med på då dei drog opp båtane sine, fortalde han.- Nei du levde ikkje då, protesterte me.

– Har de ikkje sett i Galten, på badeplassen, der finn de båtstøene den dag i dag. Han måtte snakka sant, for i Galten hadde me leika i gamle båtstøer. Dei var så grunne at ingen båt kunne koma på land i våre dagar. Mon gamle Nikolai snakka sant likevel?

Dette var levande historietimar. På skulen pugga me kongerekkjene. På kaaien gjorde Nikolai dei tause tuf-tene levande. Spora etter folk som budde i Leiasundet lenge før vår tid vart synlege.

Like gildt var det å slå følgje med gamle Guttormsen. Han var kvithåra, kort og brei, med kraftige underermar og nevar store som klubber. Slitet over årene hadde sett sine spor. På sine kveldsvandringar over Hellesøybrua kunne han fortelja mykje gildt, når me slo fylgje med han.

Eg hugsar best då han fortalde om tømmerfrakting frå Østersjøen med sluppen ilag med bror sin. Etter hardt vestaver, med tunge rullande dønningar over Håsteinsfjorden, blei det brått vindstille. Innafor braut sjøen over holmar og skjer. Ei heil rad av flu laga eit kvitt, samanhengjande belte av grunnbrott.

Fjordstraumen førte sluppen strakt mot desse bren-

ningane. – Då sa eg til Gud, fortalde han, – har du tenkt at me skal leva, får du gi oss vind! Og brått kom det ei lita vind-rosse som så vidt fylte seila og førte oss forbi.

Eg følgde med då Cutty-Sark seglasen passerte vestsida av Kvitsøy sommaren -97. Då små-sluppane tok ut vestover for fulle segl, såg eg for meg gamle Guttormsen, for fulle segl mot Doggerbank for å harpa makrell! Tida var viska ut. Ein forteljar hadde sett varige spor.

Krigsspor i sinn og skinn

Fekk me dei vaksne til å fortelje frå krigen, då var stemninga ekstra fortetta! Og spora etter tyskarane fann me på kvar haug, ja, me fann dei i kvart sinn!

Ingen sa så mykje. Dei fortalde litt, helst små hint, om den rette og den galne sida i krigen, også om tyskarar som var gode menneske med syn for både unge og gamle.

Dagny, ei av dei litt eldre, ugifte kvinnene som arbeidde på hermetikfabrikken, fortalde om tyskaren som berga Larse-mann, son til notbasen, frå å drukna på veg til skulen. På Vestra-brua, den siste før me kom over til hovudøya Kvitsøy, hadde han strekt seg for langt utover kanten og falle i sjøen. Tenk ein tyskar berga han frå å drukna! Alle dei gongene me stoppa på Vestra-brua for å sjå etter aure som stod i straumen, tenkte me på Larse-mann og tyskaren som berga han.

Pappa ville helst ikkje fortelja frå den tida. Høyrde han tysk tale eller song i radioen, ville han helst skrua av. Ein gong fortalde han oss likevel om ei hending frå krigen. Det fekk oss til å forstå.

Det han trudde var ei fiske-åte, fiskemåkar som forsynte seg av mat frå hav-flata, synte seg å vera ei drift av drukna sjøfolk som kom rekande med havstraumen. Før han rokk å reagera, såg han fleire ti-tals drukna menn som hang i redningsbelte. Det var eit syn han aldri kunne gløyma. Seinare fekk han høyra om bom-

binga av tyske skip vest for Jæren.

Smågutar undersøker, kikker, leitar, kryp og kravlar. Spora etter tyskarane var som eit eventyr. Dei vaksne brydde seg ikkje når me leika på kanonstillingane på vest-sida av Kvitsøy.

Frå Storhaug, tyskar-stillingane på vestsida av Kvitsøy, hadde me utsyn over heile øya. Austanfor stillingane låg skulen, gulmåla og plagsam. Der vart me «sperra inne» store delar av året. Eit slaveri! Det var me alle samde om!

I fryd og fjolling spang gutflokken frå den eine kanonstillinga til den andre. Og samtlege kanoner peika mot skulen når me forlet Storhaug!


Ei framtid som fiskar ?

Det var sjølvsgatt at alle skulle verta fiskarar i dei rike silde-åra. Då krisa var eit faktum, reiste heile ungdomskull til fastlandet for å ta utdanning eller få seg arbeid. I fiskeria var omveltningane store.

Sildegarna vart skifta ut med reketrål. Eit ork for dei som var vane med fart og mykje som skjedde på ein gong. Nå vart dei sitjande i styrehuset, slepande på ein trål som også ga bra utkomme. Men for ein kontrast til sildefisket!

Alle var forvirra. Kva framtid ville møta oss unge?

Slo me fram på til pappa med tankar om å skaffe oss fiskebåt, kom svaret kontant frå ein giktbroten kropp; at me fekk dra til lands og få oss ei utdanning! Han ville ikkje sjå ein av sine som fiskar!



Frå bryggekanen i 1998 for å sjå på dagens fangst. Bernt i båten. Morten (son) med ryggen til, Bjørnar (son) og Kristine Høie (mor) på brygga.

Eg hugsar knapt ein frisk far. Alltid var det eitt eller anna som plaga han. Likevel dreiv han på som ein ungdom, ja, endå hardare.

Eit år var eg i båten saman med han, og om sommaren dreiv me dorgefiske etter sei og leverte fangsten levande i Stavanger, kvar morgon.

Ut klokka seks om ettermiddagen, og fiska heile kvelden. Heldt fram utover natta til fisken slutta å bita. Etter ein times pause heldt me på til i femtida om morgonen. Fangsten skulle så leverast i Stavanger, og me var først heime i 10-tida. Då skulle me sova ut og vera klar til neste økt.

I veke etter veke dreiv me på slik. Eg minnest ennå kor godt det var å sova ut på søndagen. Det hende pappa måtte bli iland, og ein av eldre brørne tok hans plass. Tvilen gnog i bakhovudet. Kva slag framtid ville eg ha?


Fastlandet drog på oss

Brørne var på fastlandet. Der gjekk dei på skule, og dei fortalde om møte med mange gilde ungdommar. På Kvitsøy var me ikkje like nøgde med å leva i eit enten- eller miljø. Enten var du svært from, eller så tok du deg ein god slurk av flaska.

Eldste bror i søskenflokket starta på fokehøgskule i Stavanger. Han friska opp kunnskapar med tanke på opptaksprøve til lærarskulen. Ein annan bror som hadde vore til sjøs, valde same skule. Her var ein utveg til høgare utdanning for den som mangla realskule. Det lukkast for desse brørne.

Jan som tidleg hadde synt vilje til skulearbeid, fekk gå på realskule og gymnas på Bryne. Eg som treivst best på kaikanten, var viss på at eg skulle bli fiskar. Men då møtte eg motbør av pappa. Brørne mine oppmuntra meg, og etterkvart vart eg pensa inn på det same sporet som dei andre. Fornuften ville det, men kjenslene mine stritta hardt imot. Det var vanskeleg å forlata eit oppvekstmiljø rikt på impulsar og utfordringar. Eit blick på ein far midt i femti-åra, helseveik og utsliten, vart avgjerande.

På fokehøgskulen var målet klart: Skaffa seg kunnskapar nok til å stå på opptaksprøven til lærarskulen. Eg tok fart på same fjøla som dei andre. Like målmedviten som ved utplassering av fiskereiskapar i sjøen, skulle kunnskapen fangast. Eg visste konkurransen var hard. Det var siste opptaksprøven som vart avvikla. Eg satsa alt på eitt kort og vann.



Hans Høie saman med sone-sonen Hans Olav i 1981. Hans døyde i 1983.

Første året på hybel, haugevis med bøker og avgrensa kontakt med likesinna; det skulle bli ein hard prøve. Som yngstemann og sist ut av «reiret», var eg brått åleine i ein stor by. Hybellivet vart eit sjokk, og det kunne gått heilt «skeisen» for ein øybu som var vane med tett sosialt nettverk. I einsemda på hybelen, isolert frå sjø og frisk luft, møtte eg den nye kvardagen min.

Som ein innesperra fugl, utan rom til vengeslag, kjende eg meg. Men ei sterk pliktkjensle dreiv meg til å fullføra. Eg kunne ikkje skuffa foreldra mine. Dei venta meg attande til øya som nyutdanna lærar.....

Eg var viss på at det var umuleg å vera «profet i eiga heimbygd». Lærarar, det var slike me ikkje lika på lik linje med skulen. Så skulle eg gå inn i den rolla? Det kunne ikkje skje i det gulmåla skulehuset austanfor Storhaug.

Skuleverket vart til sist arbeidsplassen for seks av oss i søskenflokket på sju. Var det mangel på fantasi, eller ynskjet om trygge arbeidsplassar som førte oss inn i det offentlege?

I ettertankens time


Store ungdomskull reiste frå Kvitsøy på femti og sekstitalet. Signala frå dei eldre var å koma seg til lands for å bli noko!

Den store økologisk krise som ramma sildefiskeria, fekk store ringverknader serleg langs rogalandskysten. Her hadde det tradisjonelle sildefisket historiske tradisjonar tufta på rytmane i havet.

Når denne viktige rytma var endra, såg folk inn i ei uviss framtid. Dei unge flykta frå havet. Dei eldre sørgde over tida som var forbi. Optimismen forsvann.

Dette fall saman med den perioden då me måtte gjera våre yrkesval, og val av buplass for familiane våre. For meg personleg var det eit sterkt ynskje om å koma bort frå byen. Og det gav lærarutdanninga rom for.

Søskenflokket vår vart sterkt prega av sjø og fiske, og alle har framleis sterk tilknytning til øya. Dei fleste har båt. Nå legg smekre fritidsbåtar til ved brygga, der det før låg ein vasstung fiskebåt. Og eg kan registrera



Hummarhytte i Tennøy. Brødrene Hans og Bernhard Høie brukte hummarhytta i Tennøy saman med onklane sine Ole og Bernt Berntsen fleire sesongar på 20- og 30-talet. Gutane på bildet er Hans Olav og Bjørnar, søner til Bernt Høie.

at me framleis vert omtala med ein viss respekt i fiskarmiljøet på Kvitsøy. Sønene til Hans, ein av dei som levde av pilkesnøret.

Bernt Johannes Høie er fødd i 1948 på Kvitsøy. Etter niårig skule blei han straks med notbruket til Lars Holgersen på makrellfiske og seifiske. Seinare blei han med far sin, Hans Høie i fiskebåten i eit år. Mellom skulegang på Solborg Folkehøgskule og militærteneste, var han med på trålfiske i Nordsjøen og asfaltlegging i Haugesund, før han starta på Stavanger Lærarskule i 1969. Etter lærarprøva i 1973 har han studert kristendom og historie, og er nå adjunkt/can.mag. Han har arbeidd som lærar og konsulent ved skulekontoret i Forsand. For tida har han permisjon frå stillinga i Forsand og er rektor ved Bjørheimsbygd skule i Strand. Bernt er gift og har fem born.

Jorda-rundt-generasjonen har både føter og røter

AV ERIK FOSSÅSKARET

Ein hende gong reiser eg med T-bane i Oslo. Gjekk ved eit høve av på Veitvet stasjon. Også der hadde taggarane vore. Innimellom alle symbol og signaturar baud det seg fram ei heilt leseleg melding:

«Dere fødte oss midt inn i betongen. Hvorfor da være så forskrekket over å finne oss att med stein i hendene!»

Ei slik ytring var som skulle vore ho tinga av sosiologen. Faget handlar jo om det, korleis dei store strukturane formar kår og lagnader. Systemet, tida, bankar og betong, materialar og media formar alt som er ungt og føyeleg. Sosiologen manar fram bilete av menneska som marionettar, dokker i trådar frå eitkvart over og utafør, unåeleg for individ, familie og grend.

Det er rimeleg rett å seia at samfunnsvitskapane har innført «systemforklaringane». Handlingar, åtferd menneska gjer seg skuld i, reflekterer så og seia krefter frå einkvan staden utanfrå. Og folk flest har for ein del teke forklaringane i bruk.

– Ikkje anna å venta enn at dei unge er umoglege så travelt dei vaksne har det i vår tid.

– Klart folk skil seg med det økonomiske systemet familiane lever under no til dags

– Dere fødte oss inn i betongen. Hvorfor da....

Systemforklaringane er på ein god måte eit supplement til mykje nytta moralske forklaringar. Me har så lett for å skjønna handling og åtferd som eitkvart som bryt fram or eigenskapar mennesket har i seg. Språket viser gjerne til slike «eigenskapsforklaringar». «Han er lat.» «Ho er uforskamma.» «Han er uvøren.»

«Snill.» «Upåliteleg.» «Ho er vrang.» «Raus.» «Falsk.» Me skjønar kvarandre gjerne som uttrykk for moralske kvalitetar eller skavankar. Så er det ein grei korleksjon å sjå mennesket som eitkvart som veks fram der givnader innanfrå støyter mot eller samspejar med krefter utanfrå. Oppvekstmiljø er vilkåra som rår i dette grensefeltet.

Løhaugen

Krefter utanfrå endrar seg. Eitkvart har skjedd. Med verda vidt ikring, og med vilkåra nærast inntil oss. Globalisering er eit markant trekk ved siste tiåret. For nær 20 år sidan var eg med i eit arbeid i Suldal kommune der me ba alle elevane i grunnskulen i to skulekrinsar å fortelja om bygda si, om livet deira der dag for dag. «Er det noko der du bur som du set særleg stor pris på?» spurde me. «Eitkvart som er særleg viktig for deg?» Ei av små-skule-jentene på Sand svara med eitt ord: «Løhaugen».

For barn vil Løhaugen, og alle heimlege haugar og hidlarar, stadig vera midtpunkt i livet – geografisk og i opplevingar. Men om me går berre 20 år attende i tid, var det nære, det lokale, meir av livet også for unge og vaksne. Det er vel 20 år sidan første gongen eg kom til Ryfylke, gjekk av rutebilen i Hjelmeland. Skulle gjera planlegging og tiltaksarbeid. Laga «Bygdaposten». Første tida hadde eg kontor i ein krok av kommunestyresalen. Ein av dei første dagane fekk eg vitjing av ein kar. Han skulle nok tinga «Bygdaposten» til ei dotter i Stavanger eller til sonen i Bergen. Heile tida medan

han snakka med meg, stod han borte ved vindauga og såg ned i Vågen. Så høyrer eg han seia lågt, meir til seg sjølv enn til meg: «Og så han? I Vågen? Førmiddag? Tysdag? Aleine? Bykledd? Og så med væske?» Det var eit heilt batteri med spørsmål. Før nons hadde han truleg fått svar på dei alle. Gjennom generasjonar hadde Vågen i Hjelmeland, som Gatå på Sand, vore universet for oppmerksomhet der i bygdene. Mykje av det vesentlege som kom sandsbuen retteleg ved i denne verda, sveiv i banar kring verkstaden til skomakar Erling Eide og Hiima-krambuo. Allment gjeld det at innbyggjarane i lokale samfunn har henta røynsler og relasjonar frå det nære. Uro og glede, haldning og handling, pratetema og vilkår for lagnaden i livet låg i det lokalt organiserte.

Rett nok var ein og annan meir enn andre orientert utover. Dei som nådde vidaste i interesser, formidla sambygdingane kunnskap om den store verda. Ungdomslaget på Sand, fortel Johan Veka i lagssoga, hadde møte med foredrag om telegrafi, Norges forsvar, utviklinga av læra om himmellekamar, om skapings-soga, frå ei ferd til Danmark, om turisttrafikk, utvandring og om kvinna si stilling i samfunnet. Laget fekk i stand ei bladstova. Der kunne ein gå inn og lesa Tyrihans, Den «17de Mai», Dagbladet, Morgenbladet, Fri-dom, Norsk Landmandsblad, og Vestlands-Posten.

Og Sand Ungdomslag hadde teaterkveld. Dei las opp 1. og 2. akt av *Hærmenderne på Helgeland*. I pausen fekk kvar av dei frammøtte ei appelsina. Etterpå var det dans. «*Men den gjekk tregt, står det i referatet – enda Dahlstrøm spela fint. Dei fleste var samde om at leik er gildare enn dans*».

Så skjer det i vår tid at folk vender seg meir utover. Mange kjem med eigne røynsler frå andre stader. Dei har familie og vener i andre strok av landet. Det dei kan fortelja barna, er bitar av ei soge frå ei verd

utanom den lokale. Tankar om framtida er gjerne retta til andre bygder og byar. Media fortel om den vide verda. Der folk tidlegare var *sambygdingar*, er dei i ferd med å verta *beboere*.

Meir kvitt om med det i Vågen

Stadig er det einkvan som i eitt og alt vender seg innover. Satsar heile sitt sosiale liv i eit fellesskap som har forvitra, gått i oppløysing. Ho eller han finn seg att ein-sam på ein lokal arena. Det som skjer i Vågen – endå tysdag førmiddag – har for dei fleste vorte meir kvitt om. Det får vera med det som det vil. Også i desse bygdene er det mediehendingane som fascinerer og forargar. Der ute i verda einkvan staden finn vi både det storslåtte og det feilslåtte. Sands-gata er framleis litt av ein begivenhet. Men mest er ho no ei transportåre. Endå så mykje trivnad ho har vunne attende siste åra.

Bethel var det normative sentrum på Judaberg. Den kraft som valde verdier og vilje for alle. Kanskje kafé Kløver i Sauda – i det minste for karane. Skomakaren og Hiima-krambuo på Sand. Så har det funne stad ei forvitring av institusjonar for produksjon og vedlike-hald av særlege lokale verdier. Kva er normativt sentrum i Stavanger? Salem eller Sting? Tinghus eller Torgtrapp? Handelsstandsforeining eller Hansen-hjørne? Som byen har bygda tapt Det normative sentrum. Korkje rådhus eller bedehus har lenger kraft til å nå fram med haldnings- og handlingskrav til folk som lydig lyttande tek imot meldingar om kva dei skal meine frå sak til sak. Folk vel mellom eit vidt spek-trum av nasjonale og globale verdsett. Sluttar seg til eitt eller fleire av dei. Eller komponerer våre personleg konstruerte norm- og smaks-kombinasjonar. Vi har lært oss å akseptera lokale variasjonar i livssyn og livs-stil. I møte med det nye vert vi mindre redde og sinna,

meir nyfikne. Held fred med kvarandre. Gjer ikkje krav på kvarandre. Impulsane dukkar fram frå inkje. Er brått alle stader, og visnar bort like lett. Ord og seiemåtar som er in eine hausten, lyder flaut patetisk out of date den neste.

Orienteringa har vorte mykje vidare i mental forstand. Men det gjeld og i praktisk og kroppsleg tyding. Vemodet låg i tjukke drag over ungdømskaren som såg og sansa endringane som kom akkurat så seint at han ikkje nådde tak i dei. *«Ikkje å undra seg over at ungdommen no for tido vert gift. I bilane sine fer dei på dans halve fylket rundt. Kor eg rodde og rodde, kom eg kvar laurdagskveld til dei same tre gardane. Der var det ei jente i høveleg alder. Ho valde ein annan.»*

Vegane har vorte betre. Bilane og førarkorta mangedobla i tal. Spørsmålet til kvar turen *Kva skal no det vera godt for?* kjem sjeldnare. Også i Ryfylke har det i denne 30-års bolken vorte slik at vi langt friare og vidare kan velja vår omgangskrets. Slik normativ og geografisk frikobling skulle gjera det lettare å bu i dei små krinsane. Vi kan meina kva vi vil, ytra det meste av meiningane, og for ein vesentleg del handla etter meiningane.

Uaktuelt og forelda tankegods

Oppdragelse har vore å læra ein sosial og kulturell arv. Barn og unge var rekruttar som skulle overta forestillingar og verdiar som dei vaksne hadde valt etter nøyksam prøving og feiling. Skifte i tenkje- og handlemåte skjedde så tollegt at dei eldste hadde tid til å vega det nye, vraka mykje og verna anna. Det dei gav vidare til neste generasjon, var utprøvd og opplevd gagnleg. Denne overføringa var ferdig når dei unge hadde lært det dei vaksne hadde av røynsler og standpunkt. Dermed hadde ein ny generasjon av samfunns-rekruttar vorte vaksne.

Så byr i vår tid det nye seg fram i så store mengder, med så snøgge skifte, at det ikkje let seg prøva ut før barn og unge får del i det. Det nye kjem ikkje lenger tollegt til bygdene via kai og karane på krambua. No er det barn og unge som er sjølve kanalane for nye mål og meiningar inn i familie og bygd. Mødrene tek døtrene med seg som konsulentar ikkje berre i klesbutikken, men og i møbel- og gardinbutikkane. Fedrane taper autoritet når dei i sin tafatte mangel på kompetanse står ved sida som passive tilskodarar når sonen handlar datautstyr. Media og kameratar er kjelder å ause det nye av.. Det dei vaksne kan by fram av vit og visdom i vinglande freistnad på oppdragelse, lyder for dei unge i mange høve som gamalt, forelda, uaktuelt tankegods. Også i Ryfylke-bygdene, endå i sterke bedehusheimar – ja, kanskje særleg der – har dei vaksne svært liten råderett over unge i livssyn og livsform.

Det er allment at me har så lett for å stø oss til det farne. Det kjende. Det avslutta. Det trygge. Vi vel gjerne fortida framom framtida. *«Akkurat som det er»*, skreiv elevane då me sist på 70-talet spurde om det var noko ved bygda si dei ville ha annleis. På Sand, etter at kraftutbygginga hadde teke til, svara dei jamvel *«Akkurat som det var»* Den som i iver har freista seg fram på med ein ny idé, har jamt vorte roa kraftig ned – også i Ryfylke-bygder: *«Me kan ikkje minnst at det er slik me har gjort det.»*

For hundre år sidan gjekk ungdomane på Mosterøy i store flokkar etter vegane og song frå songboka til Lars Oftedal, *«Harpetonar og basunrøyst»*. Ingen motorsykkellarm. Fritt for rollsete fylle-radl. Harpetonar og basunrøyst. Om det ikkje i eitt og alt var lettare tidlegare enn det er i dag å vera barn og ung, kan me lett tykkja at det må ha vore lettare enn det er i dag å oppdra barn.

Ein haustdag i 1940 kom Svend Foldøen på si sju-

ande misjonsreise til Vikevåg på Rennesøy. På ein kveld melde 121 personar seg inn i den kristelege ungdomsforeninga. Foreldra til desse kunne vel trygt gå og leggja seg. «*Ho er nok på ettermøte*», kunne dei seia, kor seint det enn var, om dottera ikkje var heimkomen. Ein hende gong kunne det vera einkvan som forrekna seg i så måte.

I alle høve er det slik at historia har i seg óg ei anna forteljing. Lekfolket skriv vekkingssoga som ei krigssoge. «*I mars 1909 gjekk Foldøen i land i Sørskår, ... og no skulle han ta Årdal frå sjøen,*» fortel Jakob Straume (1957) i boka «*Kristenliv i Rogaland*», «*og han hadde mange med seg. — Året etter stod storslaget om sjølve Årdal.*»

Krigsliknande strid har lett for å gi krigsoffer. Nokon kvar har og møtt somme i Ryfylke-bygdene som i ungdomsalder ikkje «*bøygde kne*». Gamlekaranane som i bakromsdøra på Handelslaget lødde flaskene or pilskassen over i ei øskje. Freista så godt det let seg gjere å kamuflere lagnad og livsstil. «*Alle vestlendingar har eit bedehus i ryggen*» heiter det. Mykje rett er det, for mange. Men somme kjenner det meir slik at dei har bore eit bedehus *på ryggen*.

Turrfrost og nyslippede skeiser

Tidleg i denne artikkelen markerte eg ein skilnad mellom to ulike forklaringstypar. På den eine sida slike forklaringar som skjønar åtferd og handlingar som utbrot av eitkvart me har i oss, eigenskapsforklaringar. Og på den andre sida forklaringar som skjønar oss som forma av tendensar i tida, systemforklaringar. Eg ville gjerne at det skulle skina gjennom at korkje den eine eller den andre av forklaringane er fullgode. Endå til saman er dei ikkje tilstrekkelege. Skal me skjønna åtferd og handlingar, blant både barn og vaksne, er det ein tredje type forklaringar som har mykje større for-

klaringskraft enn me jamt kjem i hug. Det er den forklaringa me tek i bruk om me seier at *handling* for ein stor del er *samhandling*. Det ser me om me brukar «*relasjonelle forklaringar*» (Wadel 1990).

Korleis indre og ytre vilkår måtte vera, er det truleg meir enn noko anna møte med andre menneske som skaper oss. Den einskilde personen veks fram or møtet med andre personar. I Ryfylke har det som andre stader vore trygge, sterke personar som visste å vinna med det vennlege nær kven det måtte vera. Smeden på Vikevåg, Gunvald Tveit (1920-1987) henta sjokoladearbitar opp or skuffa på kontorpulten når det kom ungar innom i smio. Ei slik haldning var noko av arven frå forgjengaren, Martin Hauge (1890-1976). Det var mitt i fiske. Fartøya låg tett i Vikevåg. Smio var full av skiprar og basar og brummande røyser som var annige etter å få reparasjonane ferdige så dei igjen kunne koma i fiske. Turrfrost på etterjulsvinteren. Is på alle vatn. To små gutar kjem forsiktig innom dørene. Straks vil Martin Hauge vita kva ærend dei karane har? I all denne travle larmen er det berre så vidt gutane torer seia det. Dei skulle ha slipt skeisene. Hauge kostar basane til sides med armrørslene så det vert som ei open gata for gutane. Han legg alt som hastar til sides. Sliper skeisene så gutane kan få koma seg på isen.

Trass store skifte i påverknad frå ei større verd, er det framleis slik at barn og unge veks inn i haldningar og handlingar som er svært like dei haldningar og handlingar vaksne vandrar i. Vaksne skaper i stor grad neste generasjon gjennom ideala dei let unge veksa opp i. Martin Hauge og Gunvald Tveit la i barna kring seg ein arv av vilje til vennleg omtanke.

Sosiale stjerner set svimerke

Så har Ryfylke-bygdene på den andre sida også sin del verbal brautande brutalitet blant barn og unge. Kor

ungdomar på ungdomsskulesteget, og der ikring, kjem i hop fleire enn to og tre, har dei bråkjekke så lett for å koma til ordet med tema og tone.

– *Trudde du at du var morsom no?*

– *Er du heilt tett i pappen, eller?*

– *Ny jakka hjelpe ikkje med det trynet du har!*

Ein fredags kveld skulle eg frå Stavanger like til Sauda. Det var mykje folk ombord. På ei rad, benk mot benk, der det sat ein flokk unge menn, vaksne ungdommar, var det eitt ledig sete. «Er det ledig her», spør ei 16-17 år gamal jente. «Få sjå på deg,» svarar ein av tøffingane. Ulagleg til mote – det var ikkje andre ledige sete å sjå -let ho seg betrakta sekundane til det passa guten å seia: «Jo, det får vera godkjent, vær så god sit ned.» Hadde han blotta seg, ville båten gjort ekstra stopp på Judaberg så lensmannen kunne teke han i land. No fekk guten applaus for sin humor frå dei fleste innan høyrevigde. Var sjefen på heile resten av turen. Sant og seia minnest eg ikkje om denne gjengen gjekk i land på Jelsa, på Sand, eller om dei fylgde like til Sauda. Kan-skje kunne dei høyra litt heime både her og der.

Knuffing, også verbal knuffing, kan vera godsleg leik. Men jamt kan knuffinga i ungdomsmiljøet verta så røff at dei den råkar, kan kjenna seg trøytt av å bera rifter og sår. Det er ein del av mange sitt oppvekstmiljø at dei som er morosame på andre sin kostnad, har så lett for å verta sosiale stjerner. Slike stjerner skin gjerne så dei set svimerke. Me ser det mellom dei unge. Og vaksne burde vita kor dei har det ifrå. Det surt negative er innfallsvinkelen til så mange karakteristikkar. Om vaksne la meir vekt på å omtala kvarandre med vørndnad, ville dei skaffa seg ein rett til å reagere med sterkare sosial harme når dei ser ungdomar skjera sår ved å setja dei avmek-tige utafør.

Også jentene applauderer det brutaliserte kjekkase-riet. Let han som er morosam på andre sin kostnad

kjenna seg som tiljubla sosialt midtpunkt. Men den brå-kjekke kulden tykkjest i det vesentlege å følgje ei kjønnsbestemt arveline. Menn har sine eigne ideal, medvitne og umedvitne, som dei lærer gutane. «*Attåt krigen er det berre fotballen som kan lære gitar å verta skikkelege mannfolk,*» sa Robert Kennedy. Eg skal ikkje freista få det til å sjå ut som om Ryfylke-menn tykkjer krig er karslegt. Men verdiane kring ball, bil, bulldosar og børs er i kombinasjon sterke nok til at dei i monaleg grad kan prege lokal kultur. Den må forvaltast med stor omtanke om det ut av gutane i miljøet skal koma laglege menn.

Gitar heng att i ulaglege kjønnsrollar

Ungdomsforskinga er på nokre felt særleg urolege for gitar – ikkje minst for gitar på bygdene, sett over eitt for landet. På ulike måtar taper gitar og menn taket på samfunnet. Dei heng fast i gammaldagse og ulaglege kjønnsrollar. I aktivitetar og interesser orienterer gitar seg i ei lei som gjer dei personleg utsette, og mindre konkurransedyktige i dei samversformer og den arbeidsmarknaden som strekkjer seg med tyngde inn i framtida.

Fire til fem gonger fleire unge menn enn unge kvin-ner gjer sjølv-mord. Praktisk tala heile auken i så måte siste tiåra står menn for. Gitar misbrukar alkohol og narkotika mykje meir enn jenter gjer. Gitar gjer seg mykje meir skuld i kriminelle handlingar og vald. Gitar og menn har svakare nettverk og færre vener. Ein gjennomsnittsdag les tre gonger fleire jenter enn gitar ei bok. Jenter vitjar oftare kunstutstillingar og teater. Lyttar meir til klassisk musikk. Gitar gjev mykje sterkare enn jenter uttrykk for framandfrykt og fordommar mot etniske minoritetar.

Samla sett taklar jentene moderniseringa av samfun-net betre enn gutane gjer det. Jentene har lenge meir

jamt og i yngre alder enn for gutane sin del flytta heimanfrå. No flyttar dei ikkje lenger på same vis frå far til ein annan vernande og styrande mann. Jentene flyttar for seg sjølve, eller saman med ei anna venninne. Melder seg inn i bokklubben. Lærer å skifta sikringar, skriva sjølvmelding og å tinga service på bilen utan hjelp frå ein mann (Pedersen 1996).

Dei unge gutane bur att heime på guterommet. Tråkklar seg fram gjennom kvelden mellom sports- og actionprogram. Diskuterer moped og bil, somme gonger dataspel. Veks inn i kjønnsrollar som samfunnet elles er i ferd med å forlata. Klorar seg fast i eitkvart som har vore.

Sjølve pioneren i det rike amatør-målarmiljøet i Ryfylke heitte Rasmus Austigard. Han levde sitt lange liv i Årdal. Som ung vaksen mann var det så gjevt for han å gå i heia med lerret, penslar og fargar. Men det høyrde ikkje til for ein mann å gjera slikt. Austigard gøyymde målarsakene i sekken. Hengde ei borse over aksla. Slik let han folk tru at han hadde eit karsleg ærend som gav han rett til å fara i fjellet både til kvardags og helg. «*Eg løyste aldri skotet*», fortalde Rasmus Austigard.

I så måte har det besna noko. Men bygdene skulle vera meir trygge for gutane om dei såg fleire menn som meir valde måleriet og musikken. Skulle me bry oss om ungdomsmiljøet i Ryfylke-bygdene i praktisk gjerning, skulle vi utvida trioen av distriktsmusikarar til ein kvintett. Så skulle det stå i lysinga etter dei nye: «*Menn kan gjerne søkja. Me treng i desse bygdene fleire alternative manns-modellar for unge gitar.*»

Kvinner lagar, lagrar og lappar

Kunsten gir materiale til refleksjon over mål for liv og fellesskap. Det er forteljinga – i biletet, litteraturen, musikken, og teateret – som kan seia oss om liv og lag-

nad er god eller dårleg prøvd etter eit vidt sett av verdjar. Bygder som vel meir musikk, stemmer meir våre sider i sinnet. Dei sidene har også gutane. Men det er så få menn som retteleg lærer gitar å lata dette våre prega fellesskapet.

Det formar jenter at det har vore kvinner sin lagnad gjennom tusener av år å bera barna innomhus. Det har lært kvinner å laga, lagra og lappa. Dei har bunde saman bitar som ville breista (Liljeström 1979). Jenter lærer omtanke fordi kvinner så mykje fekk slike oppgåver som fører dei like inn åt stamma i livet. Der vert også gitar mindre barske og brautande, meir milde og myndige.

Dei har det i seg. Også gutane. Trong for å vera trygge på kvarandre, gi og få oppmuntringar, kvila i å sleppa å prestera og posera. Men fordi det har så liten plass i tonen mannfolk-kameratar imellom, trur gitar gjerne dei er aleine om gleda over det våre. Gutane lurar kvarandre. Mange trur at dei er aleine om å undra seg over religiøse spørsmål. Etter tonen i gjengen å døme, trur mange seg å vera den einaste som helst ville takka nei til alkohol, og som ikkje alt har lang og variert seksuell erfaring.

Ja, endå det heimlegt huslege kan 16-åringane setja pris på – berre dei slepp å fortelja det i flokken. «*Laurdag har vi storreingjering*», fortel ein gut frå 70-talsmaterialet vårt. «*Etterpå ser eg på tippekampen. Seinare kosar me oss med kakao og bollar.*»

Mange har meint at bygdene gav betre kår å veksa opp under enn det byen kunne by. Barn i bygda skjøna seg i ein samanheng der samsepelet menneska imellom var så vesentleg. Det var som dei sa: «*Eg er det eg tilhøyrer*». Storby-barn fekk identitet frå eit liv mellom ting. «*Eg er det eg tilhøyrer*» (Tiller 1969).

I dag er me mindre redde for byen og meir urolege for bygdene som oppvekstmiljø. Hausten 1992 gjorde

aksjonen «Ung i kyrkja» ein studie blant alle 9.-klas-
singane i fire kyrkjelydar i Stavanger bispedøme. Ein
av dei i Ryfylke. Kvar tredje av desse Ryfylke-ungdo-
mane seier at dei slettes ikkje vil engasjere seg i
nokon av sakene som gjeld kamp mot krig, urett,
svolt, miljøkrise, rusproblem eller andre aktuelle
saker. Berre kvar tiande byungdom vil på same vis
late verda gå sin skeive gong. 'Lær-å-bli-mer-glad-i-
deg-selv-kursa' har vorte stadig meir populære også i
norske bygder.

Det er ikkje rabbagastane som er kameratlause på
bygdene. Men den altfor snille kan kjenna seg ganske
venelaus. For den tollege, som i heile ungdomstida
har kjend seg lite komfortabel både med øl og moped,
kan byreisa til vidaregåande vera ei fridoms-reise. For
fyrste gong kan ho eller han velja mellom ulike ung-
domsmiljø. Nettopp i byen er det i det minste eitt,
kanskje fleire alternativ, som gir tillitsfulle vennskap
bygda aldri retteleg baud dei. Me kan møta dei når dei
er heime på ferie, desse vennlege, og etter kvart
trygge vaksne ungdomane som vitnar om at nokon må
ut for å rå utor. Kvar gong me møterslike røymsler, bør
dei representera ein tankekross for kvar bygd.

Med på noko heile tida

«I det siste opplever eg at eg tenkjer så mange vaksne
tankar», seier 12-åringen. Ungdomstida er ei vandring
mellom barnet og den vaksne i oss. Båe vegar. Fram-
leis er det noko ved bygdene som lettare let barna
henta ut ansvar og glede frå ei vaksen verd. Som det
let seg gjera i Suldal også for 20 år sidan. Ein av
gutane fortel:

*«Far min har ein gard. Me har 13 kyr, 70 sau, 12
ungdyr og 20 suger med ungar, hest og mange andre
dyr, ender, dverghøns, høns og pelsdyr med ungar.
Når eg har ete og gjort leksene, er eg med og stiar alle*

*desse dyra. Kvar dag. Berre på sundagen har eg fri
fjøset. Då går eg på ski. Dei siste 3 vekene har eg og
far vore på skogen etter at eg er komen heim. Men då
heiser eg opp silo for det kan ikkje mor med.*

*Far klarer seg mest ikkje utan meg på skogen. Eg
må vinsja trea over ende, og dra dei fram når han har
kvista dei. Så køyrer eg trea heim mens han far kvis-
trar eit lass. Eg dreg overende 5 tre før eg køyrer eit
lass.*

*Eg er med på noko heile tida etter at eg har gjort
leksene mine. Foreldrene reknar med at eg gjer det
kvar dag.»*

Anar det oss at denne ungdomsskuleeleven kan
kjenna ansvaret vel stort. Men dei som har delt ansvar,
har godt høve til å gje kvarandre ei gleder: «Dersom
det er kome mykje snø, og eg kjem heim av skulen, går
mor i fjøset i staden for meg, så eg kan få gå på ski».

Særleg bra er det om leiken, og alvorleg, den alvor-
lege leiken, veks saman i ein kombinasjon der delane
balanserer kvarandre:

*«Eg får ikkje lov å gå på diskotek, karnevalsfe-
star osv. Eg får heller ikkje lov til å spela plater høgt på
romet heller. Men traktor får eg køyra mest kvar dag,
og det er jo ei trøyst.*

*Elles i fritida har eg nett laga meg ein verkstad.
Der snekrar og skruer eg, spelar plater og slappar av.
Eg går og på jobb med traktoren i fritida. Det er
mange jobbar å få- t.d. pløying og køyring av diverse
ting. Eg har ein nordlandsbåt, 21/2-børing og 2 garn.*

—

Ja, vi skal få ferjestø i år. Det blir fine greier.»

Endå med mindre pløying og færre suger, klarde
Sands-ungdomen å laga seg tett program, som denne
jenta:

*«I 17-tida kjem ei av veninnene og ringer på, og da
går vi ned i gata. ... Då er me der nede mesteparten av*

kvelden. Det er i gata mesteparten av ungdomen frå 13-14 til 17-18 år samlar seg om kveldane. Hiimen opnar forretninga si i halv ti-tida. Så visst eg er der nede då, går eg inn dit å kjøper noko.

Visst vi er riktig heldige, får vi skyss heim av motorsyklar eller mopedar.— «

Torsdag er ein særleg travel dag.

«Heim frå skulen, lekser, middag, musikkorpset, Ten Sing, Diskoteket. Det er få unge som drikk seg fulle. Så går eg heim og søv.

På lørdag står eg ikkje opp før i 11-tida. Kl. 12 stengjer alle butikkane – berre ikkje Hiimen. Han har ope til i 5-tida. Det er ganske bra. Då sit vi der inne til han stengjer. —»

Somme trekk frå sist på 70-talet har vorte soge. Men framleis har visseleg mange barn og unge i Ryfylke travle dagar i eit sosialt landskap utafør heimen som foreldre kjenner seg kjende med, og dermed rimeleg trygge på. Slik sett er ikkje heimesitjing i alle høve det likaste.

«Når eg er inne, ser eg på TV'en samma kva det er som er.»

Vener i Larnaca og Lima

«Dere fødte oss midt ...» Ryfylke byr ikkje barn og unge berre betongen. Desse bygdene har vilkår i li og lende som dei kan rekna som eit privilegium. Og for all del; jaktkarar er jamt fine, gode menneske. Så er det like fullt ikkje slik at villmark, sau og skitrekk, store avstandar, lune vikar og grønne bøyar aleine skaper gode menneske. Somme tider er det greitt å minna om at me i det store og heile skaper kvarandre. I organisasjonslæra heiter det gjerne at den største ressursen bedrifter og andre moderne organisasjonar har, er samhandlinga mellom medlemene i organisasjonen. På same vis kan me seia at den største ressursen bygdene har, også rekna

som oppvekstmiljø, er samspelet mellom dei som bur der.

«Ung i Ryfylke.» Er det eit aktuelt tema? Barnetalet går ned, og dei som veks opp, dreg til Long Island og elles ut i vide verda? Jenta som seint på 70-talet kjende Løhaugen som det gjævaste ved Sand, er no ei ung vaksen kvinne. Men ikkje eldre enn at ho kan rekna seg til «Jorda-rundt-generasjonen». Kva så med desse interrarlarane med Jorda-rundt-billettar og vener i Larnaca, Leningrad og Lima? Kor hentar dei sine verdiar ifrå?

Ved helgestart svingar dei unge innom bensinstasjonen. Det gjer dei i SaoPaolo, i Sidney og på Sand. Kjøper fem posar chips, fire flasker cola, og låner tre videofilm. Ungdomen i SaoPaolo, i Sidney og på Sand lånte videoar etter same «10-på-topp-listene». Menneska har føter, men og røter. Føter fører. Fleire vil fara vidare enn nokon gong. Rett nok. Men dei vil ha Løhaugen i seg. Lovra og Lalid. Ladstein og Leiasundet. Røter bind. Slik også Alexander Kielland kjende røynslene:

Men ta så en av disse strandboere, flytt ham langt inn i landet mellom fjellene i den yndigste dal du kan finne, gi ham den beste mat og de bløtteste senger. Han vil ikke røre din mat, ikke sove i sengene; men uten å se seg om, vil han klatre fra fjell til fjell, inntil han langt ute skimter noe blått han kjenner.

Er me i vår identitetsforvaltning i ferd med å kopla oss ifrå det lokale og det regionale? Så me skjønar oss i nye relasjonar. Videoen og eg. Caféen og eg. Eg og reiseselskapet mitt. Eller vil også den nye «Jorda-rundt»-generasjonen orientera seg etter variasjonar og særdrag i heimleg myr og lende.

Mest truleg vil også generasjonar framover røynta at dei slår røter i eitkvart dei kjenner som heimleg dåm og drag – i landskap og i sosialt samkvem. Kan henda umerkeleg set det seg i dei. Kjenner ved høve at det er der. Uutryddeleg kjende Vesaas det:

*Frå første stund
er det vårt
Før nokon har fortalt det,
at det er snø og granskog
har det plass i oss –
og sidan er det der
heile tida.*

Europearen Arne Garborg kom aldri fri. Vakkert var det ikkje «*Tenk at me her på den fæle, stygge Jæren har kunstmålarar.*» Underleg at nokon søker det friviljug. Endå

desse heidane og myrane med fjelli i aust og havet i vest, det er det einaste av land som rett kjem meg ved i denne verdi. Andre stader kan vere vene. Dette kan vere vent eller stygt. Men det er mitt.

Med røynsler frå vidt ikring kan det vera mykje rott og rote som skulle vore rydja bort or det heimlege. Skal tru likevel om ikkje kvar einskild også i globalistgenerasjonen etter tusenårsskiftet vil vera budd til å slå sverdslag for einkvan staden på denne jord som retteleg kjem ho og han ved i denne verda. Som Jan Inge Sørnbø gjer det for si øy lengst ute i fjorden.

*Dette er min øy
Tørt gras, vind og skyer
Skamkjensle og bylgjeskum
Og otte for sterke lydar
Ikkje ta mi øy
Eg reiser øya på ende
Som skjold mot maktene
Her lever eg
Tørt gras og vind og skyer
Og otte for sterke lydar
Dette er mi øy*

Litteratur:

Garborg, Arne: Knudaheibrev. Samla verk bind 8. Oslo.
Liljeström, Rita: 1979 Kultur och arbete, Stockholm.
Pedersen, Willy 1996: Marginalitet – arbeiderklassens sårbare sønner, i Øia, Tormod (red.): Ung på 90-tallet, Cappelen.
Straume, Jakob 1957: Kristenliv i Rogaland. Lunde Forlag.
Sørnbø, Lars Inge: Diktsamlinga Lågt skydekke.
Tiller, Per Olav 1969: Verdiorienteringer og fremtidsdrømmer hos tre grupper av norske skolebarn. Tidsskrift for samfunnsforskning, nr. 2.
Wadel, Cato 1990: Den samfunnsvitenskapelige konstruksjon av virkeligheten, SEEK a/s, Flekkefjord.

Erik Fossåskaret (51) er sosiolog og førsteamanuensis ved Høgskulen i Rogaland. Han bur på Rennesøy.

Det gamle kastet

AV JON MOE

Minne om gamle kast og hopp og sprang sit fast og varer så lenge det spinn i oss. Å, her var herleg leik og idrett i den gamle tida! *Íðrottarmaðr mikill* var det tidt tale om i Noregsoga, spreke gutar. Revkrok, dét var idrett! Snu steika, bevaredeg-vel, det var leik! Det har rivna så mang ei brok. Hanga i bjelkane etter klypen – hanga etter króppen arm. Då blåna fjes og brotna tann. Ta klypalyftet, dra krokfing til du ser regnbogen. Og prøv å ta munnstein under vatnet.

Torbjørn snakka om «Det gamla kastet». Det var litt av eit kast, sa han; det var hælringar under himmelen. Me skulle få sjå det. Ein søndag utpå vårparten bar det til nedanom kjerresvåla, på den flate tri-snippen mellom vedaskuten og folgestova. Der låg eit branda-lad som Torbjørn jaga oss ungane opp i.

– Nå set'e de der de set'e! sa han. – For nå ska' det skje!

Men han laut ha minst tolv meter fritt slag til alle sider.

Torbjørn kasta trøya, gjorde seg umak med å bretta og leggja ho fint frå seg oppi vedakosten, løyste beltet, hengde knivastedle på sagekrakken. Så tok han eit par hukkedans-steg og vart deretter ståande i spenn med stålstrakte musklar frå hals til tå.

«Det gamla kastet» vart likevel ein løyndom, for akkurat då han var komen så i programmet laut Torbjørn bryta av og nødvendigvis bita seg ei skrå. Meir vart det ikkje med han. Det var dét, at det trongst to –

ein til å hiva og ein til verta hivd. Men me tykte likevel at Torbjørn var bort imot jamgod med Setesdal-kjempa som åt opp fjorten rame verar på ein vinter – einaste suvlet som dugde – og deretter dengde kvar kjempe som i dalen fanst. Den karen kunne vel «Det gamla kastet»?

Ein hyfser litt på akslene når ein minnest den store Torbjørn. Gamle Torbjørn Foss, besten hans, hadde lært kastet av Albert Foss, naboen. Han var av den kraftige 1831-årgangen, og grannen Torbjørn var fødd i 1837. Dei var i Kvamen og slo og hadde sett seg til å kvila «hallé» midt i økta. Så seier Albert:

– Eg kan eit kast; det er mest'e for gale at det døyr ut med meg.

Ein kunne tru at Albert drog på åra, men han var enno berre 48. Dette var i 1879, nett før jordskiftet det året, og såleis hadde det seg at begge slo i Kvamen. Ja, Torbjørn var einig i at det ville vera for gale at kastet skulle koma bort.

– Lat meg sjå! sa han.

Albert skaut rygg, bukta seg og vingla hender og føter som ein vindhane. Akkurat slik skulle det gjerast, sa han.

– Lat meg prøva, bad Torbjørn.

Dermed tok han og hivde Albert jordlaust ned i eit bekkefar. Han kom krypende oppatt, våt som ein katt.

– *Fader!* Eg lærde deg mest'e for møkje! hiksta han.

Det gjekk ein generasjon, og no sat kunnskapen om kastet fast i hausen på fleire. Eldste sonen til Torbjørn heitte Torsten og var ein heil'e *sular*. To av Albert sine søner sat frampå bakken ein søndagskveld og såg Torsten Torbjørnson koma

oppetter postvegen. Han gjekk ikkje beint; no skulle det vera ganske enkelt å ta han. Dei var store og spelege, men Torsten kunne «Det gamla kastet» etter far sin, så det vart han som tok dei. Han la til og hivde dei etter tur så det var ein fryd, sa Østeidn – husmannen på Tueteigen, han sto såg på. Eldste offeret var ein prylert på tri alner, men han vart hivd som ein snott bort i røysa. Han øya seg «narraleg» for kragebeinet som brotna, og øyinga fekk han halda på med lenge, for han laut til sengs og liggja i vekevis, midt i slåttén.

Ein trudde at Torsten var den siste som kunne «Det gamla kastet». Han emigrerte til Minnesota seinhaustes året 1903 og tok kunnskapen om kastet med seg. Men ein fekk tru omatt. Broren Samuel, som overtok garden på Foss, synté at han hadde lært noko av Torsten, ikkje



Stavsprang med kornstaur på Hoftunsmoen kring 1947. Frå venstre Idar Grøthe og Sigurd Fisketjøn, som lyfter føter og hjelper liksom til så Jon Vårvik bykser elegant over tauet. Albert Aarhus står og ventar på tur. På høgre sida står Kjell Sandvik, Birger Sandvik – som og lyfter fot – og Toremann Lunde med godt tak i kontroll-tampen.

Foto: Olav Skogen

for lite og ikkje for mykje. Det var tidt slik ein leik då dei tente kongen på «eksisen» på Madla. Dei hadde moro av å takast, og dei tokst så det spraka i saumtaka. Torbjørn Bråtveit – «*tamburen*» frå Nes – og Osmund Berge frå Sandsbygda var vitne til at Samuel ordna opp med den kroppen ovan til Osadn som dei kalla Sabben. Han var stor og tung og ikkje lett å velte. Men Samuel kunne «Det gamla kastet» og hivde Sabben til vers i ein boge, og deretter kunne han hersa med han som katten med musa.

Kastet gjekk visst ut på at ein treiv akslene til motparten, hykte seg og sette foten framantil midt i nedre delen av skrotten på den som skulle «få det». Den sjokkerte, halvklakka armingen var heilt makteslaus. Krafta kom nedanfrå som ei anna «*rakjetta*».

Det er eldgammal kunnskap. I saga om Sigurd Fåvnesbane blir det fortalt om noko liknande, om uventa kraft nedanfrå. Ormen Fåvne låg på gullskatten på Gnitahaia og rann berre av når han laut i elva og drikkja. Hogg og slag beit ikkje på han. Men Sigurd visste råd. Han grov ei grop som han la seg i. Fåvne kom buktande gjennom lyngen og ante fred og ingen fare. Men der sat Sigurd på huk og rende sverdet i han – nedanfrå og opp i hjarta på han. Såleis vart det aller første gamle kastet utført. Fåvne vart ialfall drepen. Han låg no der og krulla seg:

– Svein, å svein kva hev du gjort? sa den døyande Fåvne.

I Suldal gjekk det i verste fall berre ut over kragebeina.

Å, her var mykje herleg leik i den gamle tida. Revkrok, dét var idrett! Snu steika, bevaredeg-vel! Det hev rivna so mang ei brok. Hanga i bjelkane etter klypen – hanga etter kroppen arm. Då blåna fjes og brotna tann. Ta klypalyftet, men ikkje utan påfreistnad framsetter lekamen, – greia det Storegut gjorde; han tok ein tønnesekk med salt, «dansa der på golvet att og fram, svinga han til munnen som ein dram».

Vanleg vektlyfting med hand og arm og rygg og kne og heile seg – det var det likaste. Lyfta kampesteinane innføre kyrkjegards-léet, «lesar-lyftet» dei kalla, det var manndomsprøven blant dei som gjekk for presten. Minste steinen har fleire kraft-konfirmantar lyft; stei-



Stavsprang i Suldalsosen ein 17. mai i 50-åra..

Foto: Olav Skogen

nen må vera 80-100 kilo. Tyngda er ein ting, forma noko anna. Det skal ikkje lite til å få taket på dei kulerunde beista. Ikkje mange har greidd den største steinen, som er mykje på andre hundre kilo. I 1892 kom fjortenåringen Anders Slagstad-Bøen og tok han. Lars Bastianson Løyning, f. 1908, gjorde det i 1923. Anders Slagstad den yngre gjekk og las i 1934, Ånen G. Stråpa i 1943, han tok begge «lesarelyfta» etter tur, de' va' fæl'e kar! Tor Larsen Lunde spurde Ola, sonen, og den småbrotne Olaus Berfjord der dei kom på heimveg frå presten om dei no visste kven som var den sterkaste, ikkje i trusartiklane men i å lyfta steidn.

– Ikkje kven som er den sterkaste men kven som er den uvørnaste, svara Olaus.

Mann mot mann drog dei krok-fing. Det hende at den eine va' så fæl'e te knepta at den andre blei aldeles maktstolen og tapte kampen før dei hadde fått skikke-

leg begynt. Då laga dei lykkje på eit fleir'-leta, bregda sokkeband. Og dei drog til dei såg heile regnbogen i eit flimmer av sokkeband og blod.

Ikkje alle kunne bera namnet «god kar», men det var nyttig å gå rundt og kjenna seg «ganske god» – anten ein var det eller ikkje. Å halda si eiga sjølvkjensle oppe, det var ein innvortes idrett: – Slå ut med armene liksom ørna med vengene på høgaste varden og sei lågt, men inderleg:

– Kom igjen!

Ein kunne alltid visa seg, det kosta ingen ting. Men ein burde passa seg; ein kunne bli teken på ordet.

Østeidn Osen gjorde kast, men han var best i byks. Hotelleigaren og hestesprengjaren la til med lengdesprang oppå Fisketjønns-Hauadne ein søndag i 1901, og han bykste ti'e alner på lauparsko og hard'e vodl. Det var eit meistersprang på seks meter og trædeve centimeter, sju centimeter lenger enn Christen Seeberg sin Norges-rekord frå 1896.

Ein gong hoppa Østeidn hellehopp over hesten sin; det var dette ein kalla «stille høyde». Stille høyde var det óg når ein sto oppi ei tomtønne og helle-hoppa utor. Ein måtte ha sprett i seg, skulle ein koma frå det med æra og berre litt lake og sildarisp på knea.

Jentene gjekk på veggene med veggball og vart så rame i det at dei kunne mest'e synt seg fram for betaling. – Tale om vegger. Leiv Kvæstad, f. 1920, sprang beint mot kjerresvål-veggen; det såg geipe ut. Men han sette trommestikke-beina føre seg og heldt fram i full fart opp etter bordkledningen. Som ein skugge entra han slette veggen og stakk ei tå i takskjegget. På nedturen vrei han seg i baklenges salto og nådde bakken med føtene først, den katten.

Det gjekk gjetord om den eine og den andre. *Kleng Hammaren!* sa dei med salvelse – det var som eit kast i sjølve namnet. Kleng var ein slengjefant av ein figur, sa

dei. Slike folk blei ofte nemnde. I somt kunne ein mest ha hug til å liknast på den eine – og særleg den andre.

Det var ein leik for kalde karar som brukte si fridomsdtid på heimveg frå skulen. Under Kvednahålo vart det laga grop til ein passeleg djup høl i ein siklebekk som kom på tvers av vegen. På botnen låg ein liten kvit stein. Ein brette kragen, gjekk ned i kneståande – og dukka heile hovudet. Med opne augo søkte ein rundt til ein såg den kvite steinen, gjekk til botnar og tok han med munnen som ingen ting.

Det å ta munnstein var meir enn ein leik. Ein fekk noko att for det. Attåt steinen var det ei våt skjorte men også ei varm visse inni seg:

– Eg greidde det!

Gifta padde! Det arma krekje' kunne og vera skuld i drigling på heimveg frå skulen. I myrkanten var det ein heil padde-koloni. Etter tur dreiv ein då og «gifte» dei. Det var berre å finna ein fjølende, som vart lagd i jamvekt over ein stein, ta padda og hald ho på eine enden, ein – to – tri. På *tri* slepper du padda med det same *presten* slepper kampestein mot andre enden. Katapulten sender brura jamhøgt med tretoppene; ho vert aldri meir sett og aldri meir spurd. Men her var ein som verkeleg fekk sjå brura. Denne idrettsutøvaren stod klar med stor stein i neven. Og der sat padda og tåkna og stirde på han frå andre enden av fjøla, stakande midt imot.

– Ka e' det du etlar deg té med? spør padda.

– Det skal du snart få veta!

Padda kjem og treffer guten midt i fjeset.

Øvegidde vart dei begge. Det kan så mange leisin bera til i brudlaup.

Men var det idrett? Det var både stille høyde, stille lengde – og stille ettertanke.

Fotball – mest utan ball. Ein kunne sparka lenge på ein fille-tull, springa rasande og jagande over heile

banen i beksaumstøvlar og sparka Jakob på leggen så det viser den dag i dag, femogfemti år seinare. Den som stod mellom stengene imponerte med å kasta seg til høgre når han skulle ha kasta seg til venstre. Det er iallfall *noko* som ikkje har forandra seg.

Spring om kapp, spring så skjorteflak og syttandemai-sløyfer flagrar. Det vankar lommespeglar i premie. Ein kan vera med på sekkjelaup óg, men det er imot naturen. Skal ein springa på fridoms- og nasjonaldagen, må ein vera heilt fri og ikkje vera fange i ein sur kraftfôr-sekk.

Her var mangslags idrett. Stikkesprang eller stikkhopp var det same som høgdehopp, rett og slett, og hadde namnet etter utstyret. Det var avkvista ungbjørk med passeleg mykje att av kvistene til at tverr-kvisten, lista, kunne leggjast der og flyttast oppetter gradene. Ein hoppa stikkesprang på tresko, dessmeir.

Og med tri konnstaumar og eit snøre i horisontalen vart det laga stavhopp, alltid med meir vekt på høgda enn på stilen i den tida òg. Den som stod og heldt i tampen kunne slakka eller strama han ørlite-grann etter som han lysta.

Dei tok ryggjatak så det knaka, og ein pinstidag for meir enn hundre år sidan vart ein Bråtveit-ungdom knepta så det kjendest. Guggedølen hadde brote eit ribbein på motstandaren. Gjorde dét noko då? Der var så mange gitar frå den stova; det var sidebein nok Kvednaflåto, lydde det. Slik er det hermt i hundre år, men ein stad sit det att ein minne-rest som ei grautskove i gryta:

Kultursoga har også eit kapittel om ved; ein såg snart kva styr det var på kvar staden når ein glytte inn i vedaskuten. Somme hadde alltid nøgda med ved medan råved-folket hadde lite og inkje. På Kvednaflåto var det god vedaskikk. Rett innføre døra hadde dei lødd inn vanleg ved. Lenger inne var der alltid

småhoggen kaffived og granne skjevlar til bakstevet.

I si heile herming lyder det slik, det håle svaret frå Guggedalsbøen:

– Me har så møkje sidebein som der småved i det insta vedala' på Kvednaflåto.

Minne om gamle kast og tak og sprang sit fast og varer så lenge det spinn i oss, dette òg: To drenger fekk husbonden til å «skjota på flekk». Mannen let om om at skot hadde han aldri løyst og aldri ville han gjera det heller. Han lika 'kje krutlukta, sa han.

Drengene gav seg ikkje. Dei øksa ei spøne av på stabursdøra, det var «flekken».

På resten kom han, ja, så forsynemeg kom han! Det var best å passa seg. Drengene tukka seg til sides. Skyttaren *vispa* med børsa ut i veret. Og der small det. Han datt, på ein måte, ut or krutrøyken med eit ansikt som uttrykte noko midt mellom gråt og lått. Og dette sa han:

– Hu spente så ein hest, det svinet!

Dei sprang til og ville granska flekken i døra, men fann ikkje eit hagl nokon stad. Han hadde ikkje eingong snerta stabburet.

Jon Moe er ein skrivande pensjonist som bur i Suldal. Han har tidlegare vore redaksjonssekretær i Stavanger Aftenblad. Jon Moe har eit omfattande forfattarskap bak seg, og har m.a. gitt ut «Geite-rams» 1992 og «Kari – ei utvandarsoge» 1994.

Dans på Norheimskrossen

AV KOLBJØRN HAUGE

Krigsåra 1940-45 førde med seg så mange slags rare påbod og forbod. Radioane måtte leverast inn, tolleknivane fekk berre vera av ei viss lengd, enkelte fjordstykke var stengde om nettene men ikkje om dagane, kjøpmennene fekk ikkje lov å selja dagferske brød og meir slikt. Men noko av det raraste var at offentleg dans blei ulovleg. Utpå hausten i 1941 kom meldinga: I solidaritet med alle unge menn som låg ved fronten og stridde for eit nytt Europa under Hitlers leiarskap, var slike utslag av ungdommeleg kåtskap forbode til den endelege sigeren var nådd.

Ikkje all slags dans var ulovleg – berre pardans der gut og jenta heldt rundt kvarandre. Folkeviseleik var nazi-styresmaktene svært glade i. Og gammal rheinlender med faste turar og meir slikt gjekk fint. Men det stakars paret som ikkje hugsa turane etter kvarandre og slo over i vanleg foxtrotstil for å berga seg, dei gjorde seg skuldig i lovbrøt.

Men ungdommar var ikkje ungdommar om dei let seg stoppa av slikt. Gong på gong las me i avisene at no hadde lensmannen slått til og arrestert ein flokk som hadde forsøkt seg på ulovleg dans. Det blei ikkje rekna for noko stort brotsverk, og eg veit ikkje om nokon som fekk fengselsstraff for å ha dansa. Men bøter blei det nok, og det kunne svi hardt for unge menneske med låg inntekt. Ofte las me i avisene om kva som hadde gått føre seg når politiet overraska dansarane. Om folk som skamslo seg når dei prøvde å røma ut vindaugo eller loftsglasa, om jenter som reiv kjolane sine i filler når dei hekta seg opp i ein spikar

om dei kravla seg ut kjellarglaset for å komma seg bort frå dansehuset, og meir slikt.

Sjernerøyane var ein fredeleg stad under krigen. Det fanst ikkje ein einaste nazist der, ikkje som me visste om i alle fall. Rett nok høyrde me rykte om utflytte sjernerøybuar som var litt stripete, som me sa. Og mange heldt seg ikkje for gode til å selja litt jordbruksvarer svart når høvet baud seg. Men både lensmann og ordførar måtte importerast frå andre stader. Heller ikkje var det stasjonerte tyskarar der. Av og til slong det innom ein og annan tyskarbåt som sprengde ei ilanddriven hornmine, eller ei skøyte som rekvirerte kålrot og poteter og slikt. Men bortsett frå rasjonering og knappe tider såg folk lite til krigen og dei møder den førde med seg.

Sidan tilhøva var slik dei var, blei Sjernerøyane mest som ein fristad når det galdt dans. Bjergøy hadde sitt ungdomshus, og av og til blei det nytta. Men mest blei det dansa på Kyrkjøy. Der hadde me rett nok ikkje

noko hus til å dansa i. Men så sant det var oppheldsvær, dansa me i Norheimskrossen. Av og til i eit tomt naust, og ein vinter greidde me lirka opp eit vindauga på baksida av skulehuset og dansa i kjellaren der. Men det var Norheimskrossen som blei den store møtestaden for ungdommen, både for feriefolk frå byen og fastbuande frå øyane. Folk frå andre øyar kom roande for det meste. Men mange hadde fått brennstoffkvote til fiskebåtane sine, og fann ut at dei kunne bruka eit par liter på den moroa som var å nå borti. Mange utanbygds ungdommar reiste på helgetur til øyane, hadde med seg telt eller overnatta i løene rundt på gardane. For dansen på Norheimskrossen var namngjeten. Det var ei mils sjøveg til næraste nazist og tyskar, så me blei aldri forstyrra.

Sjernerøyane var utan elektrisk kraft den tid, så me hadde som regel levande musikk. Av og til hende det nok at sveivegrammofonen måtte gjera nytte, men slike spinkle saker var meir brukande til å kosa seg med i haugane om søndagane enn å dansa etter i ståket utandørs på Norheimskrossen. Nei, på laurdagskvelden var det berre trekkspilet som kunne gjera nytta. Spelemennene våre var så absolutt amatørar, og dei heldt seg til dei gode gamle melodiane. Men dei var lette å be, anten det no var han Karl Brekke eller han Edvard Åserød som stilte opp. Av og til møtte det opp ein og annan utanfrå og fekk låna spelet, særleg han Geoffrey Nedrebø frå Aubø kunne få sug i tangoen når han testa belgen for fullt.

Alkohol var ikkje lett å få tak i under krigen. Brennevinet var rasjonert, og mange av dei som hadde skaffa seg brennevinskvote, brukte heller spriten til å byta til seg varer dei ikkje fekk elles. Sukkeret var strengt også rasjonert, ja, til og med gjær var det uråd å få tak i visse periodar. Derfor var det vanskeleg å laga heimebrygg òg. Det hende nok at ungdommane rappa

med seg eit par liter av melassesirupen som kyrne skulle hatt og laga seg rusande sats av det. Men slikt brygg risikerte å gi ei invalidiserande bakfylla, så dei fleste heldt seg borte frå den drikk. Eg kan såvidt hugsa at det eit par gonger blei litt fyllekrangel på Norheimskrossen, men til vanleg gjekk det heile svært fredeleg for seg. Verre kunne det vera når det var dans på ungdomshuset på Bjergøy, for då kunne dei gamle motsetnadene mellom Kyrkjøy og Bjergøy komma fram. Særleg ille var det ein 17. mai, 1944 meiner eg det var. Nasjonaldagen våga me sjølvsagt ikkje å feira. Det ville fort komme ut, og det var streng straff for det. Men ein helgedans var ikkje så farleg, så den kosta me på oss. Så blei det dessverre litt krangel mellom ein kyrkjøybu og ein bjergøybu, og så var gneisten tend. Etter kampen den natta var det mange som gjekk med solbriller i dagane etterpå, og det fanst folk som var arbeidsuføre i dagevis og vekevis både på Kyrkjøy og Bjergøy.

Det var ikkje berre moro å vera spelemann. Spelemannen hadde eit handicap når det galdt spørsmålet om å få følgja jentene heim. For det første måtte han spela mens me andre brukte tida til å dansa og knyta kontaktar med dei jentene me lika best. For det andre hadde han det forbaska spelet å dra på, både ut og heim. Det førde med seg at spelemannen ofte kom i ein ulagleg posisjon når dansen løyste seg opp og heimturen begynte. Dessutan hende det at han hadde litt slagside av alle myntane han bar i jakkelomma. For rett nok var han amatør. Men oftast var det ein eller annan som fann seg ei lue og gjekk rundt og bomma publikum etter ein liten skjerv til musikanten. Jentene slapp fri, det var berre gutane som blei spurde. Og det blei sett på som dårleg sportsånd dersom nokon skulda på at dei hadde lagt etter seg pengetaska heime. Når lue mannen ikkje greidde å pressa meir ut av folk, gjekk

han bort og tømde alt oppi lomma til spelemannen. Ingen pengar blei talde der og då, og eg tvilar på om spelemannen våga å føra opp summen i sjølvmeldinga etter at han var tald heller.

I dag ville ungdommar sikkert tykkja det var primitive saker med dansen vår i krigsåra. Men me hadde det herleg moro, og var glade me budde på ein plass der me kunne få lov til å vera ungdommar også på den måten. Søndagsmorgonen stod skorne mine uti bislaget, der tok eg dei alltid av meg så eg ikkje skulle forstyrra folk i huset med harde steg når eg kom heim

utpå natta. Ho mor skjøna nok at eg hadde vore på dans når ho stod opp, for både karar og kvinnfolk hadde trødd meg på tærne i trengsla nede på Norheimskrossen. Og forma på dei dårlege krigsskorne likna meir på ein kjelkemeie enn på skikkeleg fottøy, og synte klårt at eigaren var ein kar som hadde trødd dansen flittig i grusen nede i vegkrossen kvelden før.

Kolbjørn Hauge er pensjonert lærar frå Sjernarøy, nå busett i Stavanger. Han har gitt ut fleire fagbøker, men er nok mest kjent som kriminalforfattar. Han har også tidlegare skrive for Folk i Ryfylke.

Ung i ulike tider

AV NJÅL TJELTVEIT

Oppvekst og livssituasjon varierer i ulike tidsepokar i Ryfylke-bygdene som i andre delar av landet. Dei ytre vilkåra endrar seg og er med på å forma tankar og holdningar og krav til yrke og arbeidsplass. Vi er alle fødte i ei bestemt tid og under visse sosiale vilkår. Geografisk oppvekst er med og formar oss i barne- og ungdomsåra, men livsgrunnlaget i eitt distrikt er ikkje totalt ulikt dei ytre livsvilkåra som andre veks opp i. Sosialt utgangspunkt og historisk utvikling har mykje og seia som påverknad på det individuelle livsløpet.

Begrepet livsløpsteori blir no brukt i samfunnsvitenskapelig teori. Denne teorien plasserer folk i ein konkret historisk samanheng og i ein bestemt livsfase. Det handlar om både individuell livsløpsvariasjon ut frå samfunnsmessige vilkår og folk si sosiale forankring, samtidig som individet si rolle i utforminga av eige liv blir understreka,

Vi skal i denne artikkelen sjå nærare på korleis folk opplevde og opplever å veksa opp i det geografiske området som idag heiter Hjelmeland kommune. Landskapet har vore det same for dei som er 90 år og dei som er ungdommar idag, men dei ytre livsvilkåra har endra seg mykje gjennom åra. I samfunn som endrar seg raskt vil folk med ulike fødselsår møta ulike vilkår med skiftande utfordringar og avgrensingar. Bygdebarn i Ryfylke har ikkje opplevd så radikale skifte i det ytre miljøet som i byar og tettstader med stor vekst, men samfunnsutvikling og ymse endringar gjer likevel sitt til at vilkåra ikkje er dei same for ungdom i ulike tidsepokar.

Bygdene i Ryfylke låg tidlegare mykje meir avstengde frå kvarandre enn dei gjer idag. For ungdom er det mykje lettare å komma seg til andra stadar for å treffa ungdom frå bygd og by og henta inn nye impulsar. Mediesamfunnet er og med å påverkar og formidlar same verdiar og holdningar til unge same kor dei måtte bu.

Det er viktig å sjå ungdomstida ikkje berre som eit biologisk, men og som eit sosialt og historisk betinga omgrep. Det fins ulik mentalitet i ulike generasjonar sin ungdomsfase.

Individualitet er viktig i utviklinga gjennom puberteten til vaksenfase, men vi vil gjennom individuelle samtalar sjå på særtrekk og individuelle skilnader i ulike tidsepokar. Utviklingsvilkår og utviklingskrav er og skapte av historiske og sosiale forhold. Geografi, miljø og samfunnssituasjonen i både nasjonal og internasjonalt samanheng påverkar oss. Ungdom handlar i forhold til vilkåra dei veks opp i.

Konfirmasjonstida har alltid ei viktig markering. Då tok barndommen slutt, og gutar og jentar gjekk over i ungdomstida med vaksenstatus. Eit viktig skilje som konfirmasjonen sette for mange var at no kunne dei gå på dans og delta i ungdomsaktivitetar. Slik fortel Marie Jordal (f. 1898) om endringar etter si konfirmasjonstid i minneoppgåve for eldre frå 1980: «I Oktober 1913 vart eg konfirmert. Det var for meg ein skikk. Ein sere-
moni i kyrkja, nye klær, eit fint lag heime og so var eg i dei vaksne sine rekker - mest. Ei vika etter tok eg til på framhandsskule.

Og det var ein gild vinter. Gild var skulen og gilde var festane me skipa til. Me heldt til i eit gammalt gårds-
hus som låg noko avsides så når me skulle vaska der laurdagskveldane, gjekk dansen «lett over tilje» til munnspelemusikk. Eg var lett på tå, og hadde øvt meg trottig på kjøkgolvvet heime med sopelimen som partner. Så der greide eg meg godt.»

Ungdomstida hadde mindre særpreg for dei eldste som lever i dag. Etter konfirmasjonen var barndom-
men slutt, og no auka kravet til deltaking i det vaksne arbeidet.

Ungdomstid med mykje arbeid

Vi måtte arbeida mykje som ungdommar. Det var alle vane med, og dei aksepterte dette som ein sjølvsgd del av livssituasjonen. Slik var livet for oss som var unge den gongen, seier *Ingeborg Kaltveit* i Årdal. Ho er fødd i 1901 og meinar at dei unge i hennar ungdomstid på mange måtar hadde eit betre liv enn dei unge har idag, sjølv om arbeid og strev prega ungdomstida. - Vi hadde ikkje så mykje stress og press som dei unge opplever idag, tykkjer Ingeborg Kaltveit. Ho voks opp på ein avsidesliggjande gard og hadde mange søsken. Når barna blei ungdom, reiste dei ut og skaffa seg teneste eller anna arbeid andre stadar.

Mange dro til Stavanger. Der tok jentene kurs i handar-
beid og syng. Alle søstrene til Ingeborg Kaltveit gjekk nokre månader på syskule i Stavanger. Ei søster gjekk og på Solborg ungdomsskule i skulen sine startår. Utdanning kosta pengar, og det var ikkje aktuelt å gå lenge på skular av økonomiske grunnar. Men det var heller ikkje vanleg at ungdom i Årdal eller andre byg-
der skaffa seg mykje utdanning i åra før 1920.

Ungdommane trongst i arbeidet heime på gardane. Det var eit ansvar som låg på dei unge å delta i gards-
arbeidet Dei unge måtte organisera livet sitt slik i tid-
lege ungdomsår at nokre alltid var heime. Når gutane skulle på sildefiske og tena seg pengar der, måtte Inge-
borg Kaltveit reisa heim og vera med i gardsarbeidet. Ingeborg Kaltveit byrja som tenestejente i heimbygda same hausten som ho blei konfirmert. I 2,5 år hadde ho arbeid som tenestejente i heimbygda hos ein familie som var svært strenge. Kona og mannen var barnlause, og då Ingeborg Kaltveit kom til Vormedalen som tenestejente i 17-års alderen, kjende ho seg fri.

Faren hadde hovudrolla på garden heime. Det han sa skulle gjerast av arbeid ute, var lov. Sa han at idag skulle dei unge vera med på lauving, var det ikkje snakk om sukking eller protest. Forlanga faren for mykje, gret dei unge, og då lempa han på krava. Då Ingeborg Kaltveit reiste heimanfrå som ungdom, sa faren at no er du kommen i den alderen du må sjølv ta ansvar. Ikkje lyg, ikkje stel og ver ærleg! Då går det deg bra i livet! Desse tre levereglane fortalde faren henne og han såg med eit tydeleg blick på henne då han sa det. Det minnest den 97 år gamle Ingeborg Kaltveit enno. Orda følgde henne slik ho hørde dei som 15-åring, og ho set pris på desse levereglane enno. I oppveksten var livet prega av hardt arbeid på heime-
garden, Ingeborg Kaltveit tenkte som ung jente at ho ikkje skulle gifta seg og bu på gard. Det var eit hardt

og krevjande liv å vera kone på ein gard, tenkte ho. Men ho blei gift med ein bonde i heimbygda og har gjennom heile livet identifisert seg sterkt med gardsarbeid og vilkåra for bøndene.

Ungdommane i Årdal møttest på tre plassar. Det var på Valheim for dei som budde øvst i bygda, ved skulen nede i bygda var det ein danseplass, og det var danseplass på Nessa-kaien. Då det kom ungdomshus, blei ungdomsflokken i bygda meir samla. Ungdomslaget og avhaldslaget var viktige samlingsplassar for ungdommane i Årdal. På større årsestavar hadde ungdommane i Årdal kontakt med ungdommar på Hjelmeland og Fister. Mange ungdommar gifte seg med sambygdingar. Men det kom og ungjenter frå andre bygder til Årdal som tenestejenter, og nokre arbeidde på eit pensjonat om somrane. Nokre tenestejenter frå Årdal som fekk arbeid på Hjelmeland, blei gifte der. På rutebåtane og kristne stemne i ulike bygder kom ungdommar og i kontakt med kvarandre.

Ingeborg Kaltveit minnest at mange unge jenter var forsiktige i forhold til gutar. Dei snakka om kven av gutane som hadde ord på seg for å vera framfusne og nærgåande. Slike gutar ville mange jentar halda avstand til. I Ingeborg Kaltveit sine ungdomsår var prevensjon ukjent, og det blei ikkje enkelt for unge jenter som fekk barn utan å vera gifte. Det var skam å komma til heimbygda, og mange av ugifte jenter som fekk barn, blei ikkje gifte seinare. Det fanst klare grenser for kva som var rett og gale, men livstrongen var den same som no.

Mange ungdommar frå Årdal reiste til Amerika for å skaffa seg arbeid og betre kår der. Ingeborg Kaltveit opplevde at fleire søsken utvandra til USA og blei verande på den andre sida av Atlanterhavet. Ei slik splitting i familien opplevde ho ikkje dramatisk i ungdomsåra sine. Situasjonen var slik i mange familiar.

Det gjorde sterkare inntrykk når mange unge i heimbygda døydde av tuberkolose i 1920-åra. Ein god del ungdommar bar på smitte, og dette skapte ein usikker situasjon.

Mykje ungdom på bygdene

I 1930-åra var det mykje ungdom heime på bygdene. Å skaffa seg fast arbeid opplevdest vanskeleg, ja, mest umogeleg i Hjelmelandsbygdene som andre stader. Ikkje fekk ungdommar fast arbeid i heimbygda, og ikkje var det lett å få arbeid i andre bygder eller byar. Derfor slo ungdommane seg til heime. Bygdene var fulle av ungdommar som ikkje hadde fast arbeid på årsbasis. På gardane trongst det arbeidsfolk i onnene og til sesongarbeid elles, men dette gav ikkje fast arbeid og sikre inntekter på årsbasis.

Vedhogging kunne skaffa litt pengar til unge menn i delar av året. Dette var tungarbeid. Dei kjørte vegen frå hoggstadene med hest og drog. Saging skjedde med handmakt, og kløyvinga måtte gjerast med øks. Vedprossesen frå hogging til salsferdig produkt tok tid og kravde innsats, men folk visste ikkje om andre arbeidsmetodar.

Dei unge måtte akseptera ein vanskeleg situasjon, og det gjorde dei. Det var ikkje mykje klaging og syting om det var ei håplaus tid. Som ungdommar opplevdest det vanskeleg å få fast arbeid og sikre inntekter. Dette gav heller ikkje grunnlag til å stifta familie. Mennene hadde hovudansvaret for familieinntektene den gongen.

Gottfred Gauthun (1914-1998) var ungdom i Hjelmelandsvågen og klar for arbeidsmarknaden kring 1930. For han og andre jamaldringer var det umogeleg å få arbeid, har han fortalt på eit lydbandopptak om si ungdomstid. Dei kunne få småjobbar på gardane med hevdakjøring, slåttarbeid og andre korte oppgåver.

Løna var frå 1,50 til to kroner dagen, og arbeidstida kunne vera minst ti timar. Når ungdommar med lyst på arbeid måtte gå ledige lange periodar, kjende dei sterkt etter å få fast arbeid og sjanse til å tena seg nokre kroner.

Då det kom igang moloarbeid i Hjelmelandsvågen litt ut på 1930-talet trongst det fleire arbeidskarar. Mange baud seg fram. Den rike tilgangen på arbeidskraft blei utnytta slik at folk måtte arbeida nokre dagar gratis før dei byrja å få løn. Gottfred Gauthun har fortalt at han arbeidde ei eller to veker gratis før han fekk løn. Alle arbeidstakarane aksepterte ordninga. Det fortel noko om kor desperate ungdommar og andre var etter å få seg noko å gjera. Gauthun har fortalt at det ikkje var kamp mellom arbeidssøkjande ungdommar om dei få tilboda som fanst. Ingen dreiv og underbaud kvarandre for å skaffa seg arbeid med ekstra låg timeløn.

Ein del unge på 1930-talet frå Hjelmeland var med notlag på sesongfiske. Det skaffa dei noko å gjera i faste periodar på året. Tidlegare flytta unge frå Hjelmeland til Stavanger og fekk seg arbeid der, men på 1930.talet var det så lite arbeid å få i byen at denne utvegen var så godt som stengd i mellomkrigsåra.

I bygdene i noverande Hjelmeland kommune var det ikkje registrert så mange arbeidslause, for det var nok mange som ikkje melde seg ledige. Det var stor skjult arbeidsløyse blant ungdom.

Halvard Lid frå Fister (f. 1909) opplevde i si ungdomstid at bygda var full av ungdom, og det var ikkje arbeid å få. Det var ei vanskeleg tid med ein håplaus situasjon. Men dei unge klaga ikkje så fælt heller. Dei måtte godta situasjonen som han var. Nokre unge reiste om vårane til Amerika og Australia, men Amerika var ikkje nokon stat der unge kunne skaffa seg arbeid den gongen. Der var situasjonen på 1930-talet heller verre enn i Ryfylke-bygdene.

Ungdomslaget var ein viktig møteplass for ungdom.

På lagsmøta skreiv unge i det handskrivne bladet «Fisterbuen». Det var opplesing og diskusjonskveldar. Eit kurs i folkevisedans sette mange unge pris på. Når ulike diskusjonstema stod på programmet, møtte eldre bygdefolk fram. Nokre av dei likte å bera fram meiningane sine med full tyngd, noko som førte til at dei unge blei meir forsiktige med å be om ordet og ytra seg. Halvard Lid meiner at det var ein fordel for han sjølv og andre ungdommar å læra seg å be om ordet og stå opp i forsamlingar. Halvard Lid blei vald til ordførar i Fister herad etter den andre verdskrigen slutta.

Skodespel var ei årviss hending i ungdomslaget. Spelstykke var ein fast del av programmet på årsfesten. Han samla fullt hus. Fleire var med og hadde viktige roller kvart år, og andre av dei unge fekk små roller. Manuskripta var laga av folk frå andre stadar, og innhaldet handla ofte om giftekåte gamle kallar. Skodespela var underhaldande og hadde ikkje alltid like djupt innhald,

Ein del unge brukte alkohol. Dei la vin heime og kjøpte 96 % sprit, m.a. av dyrlegar til dyrebehandling. Men spriten nytta ikkje alle til dyra, dei brukte han sjølve på ungdomsfestar og i andre samanhengar,

Halvard Lid fortel at han var odelsgut, og han tvilte aldri på at det var han som skulle overta garden. Det låg fast frå barneåra, og arbeida på garden måtte han frå guteåra. I travle haustveker med potetsopptak og skurd misunte han drengen som var ferdig når arbeidsdagen var slutt. Halvard Lid måtte bruka kvelden etter ein lang arbeidsdag til å gjera leksene til skuledagen som venta neste morgon. I ungdommen gjekk han på Utgarden fylkesskule og Tveit jordbruksskule på Nedstrand.

Han hadde stor lyst å ta artium og skaffa seg meir solid teoretisk utdanning, men det hadde foreldra ikkje råd til. Dette opplevde Harald Lie som eit sagn, men

han måtte akseptera situasjonen. Få ungdommar i hans alder reiste til Bryne eller andre stader for å gå på gymnas. Det kosta for mykje. Ungdommar i byar og meir sentrale stader kunne bu heime og gå på mid-delskule og gymnas. Det kosta mindre enn det situa-sjonen kravde for foreldre og unge på Fister og andre bygder i det som no er Hjelmeland kommune.

Ungdomstid i etterkrigsåra

Jan Olav Sigmundstad fødd 1933 på Fister var yngst i søskenflokket, men odelsgut. Han byrja på ungdoms-åra rett etter den andre verdskrigen var over. Som odelsgut såg han det som sjølvsagt at han skulle bli bonde. Men han ønskte å skaffa seg utdanning og byrja på realskule i Stavanger. Utflyttinga førte til heimlengt, og då faren blei sjuk og dei skulle ta opp poteter heime, valde han å slutta på Kongsgård skule og flytte heim. Seinare gjekk han på arbeidsskulen på Hjelmeland og Solborg Ungdomsskule. Jan Olav Sig-mundstad byrja først på realskulen på Svithun real-skule og gymnas. Men han måtte flytta til Kongsgård for der gjekk søstera på gymnaset, og dei sparte 15 kroner i månader i skulepegar når det gjekk to søsken på same skule. Overgang frå ein skule til ein annan og nytt miljø verka negativt på lysten til å halda fram på realskule i byen.

Mange ungdommar reiste ut frå bygdene i Ryfylke etter krigen. På Fister flytte kring halvparten av ung-dommane vekk. By og tettstader drog. Her var det let-tare å få både arbeid og utdanning. Ungdommar følte glede ved at krigen var over og ei optimistisk oppbyg-ningstid med preg av idealisme byrja. I Stavanger blei det eit miljø der ungdommar frå Fister møttest på hyblane til kvarandre. Det var lite vanleg å gå ut på byen, men det hende at fisterungdommane gjorde avtale om å gå på kino. Ungdommane hadde lite

pengar, og dei måtte tenkja seg om kva dei brukte pengar til som smakte av luksus. Når helga kom, var det vanleg å reise heim på laurdagane og tilbake om søndagane. Det sosiale livet på rutebåten var viktig.

Miljøet for ungdom måtte dei unge skapa sjølve. Idrettsaktivitetar var det lite av. Gutane spelte fotball på ei mark. Nokon fotballbane fanst ikkje. Nokre ungdommar var med i studiegrupper. Somme gjekk på leiarkurs i organisasjoner, og det var kurs i folke-dans. Laurdagsdansar var det berre på Fister påske og nyttår. Det blei og laga revyar.

Den staden i nabolaget der det ofte blei arrangert dans om laurdagskveldane, var på ungdomshuset i grannebygda Årdal. Her kom det og ein god del ung-dommar frå Strand. Fisterungdommane slo seg saman og leigde drosjebil for å komma seg på dans. Gitar kjøpte ofte ei flaske brennevin som dei hadde på deling. Alkoholbruk var det ikkje mykje av, men det var vanleg å drikka seg til mot for mange gitar når dei skulle på dans. Det blei sagt at det var smart å drikka fort, får då blei verknaden av alkoholen mest effektiv. Litt rus gjorde at gutane fekk meir mot til å by opp jenter til dans og skapa kontakt med dei. Det var god kameratskap mellom gitar og jenter, og det hende og at gitar kjende ansvar for å by opp jenter som lett blei sitjande som «veggpryd» i danselokalet.

Pengar fanst det lite av, minnest Jon Olav Sig-mundstad. Heime låg lomdeboka open, og han kunne ta pengar om han trong. Men dette blei ikkje mis-brukt.

Jon Olav Sigmundstad var opptatt av kristendom og kristne miljø. Men livet blei lett oppfatta todelt av mange; - kristne og ikkje kristne. Livet hadde ei dju-pare verdi, men Jon Olav Sigmundstad reagerte på eit trongt kristenmiljø og ville ikkje inn i dette mønste-ret. Han tok ein ytre avstand, men hadde ikkje ein

indre avstand nokon gong. Heimemiljøet gav ballast.

Sommaren blei heilt annleis då det kom mykje byfolk på ferie. Då fekk bygdeungdommane nye venner, og det var god kontakt med mange bygdeungdommar. Dei var som ein frisk pust i byda. Byjenter gav nye ungdomskontaktar i heimbyda. Å ferdast rundt i hytter der byjenter var åleine i hyttene var spennande.

Jon Olav Sigmundstad reiste til Stavanger for å ta speletimar. Det var ei long reis den gongen, men foreldra ville at han skulle læra å spela piano. Mange av Fisterungdommane som reiste til Stavanger i Jon Olav Sigmundstad si aldersgruppe, forlet heimbygda for godt. Dei fekk seg arbeid andre stadar, og blei gifte og slo seg til i Stavanger og andre stader.

Ung på 1970-talet

Eldfinn Austigard (fødd 1953) voks opp i Årdal og der budde han i ungdomstida og seinare i det vaksne livet. Han høyrer til 40-åra gruppa. Eldfinn Austigard var ikkje lysten på å forlata heim og heimbygd som 15-åring. Ungdommar som gjekk mange år på skule og skaffa seg utdanning, tente ikkje betre enn andre ungdommar, tykte Eldfinn Austigard. Han fekk seg arbeid på bensinstasjonen, først som helgevakt og med sommarjobb. Dette trivst han med, og han valde å skaffa seg utdanning på eiga hand og ta eksamen som privatist. Som 17-18 åring melde lysten til å forlata heimbygda seg, men då var han med og avlasta far sin i hans arbeid i Ryfylkeveiens Bil-lag og tykte at den aldrande faren hadde bruk for sonehjelp. Derfor blei han verande i heimbygda. Eldfinn Austigard har alltid trivst godt i heimbygda Årdal og kjenner seg knytt til byd og natur. Han er glad i byda og har aldri ønskt å bu andre plassar.

Som ungdom opplevde han lite organisert fritidstilbod i Årdal. Dei unge måtte finna på tilbod sjølve. Ein del tid blei brukt til fotballspeling og til å dra på besøk til kvar-

andre. I ungdomsflokken var det ei klar todeling. Nokre høyrde til bedehusmiljøet, og dei andre gjekk på ungdomshuset. Dette skapte eit markert skilje i ungdomsflokken i 17-års alderen. Kontrastene var tydelege, og Eldfinn Austigard er glad for at det i dag ikkje er så markert todelig i ungdomsflokken.

Odelsjenter med uviss framtid

To unge jenter som no går på vidaregåande skule, seier at dei veit ikkje om dei blir buande i heimekommunen i framtida. Dei heiter Ruth-Jorunn Breiland og Monica Østerhus. Begge er odelsjenter, men dette opplever dei ikkje som ein plikt til å satsa på ei framtid i Hjelmeland. Når dei er ferdige med vidaregåande skule, må dei velja utdanningsveg. Enno veit dei ikkje kva dei vil satsa på. Begge jentene er heime ein del i helgene, og Monica Østerhus har avløyсарoppgåver på garden heime. Men dei har valt sommarjobbar andre stader enn på garden. Begge seier det er kjekt å komma heim, men det er lite å gjera på fritida i bydene i Hjelmeland.

Dei fleste ungdommane frå Hjelmeland reiser ut, og mange held seg i Stavanger-området. Der er det mykje å gå på, medan i heimetraktene er det helst berre Fisterdansen kvar sommar som er eit stort og spennande arrangement. Sommarstid er det kjekkare i heimbyda, for då er det meir folk i Jøsenfjorden, sier Monica Østerhus. Ho likar og å gå på ski i Suldal. Som tenåringar er dei usikre på både framtid og yrkesval. Om få år må dei velja yrkesutdanning, og fleire forhold i framtida vil avgjera om dei kjem heimatt til bygd og gard eller dei vel å busetja seg andre stader. Som 18-åringar er framtida open, og dei har enno tid på seg til å gjera viktige val om framtida.

Harald Ommundsen frå Hjelmeland er 20 år og byrja i haust på utdanning for å bli lærar. Han meiner at det er lite miljø og få ungdommar i Hjelmeland. Dei fleste ungdommane reiser vekk for å skaffa seg utdanning. Natur,

fjellturar og jakt peikar han på som positivt med hjelme-landssamfunnet. Når han er heime i Hjelmeland, må han sjølv organisera fritida. I Stavanger og andre byar er det mykje å ta seg til, men på landsbygda må du visa meir initiativ for å finna på noko å driva med. Harald Ommundsen er oppvaksen på gard og trivst godt i heimbygda, sjølv om miljøet kan opplevast som lite allsidig med få ungdommar. Harald Ommundsen har god kontakt med dei ungdommane han voks opp saman med. Dei beste kameratane er frå heimkommunen, og dei treffest i heimetraktene, i Stavanger og andre stader. Det beste sosiale nettverket har han med dei som høyrer til Hjelmeland.

Ungdom frå byane representerer ein annan kultur, og byungdommar har ein annan gmåte å vera på. Dei oppfører seg annleis, og somme byungdommar ser ned på unge frå bygdene.

Bygdeungdommar er gjerne litt forsiktige og tilbakehaldne når dei treffer byungdommar, men skilnaden i veremåte og tenkjemåte er ikkje fundamentalt annleis når vi blir betre kjende med kvarandre, meiner Ommundsen. Byungdommar er ofte mindre interessert i friluftsliv enn bygdeungdommar, og dei har eit større nettverk enn unge frå Hjelmeland. Klesstilen er gjerne litt annleis mellom unge i byar og ungdom frå bygdene sist på 1990-talet. Nokre ungdommar frå Hjelmeland er opptatt av å kvitta seg med mest mogleg av det lokale preget frå heimstaden når dei flytter vekk, andre er som dei er om dei kjem til andre miljø. Dei er trygge på det miljøet dei kjem frå. Ungdom formar seg saman med andre, men vi er og individ med personleg preg, seier Harald Ommundsen.

Harald Ommundsen opplever at han er ein bygdeungdom med faste røter i Hjelmeland. Det er viktig å vera bygdetrygg. Som nyutdanna lærar kjem han til å søkja jobb i bygdesamunn som ikkje er altfor store, men bygdemiljøet kan godt vera noko større enn det han opplever

på Hjelmeland. By vil han ikkje bu i. Om ti år kan det godt tenkjast at han flytter tilbake til Hjelmeland for å bli bonde i tillegg til lærararbeid. Når ein er etablert og ungdomstida er over, er det trygt og godt å bu i eit bygdesamfunn som Hjelmeland.

Ungdom i dag reiser mykje til Stavanger frå Hjelmeland. Dei må dit for å skaffa seg høgare utdanning, og fritidsmiljøet er meir variert og spennande. I dag har ungdommar bil, og det er ikkje så langt å reisa frå Hjelmeland til Stavanger. Mange hjelme-landsungdommar møtest i Stavanger, og unge frå Hjelmeland har hyblar, så det er lett å skaffa seg privat overnatting. Om ein har faste røter i Hjelmeland, er det positivt og nyttig som ungdommar å oppleva andre miljø i større bygder og byar, meiner Harald Ommundsen.

Lite ungdomstid før

Dei eldste personane frå bygder i Hjelmeland som andre plassar opplevde ikkje ei ungdomstid på same måte som unge gjer i dag. 80-årsgruppa gjekk meir direkte frå barndom til vakse liv der dei måtte delta aktivt i arbeidslivet. Det var bruk for dei unge til fysisk arbeid, og dei fekk tidleg yrkesansvar. Odelsgutur var tidleg på plass i det fysiske gardsarbeidet, og mange kvinner skaffa seg inn-tekte som tjenstejenter i bygd eller by. 90 år gamle Erling Thomsen frå Fister måtte ta på seg ansvaret som handelsmann og postopnar av far sin då han var 18 år, og Halvard Lid misunte drengen som var fri om kveldane etter ein lang arbeidsdag medan ungguten måtte gå i gang med leksearbeid.

Kroppsarbeid og det å meistra slitsamt arbeid merkte åra då barndommen var slutt for den eldste generasjonen som lever i dag. Arbeid og tungt fysisk slit prega livet og livsrytmen sterkt. Utdanning var ein draum som ikkje kunne realiserast både av økonomiske og praktiske årsaker.

Arbeid og ansvar merkte dei eldste generasjonene, og ikkje alle opplevde å få fast arbeid. Ungdomstida var merkt av lausarbeid i heimbygda for somme av dei som ikkje høyrde til gardsmiljø. Sosiologen Reidar Almås peikar i boka «Livsløp» på at arbeidsutfordringar har prega den eldre generasjonen sine ungdomserfaringar: «Sjølv om mange seinare i livaløpet kom i yrke der arbeidet var lett, tok dei med seg arbeidsetikken frå kroppsarbeidet i unge år». Arbeid prega livsrytmen for dei eldste aldersgruppene i Hjelmeland meir enn dei yngre generasjonane.

Dei første ungdommane som opplevde velferdsstaten som unge i etterkrigsåra, har og erfaring med fysisk arbeid. I dag er fritida større, og ungdom skaffar seg utdanning i tenåra framfor å gå inn i fast arbeid. Utdanningstilboda er mange, og det er ikkje lett å gjera utdannings- og yrkesval. Få unge frå Hjelmeland tenkjer bevisst på at dei skal velja seg utdanning som skaffar dei arbeid i heimbygda. Grappa i 20-årsklassen som har odelsrett til gard, er ikkje sterkt opptatt av at dei skal overta gardane. Yrkeserfaring får unge i 20-årsgrappa som avløyssarar heime og frå ulike sommarjobbar i næringslivet eller offentleg sektor. Dei fleste unge kring 20 år i Hjelmeland har sommarjobbar som skaffar dei faste inntekter i feriemånadene.

Fritidstilboda er mange for unge i dag, både organiserte fritidstilbod gjennom organisasjonar og andre alternativ med og utan kommersiell bakgrunn. Fritida har ei anna mening og eit anna innhald for unge i dag enn det dei som no er 50 år og eldre opplevde. Dei unge har mykje fritid, og tilbod finst det mange av. Men mindre bygder har eit magrare tilbod for ungdom enn for barn. Situasjonen er den same i Hjelmeland som liknande bygdesamfunn. Det skjer likevel meir i fritida enn før for ungdommar, m.a. på idrettssida, men dei unge opplever at det er lite å ta seg til samanlikna med større miljø.

Den unge generasjonen opplever i dag eit samfunn der det er tilrettelagt for utdanning. Økonomiske kår hindrar ikkje ungdom i dag å skaffa seg utdanning, slik eldre generasjonar opplevde det. Men det finst ikkje eit så allsidig yrkestilbod i Hjelmeland for unge som i meir sentrale strok. Gjennom alle år har unge flytta vekk frå Hjelmeland for å skaffa seg arbeid andre stader. Økonomiske kår hindrar ikkje ungdom i dag å skaffa seg utdanning. Sosial og geografisk mobilitet pregar og ungdomstida sist på 1900-talet. Mange ungdommar med høgare utdanning vil ikkje kunna få arbeid i heimkommunen, for yrkestilbodet er ikkje så variert. Få unge satsar på å byrja i arbeidslivet som tenåringar. På denne måten har samfunnssituasjonen for unge endra seg sterkt.

Kommunikasjonsstrukturen er heilt annleis i Hjelmeland i dag med ferjesamband og bilar enn det ungdom i 60- og 80-års generasjonen opplevde i si ungdomstid. Då sykla ungdommen og måtte leiga drosje når dei skulle til nabobygda på dans. I dag reiser ungdommane til Stavanger med helgene for å oppleva eit variert og meir urbant liv enn det miljøet i heimkommunen byr på. Bilismen gjer det lett å flytta på seg, og mange unge reiser i lag på utanlandsturar for å skafa seg opplevingar frå land og livsvilkår langt borte frå heimtraktene. Mobilitet prega lite ungdomstida for 60- og 80-års generasjonane før for å skaffa seg utdanning i vidaregåande skule og ta høgare utdanning.

Arbeidsmarknaden er variert, og mange opplever det som vanskeleg å velja. Før satsa dei unge på eit yrke i eller utanfor heimbygda. Valde dei eit yrke, var dette yrket deira gjennom livet, og arbeidsplassar skifta dei ikkje så ofte heller. Kjønnsmessig ulikskap var tydelegare når det galdt utdanning og yrkesval før. Dei eldre kvinnene hadde arbeid som hushjelpar og gjekk på husmorskule, medan mennene satsa meir på

fagutdanning. Ungdommane i dag opplever ein mindre stabil og meir fleksibel arbeidsmarknad. Utdanning er det lett å skaffa seg, men arbeid er det ikkje like enkelt å få for alle. Karakterar i utdanninga er viktig, og dei unge har pengar meir enn tidlegare. Ungdom er ei viktig kjøpargruppe. Tankar og holdningar hos ungdommar er nok meir like i dag enn hos ungdom i tidlegare generasjonar. Miljø og mediesamfunn gjer at tankar og holdningar ikkje er så ulike hos unge i Hjelmeland som i Stavanger.

Skilnadene mellom by og land er mindre for ungdom som veks opp i dag en for unge i hjelmelandsbygder i tidlegare tider. Det gjeld både livsinnhald og erfaringer frå ungdomsfasen. Unge i dag har meir felles opplevingar om dei bur i Hjelmeland og andre liknande bygdesamfunn eller i byar. Utdanningssystemet er og meir likt. For 50-åringar var folkeskuletilbodet med t.d. undervisning i engelsk og gymnastikk variert for ungdom frå Hjelmeland og andre stader som møttest på realskulen på Bryne som 15-åringar.

Blandt ungdom i dag er det nok større identitet og variasjon. Det er meir valfridom når det gjeld livsstil, yrkesutfordringar og fritidsopplevingar. Mange unge opplever og auka krav og forventningar til den enkelte om å prestera noko. Fridom og valfridom er større enn før, men utfordringar som dei unge møter når det gjeld den totale livssituasjonen kan opplevast meir krev-



Ungdommens kulturmonstring -95.

Foto: Berit Bykle

jande enn det tidlegare ungdomsgenerasjonar opplevde. I Hjelmeland har ikkje bedehuskulturen same maktposisjonen som før, og det er ikkje markerte skilje mellom ei gruppe med kristne med klar personleg omvendingsbakgrunn.

Om ikkje alle i 20 års alderen tenkjer sterkt på Hjelmeland som sin framtidige buplass og opplever tiltrekking frå større og urbane miljø, så har dette funnest for tidlegare generasjonar og. Men etter ein del år vekke, har fleire valt å flytta til heimlege trakter.

Dersom vi samanliknar situasjonen for unge i dag med ungdomssituasjonen for dei som er komne lenger fram på livsvegen, er unge i 20-årsalderen usikre på framtidssval. Det er mange utdannings- og yrkesveger å velja mellom, og både gutar og jenter tenkjer nokså

likt om framtida. Få arbeider når dei er kring 20 år. Då er dei i gang med utdanning, og mange veit ikkje kva dei skal utdanna seg til før dei må gjere konkrete val. Få er sikre på at dei vil busetja seg i heimekommunen. Miljøet utanfor Hjelmeland er viktig. Unge i dag opplever mykje mindre fysisk slit enn før, men dei arbeider i skuleferien.

For distriktskommunar som Hjelmeland og mange andre kommunar, har det i årevis vore slik at ressurssterk ungdom reiser ut og buset seg andre plassar. Der som unge i dag skal tenkja på bygder som gode bustader, er lokal identitet i oppvekståra viktig. Dette gjeld både miljø og yrkesopplevingar i heimen og blandt andre som står dei nær. Syting og klaging om lokalmiljø og arbeid skaper ikkje positive holdningar.

Njål Fjelltveit bor på Fister og er kulturleiar i Hjelmeland kommune. Han er ein flittig forfattar av lokalhistorisk litteratur.

98-generasjonen frå Sand i Ryfylke

AV ERNST BERGE DRANGE

Vi har lært mye om 68-arane. Desse som var unge da studentopprør og kampen mot imperialismen sto i sentrum, og som nå har plotta inn den eine laurdagen etter den andre for å feire 50-års-dagane til einannan. Men 98-arane, dei som var fødde 50 år før, for 100 år sidan. Dei har vi hørt fint lite om, og vi tenkte det kunne vera eit høveleg apropos til ungdomstida i 1998. Ernst Berge Drange kjenner dei godt. Han har arbeidd med gards- og ættesoga til Sand sidan 1993.

Det er ikkje noko spesielt med 98-generasjonen frå Sand, dei som var fødde i Sand sokn i Ryfylke i 1898. Vi kan til dømes ikkje sjå føre oss at det skulle vera noko spesielt med talet på fødde dette året, i høve til åra før og åra etter, vi kan ikkje forventast at det skulle vera noko spesielt med kjønnsfordelinga – eller, til dømes, talet på dei som døydde som spebarn. Vi kan heller ikkje sjå føre oss at livsløpa til 98-arane skulle koma til å merka seg særleg ut i høve til generasjonane for åra rett før eller åra rett etter 1898.

Det er dette som gjer studiet av 98-arane – eller for del 97-arane eller 99-arane – interessant. Det er ikkje noko spesielt med dei. Og på denne måten vil vi kunne få veta ein del om samfunnet i Ryfylke generelt kring hundreårsskiftet. Gjennom å nærma oss Sands-generasjonen 1898 vil vi altså kunne finna ut ein del om barnekår og oppvekstvilkår i Ryfylke kring 1900, og korleis livet skulle koma til å arta seg for dei. Vi vil ikkje kunne spørja, med kjeldemessige gode belegg, kva

draumar og planar 98-arane frå Sand sat med då dei voks opp. Det er ingen att å spørja. Men vi sit med fasiten, korleis det verkeleg gjekk med dei.

Vi skal nærma oss 98-generasjonen statistisk. Men sidan talet er såpass lite (44 levande fødde), vil det òg koma fram mange namn og kvalitative opplysningar knytta til einskildpersonar. Lesarar som kjende desse folka vil såleis kunne nikka gjenkjennande. Andre vil kjenna 98-arar, eller 97-arar eller 99-arar, fødde andre stader i Ryfylke og kunne kjenna att liknande lagnader og livsløp.

Denne artikkelen er på eit vis eit biprodukt av ei gards- og ættesoga, «Sand gardar og folk» i 3 band. Gjennom ei mest mogleg fullstendig registrering av personaldata vil såleis ei ættesoga på denne måten kunne bidra med generell kunnskap. Ein kan gripa systematisk fatt i personane bak statistikken.

Vi skal elles innleiingsvis merka oss at Sand sokn er noko spesielt i høve til sokna – lokalsamfunna – elles i

Ryfylke, og for den del til norsk landsbygd generelt i det heile teke. Det skuldast den tette busetnaden – strandsitjarbusetnaden – i Sandsvikjå. Strandstaden Sandslandet var som ein liten by alt frå slutten av 1700-talet, ein service-stad for indre Ryfylke med eit variert nærings- og yrkesliv, særleg innafor serviceyrkene. Dette vil nok påverka vala, draumane og planane for 98-arane frå Sand i høve til born og unge som voks opp på rein landsbygd i andre lokalsamfunn. Men dette forholdet vil det føra for langt å gå inn på her. Vi skal sjå på 98-kullet frå Sand som ein heilskap.

Hundreårsskiftet i rikshistoria

Året 1898 var to år før hundreårsskiftet, på same måten som vi i år er to år både før eit hundreårsskifte og eit tusenårsskifte. I norsk historie sto 1890-talet i unionsoppløysinga sitt teikn. Innstillinga til den tredje og siste unionskomiteen vart lagd fram i januar 1898. Sand hadde sin eigen stortingsmann, Lars Rasmussen, som kunne formidla førsteinstrykk frå Stortinget, der kampen sto. Rasmussen var venstremann, og Venstre hadde gjort eit godt val i 1897, med 79 representantar. Høgre fekk berre 25 og Moderate Venstre 10. Venstremannen Johannes Steen danna si andre regjering i 1898.

Økonomisk og sosialt var siste delen av 1800-talet industrialismen og sentraliseringa si barndomstid. Massearbeidsplassar og utflytting frå bygdene vart meir og meir kjende fenomen. På det religiøse og moralske området var det ei tid då den gamle trua og dei gamle mønstra fekk skjerpa seg i møte med ateistar og agnostikarar og jamvel teologar som ikkje tok alt gamalt for gjeve. Og religiøse folkelege motrørslar mobiliserte til kamp. Det slo særleg inn på Vestlandet. Men Sand var aldri nokon stad for lekpreikarane. I Sand melde sentrale personar seg ut av kyrkja på

denne tida, om dei enn seinare vende attende. Dei kunne ikkje godta det kyrkja sto for, og i alle høve ikkje det dei pietistiske motrørslene sto for.

Folk kjende nok generelt på seg at eit tideverv var ute. «Fin de siècle»-kjensla var framtrudande, med uro over kva den nye tida ville bringa. Men så snart det bikka over, og mellom anna unionsoppløysinga var eit faktum, proklamerte Christian Michelsen «den nye arbeidsdagen» i Noreg.

Draumar og voner

Kva forventingar til framtida hadde born og ungdom som voks opp dei første 20 åra på 1900-talet? Landet vårt generelt opplevde ein eineståande høgkonjunkturperiode, og ny teknologi slo inn på mange omkverve. Vi kan til dømes tenkja på elektrisiteten som skapte om industrien. Og vi kan tenkja på forbrenningsmotoren, som for alvor byrja få utbreiing. Det var ei optimistisk tid, landet sett under eitt. Men på landsbygda skulle dei få merka fråflyttinga sterkare og sterkare. Folk flytta frå bygdene til byane og til nye industristader. Og i Sand – vår kommune – gjekk folketalet ned frå år til år, som i andre landkommunar. Då 98-kullet voks opp gjekk folketalet i Sand ned frå 1415 i 1900 til 1281 i 1920, altså ein nedgang på 134 menneske. Det må ha sett sine spor. Skal tru om dei såg positivt eller negativt på at ungdommane drog frå bygda? Våre «ungdommar» – 98-arane – var vaksne då den økonomiske krisa i mellomkrigsåra slo til for fullt og var gjerne ikkje dei som vart hardest råka av denne.

Jamvel om folketalet viste nedgang var ikkje Sand sine innbuarar tidleg på 1900-talet mellom dei som sat med hendene i fanget. Tvert imot. Sand kommune var ein av dei første landkommunane i landet som fekk elektrisk ljøs (1916). Og Sand Millomskule – «to-årig skule for landsungdom» – tok til så tidleg som i 1913.

Så dette kunne halda ein del av dei skuleflinke heime litt lenger, om det var noko poeng i det då, som i våre dagar. Ser vi på draumar og voner vil det sjølv sagt variera innafor både jente- og gute-flokken, og det vil variere kva plass ein hadde i ein barneflokk. Bygda i Sand var prega av ein sterk bondekultur og odels guten ikkje berre laut gjera plikta si. Han gjorde han òg. Vi vil tru at Amerika lokka somme av unggutane, jamvel om dette varierte frå plass til plass i landet. I Sand vil vi tru at unggutane vart fascinerte av motorane som etter kvart skulle gjera fjordafarten så mykje enklare enn før. Fedrene og bestefedrane deira måtte lita på seglet og vinden.

I alle fall såg nok unggutane fram til å få seg ei fin kona, og gjerne ei som hadde litt pengar med inn i ekteskapet òg, anten dei vart buande her eller der. Men det var slutt på tida då dei ville eller kunne gifta seg til god økonomi med gamle enkjer.

Jentene, må vi kunne tru, såg i første omgang gjerne fram til å få seg huspost i byen, eller kan hende få ein plass i hermetikk- eller ullvare-industrien eller få stå på forretning? Somme såg det gjerne som ein draum å få gå i sy- og skreddarlæra, – eller få gå i sjukepleien? Men først og fremst ynskte dei seg etter kvart ein god og snill mann og friske og greie born. Kan hende somme òg ynskte meir og mindre medvete å gifta seg opp. Men alt dette er berre generelle spekulasjonar. Vi skal sjå på korleis det verkeleg gjekk.

Kven var det som fekk born i Sand sokn i 1898? Kven var foreldra, sosialt og økonomisk? Somme av foreldre-para flytta frå Sand medan borna var små.

44 foreldre-par fekk i 1898 44 levande fødde og 2 død-fødde born. Det var såleis eitt tvillingpar, og det var eitt foreldrepar som fekk barn i begge endane av året,

eitt i januar og eitt i desember. Det er som kjent fullt mogeleg, men gjerne vanlegare før enn no. Det var 23 gutar og 21 jenter. Gutane var altså litt i overvekt, slik det generelt er mellom nyfødde.

Av foreldrepara budde 17 på strandstaden og altså dei 27 andre på bygda (Sandsbygdå, Hylsfjorden og Vintraleå). 20 av foreldrepara, altså noko under halvparten, var gardbrukarfolk. Det skulle seia noko om bondeyrket si dominerande stilling også i eit sokn med ein strandstad. Vi må kunne seia at det var ei etter måten homogen gruppe bønder i soknet, sjølv om somme kunne stå seg betre enn andre.

Så seint som i 1898 finn vi to husmannspar som foreldre i Sand. Husmannsskipnaden, som kulminerte på 1860-70-talet, var altså framleis intakt i ein viss, men ein liten grad. Det eine husmannsparet budde på Ørå i Hylsfjorden, eit plass under Indre Bjerga. Det andre husmannsekteparet var Marta og Ingemund Larsen Ås. Ingemund hadde starta som ung mann som bonde på eine Ås-garden og skipsbyggjar på Ås-klubben, men gjekk konkurs og måtte slå seg fram på andre måtar sidan. Han var fehandlar og slaktar. Ingemund – bror til Madagaskar-misjonæren Reinert Aas – var forresten ein av dei som var utmelde av Statskyrkja på 1890-talet. Han var på ingen måte det vi forbinder med ein husmann i litteraturen. Ein annan av dissentarane var elles Lars Hysten, som fekk sitt eldste barn i 1898, og då vert ført som gardbrukar og «Dissenter».

I tillegg til dei 20 gardbrukarar og 2 husmenn mellom 98-foreldra, budde det 5 andre ektepar på bygda i Sandsoknå. Det var to dagarbeidarar, altså folk som tok det dagsarbeidet som baud seg (og som det alltid var ein god del av), det var ein sagmeister, ein jektamann og ein utskiftingsformann. Delvis var dette folk ein overgangsfase, folk som fekk seg anna yrka sidan.

Ser vi på dei som budde på strandstaden, så var det

som nemnt 17 foreldrepar i alt, men med særsl varierte yrke. Hadde vi undersøkt foreldrepara på strandstaden 20 år tidlegare, hadde dei fleste då vorte førte som strandsitjarar. Reelt hadde dei likevel då som seinare vore handverkarar, jektefolk og dagarbeidarar. I 1898 finn vi strandsitjarane på Sandslandet med yrke som landhandlar (3), handelsmann (1), sagmeister (1), hotellvert (1), vognmann (1), matros (2), skomakar (1), snikkar (1), bøkker (1), fargar (1), eit moderne yrke som telegrafist (1) og kyrkesongar (1). Så var det to born som var fødde på strandstaden i 1898, der fedrane var i Amerika. Den eine var farmar, medan den andre vert ført som verksarbeidar. Den sistnemnde vert ved eit anna høve på denne tida ført som gruvearbeidar i Klondyke. Det var altså ein som var med på gullgravar-eventyret ved elva Klondike i Canada. Begge desse fedrane – dei var forresten begge suldølar – døydde ikkje lenge etter, i Amerika. Amerika var ein viktig del av referanse-ramma til folk på Sand kring 1900, jamvel om Sand langt frå var den største utvandringsbygda. Og med desse to får vi presentert både eventyraren og farmaren, der den eine prøvde seg på den lettvinde vegen til pengar medan den sistnemnde valde å slå seg gjennom med hardt og stødig arbeid.

Lista over yrke på Sandslandet fortel om ein aktiv service-stad for omkring-liggjande bygder. Den sosiale og økonomiske skilnaden kunne likevel vera stor mellom dei ulike innbuarane på strandstaden. Landhandlaren (og stortingsmannen) Lars Rasmussen og kona Marie f. Waage, hørte til den gamle «fiffen» på Sand, telegrafist og seinare lensmann Hans Kolbenstedt like eins. Så hadde vi kyrkesongaren Asseus Steinnes, gift med ei lærardotter frå Sand. I andre enden av skalaen hadde vi til dømes sagmeisteren Edvard Rasmussen og kona Borghild Aslaksdr. Han arbeidde i tillegg til sagmeisterfunksjonen òg som

bøkker. Og ringt vart det for borna som var att då først faren Edvard døydde alt i 1900 og mora Borghild fem år seinare. Då var forresten dei tre eldste sønene døde i åra imellom, 1902-03, 19 og 17 år og 9 år gamle. Ei av døtrene døydde 19 år gamal i 1907. Så då var det berre to av borna som nådde over 20 år. Yngstesonen var ein av våre 98-arar. Han voks opp hos fosterforeldre i Suldal. Sidan slo han seg godt fram, vart sjåfør og ekspeditør på Sandnes.

Edvard Rasmussen hadde forresten ein bror, Johan Rasmussen, som òg var sagmeister. Han gifta seg året 1898 og fekk ein son same året. Men han var fødd i Strand sokn. Så kom familien til Sand i 1900, men flytta attende til Strand (og Jørpeland's Brug) berre eit par år etter.

Det var elles mange som flytta på denne tida. Ein av våre 98-arar var Anna Eldrid, dotter av matrosen Ola Iversen og kona Ingeborg Andersdr. på Sandslandet. Anna var under året då foreldra, med 7 born i alt, flytta til Stavanger, der faren fekk arbeid som los og pakkhusformann. Dette var berre ein av fleire familiar som sa Sand farvel og flytta til byen på denne tida, dei to tiåra kring hundreårsskiftet.

Jorunn og Asseus Steinnes flytta nokre år seinare – i 1910 – til Finnøy, der han mellom anna vart ordførar. Så var det gardbrukaren Martin Knutsen Tengesdal som i 1905 flytta til kona sin farsgard på Lund i Sjernarøy. Dei tok med seg sine 4-5 born. 5 i alt av 98-arane våre flytta frå Sand i barneåra.

Døypenamna til 98-arane fortel om kultur-endring i Sand i siste delen av 1800-talet. Dei mange nye norrøne namna peikar seg særleg ut, som Ragnvald, Gisle, Tor, Olav, Bergljot, Åsta og Liv. Generelt på denne tida fekk mange barn to namn, men det er på eit vis ein annan trend. Vi kan tenkja på namn som Henriette Olivia og Gudrun Taletta. Namn-gjevinga på denne tida

kunne ha vore eit tema i seg sjølv. Dei tradisjonelle Ryfylke-namna var elles òg i bruk, namn som Brønla, Helmert, Odd(e) og Ingemund.

Dei som døydde som små. 9 av 44 barn døydde dei første barneåra.

Det vart fødd 44 «levande» born i Sand sokn i 1898. I tillegg kom det to dødfødde. Sannsynlegvis var dei dødfødde bortimot fullborne. Det var Asgjerd og Jone Rørvikjå som såleis ikkje skulle få oppleva å behalda sitt fjerde barn. Og det var den 45 årige Berta Berge som mista sitt einaste barn med andre mannen, utskiftingsformannen Tormod Ildstad. Dei var enkje og enkjemann då dei gifta seg året før, i 1897. Berta var enkja etter stortingsmann Ola Berge.

5 av dei 44 levande fødte borna døydde same året dei var fødde. Malena Våga mista sitt einaste born med første mannen, Gaute Jacobsen frå Steine i Suldal (gullgravaren frå Klondike). Barnet døydde under ein dag gamalt 4. november 1898, men vart heimedøypt og kalla Jacob Bertrand. Malena vart gift opp att med Sven N. Eide i 1902. Inger T. Helland – kona til Samuel K. Helland – sette tvilling-jenter til verda den 11. mai. Begge vart raskt heimedøypte og den eine av dei (Malena) døydde alt dagen etter. Tvillingsystera Ingrid levde derimot nesten 8 månader, og døydde året etter.

Men det var fleire av 98-arane som døydde under året gamal. Margrete Rørvikjå sette sitt 10. og siste barn til verda 23. februar 1898. Det var Lars. Han døydde berre 8 dagar gamal. Johanna og Lars Berge på Vela mista si dotter Olga berre 11 dagar gamal i januar. Ho var fødd 2. januar. 1. juladag same året fekk dei ei ny Olga, som voks opp. Så dette ekteparet fekk altså to døtrar same året, med eit mellomrom på noko over 11 månader.

Ingeborg og Torger Ildstad mista sitt einaste barn nes-

ten 3 månader gamalt. Det var forresten fødd «uægte», for foreldra gifta seg først etter det var fødd. Det var elles det einaste barnet i 1898 som ikkje hadde gifte foreldre, eit fenomen som er meir utbreidd i våre dagar.

Med dei 5 døde det første året, var talet på 98-arar frå Sand redusert til 39. Men fleire skulle døy små. Såleis døydde tre born i 1899 og ei i 1900. 9 døde av eit barnekull på 44 i løpet av dei tre første barneåra er eit stort tal. Det er diverre ikkje innført dødsårsakar i kyrkjeboka, men det fortel generelt at småbarnsalderen var ein kritisk periode så seint som ved siste hundreårsskiftet. Barnesjukdomar kunne opptre som dødelege. Og då hadde dei mellom anna forlenst eliminert koppe-epidemiane. Småborna vart vaksinerte mot kopper i tidleg alder, og måtte visa fram attest på det før dei kunne konfirmerast – altså eit heller drastisk helsepolitisk tiltak, der òg religionen var innblanda. Vaksineringa av 98-arane byrja alt året etter, men somme av ungane var oppe i 3-4 års alder før dei vart vaksinerte.

Det høge dødstalet for spebarn nett i året 1898 var elles ikkje heilt representativt for tida. Det utgjorde så mykje som 11,4 % av barnekullet i Sand sokn dette året. Det tilsvarande prosenttalet i 1897 var såleis berre 6,5 og i 1899 5,9 %. Vi må difor kunne slå fast at 98-kullet frå Sand i så måte – barsedødeligheit – var utypisk. Det var ikkje så mange som døydde som spebarn til vanleg på denne tida. Og det høge talet i 1898 var nok helst tilfeldig.

Ein av 98-arane vart skada for livet av sjukdom i barneåra, heitte det. Han gjekk med eit handikap livet gjennom, og dei skulda det på engelsk sjuke i barneåra. Dette var ein ernærings- og stoffskiftesjukdom som var hyppig i eldre tid, men som i seinare tid har vore sjeldan, mellom anna på grunn av meir vanleg

bruk av tran eller andre D-vitamintilskot. Ei anna av 98-arane var *fødd* med ei psykisk funksjonshemming. Ho hadde elles foreldre med god økonomi, og vart send på «Ekelunds offentlige åndssvakeskole», som det heitte, i Fana. Og der døydde ho 12 år gamal.

Småbarnsalderen var også kritisk på andre måtar enn det som skuldast sjukdom. Mange ulukker kunne råka. Såleis var drukningsdøden ikkje uvanleg. Mange småborn på Sandslandet gjekk over bryggja og drukna gjennom hundreåra, og endå fleire vart berga i siste liten. Helga Johanna Maaland, dotter til landhandlaren Ole Maaland, «drukned ved fald ud for Brygge» på Sand i 1904, berre 6 år gamal. Året før drukna den 5-årige Bergljot Nilsen, også ei 98-ar, men fødd i Stavanger. Faren hennar var dampskipsfører Johan Nielsen frå Sand. Denne familien var då berre mellombels på Sand.

John F. Johnsen har skrive om drukningsulukka i 1904, nemleg i den minne-serien han hadde i Sandsposten på 1960- og 70-talet («Gi oss litt av fortiden tilbake»). «Ja, det er mangt å minnst. Ikkje minst dei mange fine laurdagskveldane om sommaren, då dei sopa gata og småjentene dreiv med songleikar på gata utanfor Kårhus hotell. Det kom ikkje båt frå Stavanger om kvelden den tida, og difor var det meir fred og ro over folkelivet på Sandslandet. Det var ein slik fin kveld Helga Måland drukna utanfor torget i 1903 eller 1904. Eg minnest det verka sterkt på oss som var born.» John var sjølv ein 99-ar, og altså 5 år gamal då småjenta Helga Maaland drukna.

Etter at første barne-året, sjukdom og drukningsulucker hadde rive vekk 11 av 98-arane våre, fekk dei andre leva vidare i det minste til konfirmasjonsalder. Men så var det òg 5 som hadde flytta vekk med foreldra frå Sand.

Vi skal sjå korleis det gjekk med dei 28 som var att i Sand.....

Konfirmantane 1912 og 1913

98-arane våre vart konfirmerte i tre omgonger. Dei som vart fødde tidleg på året vart konfirmerte 20. oktober 1912. Dei noko yngre vart konfirmerte den 21. september 1913. Det var konfirmasjon på hausten på denne tida. Vi finn 18 98-konfirmantar i 1912 og 14 i 1913. Så vart den siste av dei konfirmert 27. september 1914. Det kan ha hatt å gjera med at han var noko «mindre med». (Fødselsdagen hans er elles feil i presten si liste over konfirmantar). I alle høve skulle dette gje 33 konfirmantar i alt. Dette rimer likevel dårleg med at 11 av 44 var døde i småbarnsalder og 5 hadde flytta frå soknet. Forklaringa ligg i fylgjande: 3 av konfirmantane i 1913 fødde i 1898 budde på gardane Anvik, Drengsti og Skjepavåg i Imsland, og fekk nok konfirmera seg i Sand avdi vegen til Sandspresten var kortare enn til presten i Vikadal. Det var ikkje uvanleg med konfirmantar i Sandskyrkjå frå indre delen av Vindafjord på denne tida. Helmert Larsen Hylen f. 17 juni 1898 fekk for sin del konfirmera seg i Suldal hausten 1913, saman med broren Odd som var fødd på dagen eitt år etter han, odelsguten i Hylen.

To jenter frå Suldal vart konfirmerte i Sand 20. oktober 1912. Den eine av dei var Malena Larsen (Lunde) og den andre var Inger Bertine Larsdr. Førland. Malena vart fostra hos Johannes Marvik, slaktaren, og første kona, som var faster hennar. Inger Førland vart konfirmert frå Hanakam. Det er uvisst kvifor ho hadde flytta ut frå barndomsheimen sine alt før konfirmasjonsalder. Truleg hadde ho måtta gå tidleg ut i teneste. Foreldra hennar flytta frå eit husmannsplass i Suldal til Nedstrand tidleg på 1900-talet.

Malena Lunde vart sidan gift med ein medkonfirmant, Njål Kolbenstvedt. Inger Førland fekk på si sida gå sjukepleien, kom til Tysnes i Sunnhordland som menighetssystem i 1923, og vart sidan gift der med ein

gardsforpaktar, Olav Hollekim. Dei fekk likevel ikkje born, og Inger Førland-Hollekim virka som menighetssyster i fleire år.

Ei tredje jente-konfirmant i 1912 var fødd på Fløgstad i Sauda. Det var Ingerid Helland. Saman med foreldra Anna og Ola «Bergsbøen» på Hedland, og ein eldre bror Olav Helland, hadde ho kome flyttande frå Sauda til Hedland i Sand i 1907. Det er altså eit døme på folk som flytta inn til Sand i desse åra. Ola «Bergsbøen» var odelsgut til eitt av bruka på Hedland, men hadde arbeidd som skomakar i Sauda.

Vi kan sjølv sagt sjå litt på karakterane konfirman-tane fekk i 1912 og 1913, som varierte mellom «Udmerket godt», «Meget godt», «Godt» og «Maadelig». Men det har ikkje så mykje føre seg i denne samanheng. Vi kan likevel merka oss at medan berre ein av gutane i 1912 fekk beste karakter, fekk fem av jentene karakteren «Udmærket godt», mellom anna eit av dagarbeidarborna. Kan hende la dei seg meir i selen, jentene? To jenter, der den eine vart misjonær på Madagaskar og den andre menighetssyster, fekk begge berre «meget godt», og peikte seg altså ikkje mykje ut i høve til dei jamaldrande.

98-arene i dei første vaksne åra, fram til 1920-talet. Utflytting, utvandring, ekteskap.

Så var dei konfirmerte, borna fødte i Sand 1898, og dermed – på denne tida – vaksne menneske. I den vidare framstillinga av kva som skjedde med dei, vil vi ta med både dei 5 som flytta ut med foreldra i barne-åra, og dei to som flytta inn i småbarnsåra, både Ingerid Helland, som flytta inn til Sand med foreldra, og Malena Lunde, som vart fostra hos slaktaren. Dermed skulle vi sitja med ei gruppe på 35 ungdommar. Igjen veit vi ikkje kva draumar, voner og planar dei sat med. Men vi veit korleis det gjekk med dei, og døden skulle

nokså snart innhenta ei av jentene. Brønla Tormods-datter Helland døydde berre 16 år gamal i 1914, året etter at ho var konfirmert. Ho hadde «sanktveitsdans», som var tida si folkeleg nemning på ulike former for ufriviljuge rørsler. I dag hadde Brønla sine plagar gjerne vorte diagnostisert som cerebral parese, som mellom anna kunne ha hatt sin bakgrunn i ein fødsels-skade. Det skal likevel ha vore nyrene som svikta på den unge jenta, og som gjorde at ho døydde berre 16 år gamal.

Dei fleste jentene hadde då – i 1914 – hatt sine første huspostar i bygda, men knapt endå teke skikkeleg ut. Og fleire av gutane hadde fått seg arbeid som drengjer eller kan hende byrja i handverkslæra, somme av dei. I siste delen av første verdskrigen og fram til inn på 1920-talet var det elles særst godt med skogsarbeid i Ryfylke-fjordane, og mange tente truleg sine første pengar av noko større omfang på skogsarbeid. Det var uttak både av ved og av tømmer. «Der skal vera mykje timber i aar», skriv t.d. Rygja Tidend i juni 1917 i ei melding frå Sand. «Og det er ikkje aa undrast paa. For prisane er høge – 60-70 kr. tylvti for firalna timber, gaar ordet».

Det kom òg mange tilreisande skogsarbeidarar på denne tida. Ein av desse, Viktor Peder Paulsen, *f. 1898* i Trondheim, drukna i Sandsfjorden i 1917, altså berre 19 år gamal. Elles var det både finnar og svenskar på skogsarbeid i fjorden desse åra.

Berre eit par år etter hadde fleire teke ut frå heim-soknet. Dagarbeidarattera Marie Nygård var ei av dei. Ho fekk seg tidleg arbeid i hermetikkindustrien i byen, men gifta seg berre 20 år gamal, i 1918. Ho var såleis den første i kullet som gifta seg, nemleg i St. Petri i Stavanger. Mannen var òg hermetikkarbeidar, men arbeidde sidan på Rosenberg.

Den neste gifta seg òg i byen. Anna Eldrid Iversen

hadde flytta med foreldra frå Sand til byen då ho var berre eitt år gamal. Ho gifta seg 1920 i St. Johannes med ein svenske, Axel Børjesson. Det har likevel så langt ikkje vore mogeleg å finna ut kvar dette ekteparet sidan busette seg.

Den tredje som gifta seg – det var i Sandskyrkjå – var Ingeborg Selland frå Vintraleå, som i 1921 vart fiskar-kona og småbrukarkona på den veglause garden Drengsti i Vindafjorden. Same året gifta Njaal Kolbenstvedt seg, med fosterdotter til slaktaren, Malena Lunde. Njål hadde då, berre 23 år gamal, oppnådd styrmanns-status. Sidan var han kaptein i Bergenske, med bustad Bergen. Vi finn at Njål alt som 16-åring, i 1914, hadde seg ein tur til Amerika. Han reiste då over Bergen. Ein annan 98-ar, Asgaut Steinnes, reiste over Bergen til Amerika same året. Han hadde då fleire år tidlegare flytta til Finnøy på med foreldra, men dei to kan ha vore kompisar frå barneåra. Asgaut kom sidan heim og var bonde på Jæren.

To andre gutar av 98-kullet reiste òg over Atlanterhavet like tidleg eller ikkje lenge etter. Den eine av dei var Endre J. Eide, fødd i Hedlands-Tre, men voks opp på strandstaden. Han vart sidan farmar i Plunkett, Saskatchewan, Canada. Både han og broren Johan, begge ugifte, hadde farmar i Plunkett. Dei hadde elles òg ei gift syster som budde i nærleiken, Inger Vignes.

Lars M. Tengesdal, som var 7 år gamal då familien flytta frå Hylsstronnå til Lund i Sjernarøy, var berre 16-17 år gamal då han utvandra til Amerika. Der var han mellom anna i Alaska og han hadde eit hardt liv. Nokre år etter krigen vende han heim att, ugift, og bygde seg hus på ein parsell på heimegarden Lund. Men siste tida var han på gamleheimen på Judaberg.

Den neste i 98-kullet som gifta seg var Svein A. Hatløy, nemleg i 1922. Han vert då nemnd som motorskipsfører, og hadde altså fått seg eit moderne yrke.

Nokre år seinare, i 1926, byrja han med den første ferja over Sandsfjorden, med ei motorskøyte som tok 3 bilar.

Ingemund Tjelmeland var anleggsarbeidar då han gifta seg i 1927. Det kan ha vore på Dollarvegen, mellom Sauda og Ropeid.

Utviklinga på industristaden Sauda, lenger inne i fjorden, skulle elles òg direkte spela inn i liva til 98-arane frå Sand. Manganfabrikken EFP Co. Limited i Sauda kom i produksjon i 1923. Ein av dei som tidleg fekk seg arbeid der var Johannes Drarvik. Eller vi kan truleg like gjerne seia at han måtte ta seg arbeid der. Han var eldste son i Drarvikjå, men foreldra måtte gå frå garden i jobbetida før 1920, etter skogspekulasjon. Både Johannes og faren Nils, bonden i Drarvikjå, vart fabrikkarbeidarar. Ei av jentene – Laura Skåle f. Helland – vart fabrikkarbeidar-kona i Sauda. Så var det unγκaren Gisle D. Fattnes då. Han døydde som fabrikkarbeidar i Sauda 1927 av tæring. Det var ei tuberkulose-tid dette, men han var den einaste av 98-kullet som døydde av sjukdommen.

Godt vaksen alder, 1930-, 40- og 50-talet. Det var mange ugifte og fleire seint gifte. Få av 98-arane vart gardbrukarar. Derimot var det fleire av dei som fekk nye og meir moderne yrke.

Av dei 35 ungdommane som nådde vaksen alder av 98-kullet frå Sand var det berre 20 som gifta seg, eller berre 57 %. I høve til heile fødselskullet på 44 var dette godt i underkant av 50 % Og fleire av 98-arane gifta seg heller seint.

Nesten halvparten av 98-kullet gifta seg altså ikkje. To av jentene til dømes fekk seg tidleg gode huspostar i byen, Marta G. Torkelsen og Valborg Valskår. Marta var sidan 20-30 år i huspost hos ein og same familien i Oslo. Valborg tente hos «fine» folk i Stavanger (vare-

huset «Holst og Hauge»). Dei to hadde såleis gode og trygge postar, og livet – dagane og åra – gjekk. Felles for begge var at dei vende heim i eldre år, og døydde i Sand. Valborg gjekk i seinare år som ein slags husmorvikar i Sand hos det som var noko betrestilte folk (t.d. lensmann og doktor). Borghild S. Tengesdal og Oletta Hiim kom nok òg først til Stavanger i huspostar, men seinare sto dei begge på forretning der. Borghild hadde forresten eiga fiskeforretning. Ho hadde elles ei hytta heime i fjorden, der ho var ein god del. Den andre av dei to vende heim for godt til Sand i eldre år. Ei femte av jentene, Ingerid Helland, vart misjonær på Madagaskar, og var like eins ugift. Ho hadde likevel vore trulova med misjonsskulestudent Espedal. Men etter at han døydde under utdanninga reiste ho ut åleine. Bergljot D. Fatnes – ei sjette ugift jente av 98-kullet – var visst aldri ute, men arbeidde og tente på Hylsstronnå all si tid, der ho var fødd og voks opp. Liv Røgenes på Sand, som heller ikkje var gift, dreiv i fleire år kaffistova på Sand.

Kva då med ungarane? Dei to som reiste til Amerika/Canada er alt omtala. Men Reinert I. Aas gifta seg heller aldri. Han vart forresten sjuk så tidleg som i andre halvpart av 1920-talet, og sidan send vekk, ein del år seinare. Ungkaren Ragnvald Ørland var i eit syskenlag på 9, der ingen vart gifte. Han vart bonde på farsgarden. Så var det Odd Ørå. Saman med to andre ugifte brør dreiv han eit veglaust husmanns-plass godt opp i liå inne på Hylsstronnå. «Odde» dreiv mykje med gjæting, gjekk mykje åleine og var godt nervesliten då han døydde i 1975. Tida gjekk forbi dei tre brørne på Ørå. Då dei flytta derfrå tidleg på 1960-talet var det det siste husmannsplasset i Sand sokn som vart nedlagd.

Det er ingen grunn til å tru at dei mange ugifte av 98-arane bevisst valde denne statusen, korkje kvinnene

eller mennene. Og vi kan spørja oss kvifor så få gifta seg. Det tidlege 1900-tals-samfunnet i Noreg var eit samfunn i støypeskeia der så mykje vart snudd på hovudet eller endra, alt frå yrkesliv til verdiar og normar. Frå Sand veit vi at det var ei større utflytting, og kan hende ville ei nærmare undersøking visa klart at det var fleire kvinner som flytta ut enn menn, som t.d. dei fire ugifte 98-kvinnene i Stavanger. Men ved livets slutt vende dei altså heim att, både dei og ein av «amerikanarane».

Det å verta gift til eller å overta ein stor gard var t.d. ikkje så tiltrekkjande som før. Odelsgutten Helmer L. Hylén f. 1898, som gifta seg i 1929, 31 år gamal, forlet for sin del farsgarden og ei mengd med yngre sysken og kjøpte seg gard ute i øyane i staden (Sør-Hidle). Det å bu i bratte fjordlier og veglause gardar vart òg mindre og mindre tiltrekkjande, anten det var for kvinner eller menn. Men kanskje var mennene meir tru mot plikta si, å ta gardane etter foreldra, enn kvinnene å fylgja opp dette livet. Dette har som kjent forsterka seg frametter 1900-talet. Ein av ungdommane, som hadde gått på Tveit landbruksskule og altså vorte utdanna agronom, skal ha fått valet mellom kjærasten og eit liv som bonde. Ho som han hadde funne seg ville ikkje verta gardkona, jamvel om ho var fødd og hadde vokse opp på gard. Han valde kjærleiken. Giske Steinsland var så mykje som 43 år gamal då ho i 1941 gifta seg med den 6 år eldre ungararen og fjellbonden Ola Tysseland. Ho hadde tent i fjorden i alle år då. No kom ho til ein straumlaus og ein veglaus gard på Vintraleå, d.v.s. nordsida av Sandsfjorden.

Ser vi på dei som gifta seg, så var det berre 6 av 20 som fekk seg ektefeller frå Sand. Mellom dei var Malena Lunde og Njål Kolbenstvedt som gifta seg med kvarandre. 5 av dei gifte henta ektefeller frå nærliggjande stader som Suldal, Imsland, Sauda, Jelsa og

Årdal. Dei andre ektefellene var fødte andre stader i Rogaland og ein i Hordaland (Kvinnherad). Kona til Svein Hatløy var frå Tyskland, fødd i Holstein og kom til Sand som guvernante hos fabrikkengar Ragnvald Bjelland, den tida han åtte Rophaug. Wanda Hatløy dreiv sidan motehandel på Sand.

Av dei 35 ungdommane som voks opp vart elles berre 7 buande på gard, som gardkoner eller gardmenn. Det utgjorde såleis berre 20 % av flokken. I foreldregruppa deira var det 45 % gardbrukarfolk.

Etter at Gisle D. Fatnes døydde i 1927 gjekk det mange år før dei neste 98-arane døydde. Livet gjekk sin gang. Somme gifta seg altså, andre gifta seg ikkje. Mange flytta frå Sand, andre vart verande heime. Dei nye yrka i «den nye arbeidsdagen» gav seg utslag òg mellom 98-arane frå Sand, har vi sett. Vi har funne både anleggs-arbeidarar, fabrikkarbeidarar og motorbåtførarar.

Erik T. Eide vart nemnd arbeidar då han gifta seg i 1928, var sagbruksarbeidar då. Men sidan vart han medeigar i jektå «Anna» etter faren. Han gjekk altså inn i ei tradisjonell næring i fjorden, men jektå hadde motor frå før 1920. I seinare år var Erik sagmeister hos Nils Nj. Eide i Eidssjøen. Hans H. Nevøy vert nemnd som motormann då han gifta seg i 1937, 39 år gamal. Han var med «Ørnå», som gjekk i rutefart på Hylsfjorden. Torjus Lillehammer var «chaffør», d.v.s. sjåfør, då han gifta seg i 1941, 43 år gamal. Då var det alt mange bilar på vegane i Sand og Suldal.

Ordin Hiim, vognmanns-sonen, vart òg sjåfør, gjekk altså i faren sine spor, men fylgde utviklinga i skyss- trafikken. Ordin gifta seg òg etter måten seint, først kring 1934. Kona hadde vore kjøkkensjef på sanatoriet på Hiimsmoen. Dei var begge kring 35 år gamle.

Vi finn òg folk av 98-generasjonen frå Sand som ekspeditørar, funksjonærar og kontorfolk. Såleis vart

Tor Grov lagerformann på felleskjøpet i Stavanger og Tjerand Hatløy vart kontormann på Sandnes ullvarefabrikk. Dei to var forresten kompisar frå gamalt av. Tjerand hadde òg ei tid vore forbruksbestyrar. Han vart elles ein av dei tidleg døde i kullet, døydde alt i 1952. Men då hadde Ingerid Helland døydd på Vangaindrano, Madagaskar 9 år før, i 1943.

Som ein kuriositet kan nemnast at Bernhard Håvardsholm, folkehøgskulestyraren og krigshelten, var ein innflytta 98-år. Han kom som kjent vekk i Nordsjøen i 1942. Mellom dei mange som døydde på sanatoriet på Hiimsmoen var òg to 98-årar, i 1958-59. Men dei kom altså til Sand som pasientar.

Livet på hell. 98-generasjonen vert 50 år i 1948 og når pensjonsalder i 1968. Men kvar og kva tid endar dei dagane sine?

I 1948 var dei 50 år. Dei hadde nådd middagshøgda i livet. Av dei 35 ungdommane vi har fylgd frå konfirmasjonstida i 1912 og 1913 var no 3 døde og 21 hadde for lengst flytta frå heimlassen sin. 12 var ugifte, 20 var gifte.

11 av dei 32 som levde i 1948 budde på heimlassen sin, altså litt meir enn 30% busette i Sand sokn. Berre litt færre (9 stykk) hadde slått seg ned på bylandet (Stavanger-Sandnes-området). I tillegg kom ein som var psykiatrisk pasient der. Vidare budde det 3 i dei nærmaste nabokommunane Sauda og Imsland. Ein hadde vorte bonde på Varhaug på Jæren (Asgaut Steinnes), ein på Sør-Hidle (Helmert Hysten) og ein så langt av garde som på Skedsmo på Austlandet. Det var Inge-mund J. Tjelmeland. Han hadde elles kona frå Sand-slandet, Inger Anfinnsen. Ekteparet Kolbenstvedt budde i Bergen. Endre J. Eide var på Canada-prærien medan Lars Tengedal Lund hadde nyleg vendt heim frå Alaska til Lund på Sjernarøyane. Så var det Anna

Iversen då, ho som gifta seg med svensken Børjesson i 1921, men som det ikkje har vore mogeleg å finna meir ut om.

Vi skal sjå litt på korleis dei livnærte seg ved 50-års-milepælen, 98-arane våre. For å byrja med dei tradisjonelle yrka så var 4 bønder og 1 var husmann eller medbrukar av eit husmannsplass. Ein var farmar i Canada. Av dei 6 kvinnene som sjølv nok ville ha karakteriserte seg som husmødre, var fleire samstundes involvert i ulike sider av gardsdrift. Ei av dei hadde såleis i praksis hovudansvaret for eit småbruk, medan mannen var kystskipper, ei var fiskar- og småbrukarkona. Vidare var det ein av karane som sjøkaptein og ein var ferjeskipper. To av dei var i sjåfør-yrket medan to var funksjonærar. Tre av karane heime på Sand dreiv med litt forskjellig arbeid, dagsarbeid, vegarbeid, sagbruksarbeid. Ein av saudabuene var fabrikkarbeidar. Av 6 ugifte kvinner var 3 framleis i huspostar eller på husarbeid medan 3 var butikkjenter eller hadde eigen forretning. Så var det tre karar som av ulike årsaker var ute av spelet, – og det var Anna Børjesson, som vi ikkje veit meir om.

Dei fleste skulle få mange og gode år etter 50-årsdagen. Eitt var at fleire av dei nådde ein etter måten høg alder. Eitt anna var at dei første etterkrigs-tiåra økonomisk og materielt generelt var ei framgangstid landet vårt aldri hadde sett maken til. Og dei vi skriv om hadde ikkje fått dette opp i hendene sine, som borna og særleg borneborna deira fekk det. Lov om alderstrygd hadde kome alt i 1936, og slik satsane hadde utvikla seg kunne nok dei fleste sjå ei sutalaus tid i møte når dei i 1968 vart pensjonerte, 70 år gamle. Tidene hadde elles vore slik at mange hadde hatt høve til å arbeida seg opp pengar å leva på, både i banken og i private pensjonsordningar. Kår-ordninga, på gardane, var derimot meir og meir på veg ut, av fleire grunnar, på same

måten som bondeyrket i det heile teke var det. Dei tre husmannsgutane frå Ørå – der den eine av dei var ein av våre 98-arar – kunne gje store setlar i bøssene ved landsomfattande innsamlingsaksjonar, vert det rapportert frå 1960- og 70-talet.

Tidene var òg slik at mykje av det som tidlegare var noko ein berre fann seg i, no hadde vorte for tungvindt å leva med. Og fråflyttinga frå distrikta skaut fart. Ingeborg Drengstig (f. 1898) og mannen Tormod J. Drengstid, laksefiskar og småbrukar, budde på eit veglaust småbruk på sørsida av Vindafjorden. Dei kjøpte seg hus i tettstaden Vikedal i 1960, og i 1965 flytta dei dit, medan ein son og familien hans freista driva småbruket endå nokre år, fram til 1970. Då flytta dei òg vekk. Eit anna bonde-ektepar, Giske Tysseland (f. 1898) og mannen Ola Tysseland, flytta alt kring 1956 frå den veglause og straumause fjellgarden Tysseland til Sand. Dei hadde ikkje born som kunne ta over etter seg. Giske var for seint gift. Ungkaren Ragnvald Ørland selde garden til ein yngre bror i 1957 og flytta ut til Vanvik. Brørne Odd, Torjus og Martin Ørå forlet det veglause og straumause husmannsplasset sitt inne i Hylsfjorden tidleg på 1960-talet, og flytta ut til Tångjen. Både Vanvik og Tångjen var framleis sentrale plassar i fjorden, med anløp av rutebåtar.

Vi stoppar ved pensjonsalder – i 1968 – som eitt siste felles tidsskilje for flokken vil fylgjer. Av dei 35 personane vi har fylgd frå konfirmasjonsalder var det 22 som framleis levde (i tillegg til Anna Børjesson, som er usikker). Etter at Tjerand Hatløy døydde i Stavanger i 1952, som den fjerde av dei 35, døydde fabrikkarbeidaren og odelsguten – familien måtte forlata Drarvikjå – Johannes N. Drarvik i Sauda i 1957. Heime på Sand døydde ferjeskipperen Svein Hatløy i 1962, altså berre 64 år gamal. Så var det ei opphoping av dødsfall 1965-68, då 8 av 98-arane frå Sand gjekk

bort, mellom dei 3 av dei ugifte kvinnene, der to hadde vendt heim frå Stavanger i seinare år. Ein av dei som døydde i 1966, altså 68 år gamal, hadde vore uføre-trygda og hatt sin bustad på aldersheimen i alle høve frå han var 50 år. Det var han som dei meinte hadde hatt engelsk sjuka i barndommen. Sven Rasmussen, sagmeisteren som vart foreldrelaus berre 7 år gamal, døydde som forhenverande ekspeditør og sjåfør på Sandnes i 1969.

Så kan vi snakka om ei ny opphoping av dødsfall 1973-77 med 5 døde. 3 av 98-arane døydde i 1980 og 2 i 1981. Så var det ei siste opphoping av dødsfall 1983-85, då 7 av 98-arane døydde. Desse 7 nådde altså ein alder på kring 85-86 år. Ein av dei var farmaren Endre Eide i Canada. Berre ei av 98-arane våre skulle nå 90-årsalderen. Det var Borghild Tengesdal, ho som dreiv fiskeforretning i Stavanger. Ho døydde i 1989, omlag 91 år gamal, og fekk altså ei pensjonist-tid på 19 år.

Ser vi på kor mange av dei 35 98-arane som døydde i Sand som vaksne, var det 15, altså noko i underkant av halvparten. 3 av desse var då heimvende, ugifte kvinner. Igjen ser vi at dei som hadde reist ut var i stor overvekt. Elles var det ein tilflytta 98-ar som døydde i 1979 på Sand og 3 innflytta 98-arar åra 1981-87. Den siste av dei var poststyrar John Dahlseng, fødd på Ankenes i Ofoten.

Oppsummering

Vi har sett at ein stor del av dei levande fødde i Sand i året 1898 døydde som spebarn eller i dei heilt første leveåra. Av 44 var det såleis berre 33 som fekk oppleva konfirmasjonsalder. Med 2 som flytta inn til Sand i tidlege barneår har vi fylgd 35 personar frå konfirmasjonsalder og fram til den siste av dei døydde i Stavanger i 1989. Vi har merka oss at mange flytta frå Sand. Men dei flytta ikkje så fælande langt. Såleis var

det berre to emigrantar i kullet, og den eine vende heim i seinare år. Dei som elles reiste lengst var ein til Skedsmo på Austlandet og to til Bergen.

Elles har vi merka oss at ein uforholdsmessig stor del var ugifte livet ut. Vi har prøvd oss med ei forklaring på det som går på at menn og kvinner for ein stor del valde ulikt. Dei unge kvinnene flytta ut medan dei unge karane valde å vera heime, til dømes for å ta garden etter foreldra. Denne tendensen skulle koma til å forsterka seg mykje frametter, men vi kan altså, med vårt spinkle materiale, ana konturane av han alt tidleg i mellomkrigsåra.

Så kan vi spørja, på vegner av 98-arane – kva vart det av liva deira? Korleis dei har kjend dette på det personlege planet må vi lata liggja, jamvel om vi gjennom dei faktiske livsløpa vi har fylgd kan ana både glede, sorg, vemod og tragedie. Det vi *kan* slå fast er at dei menneska vi har fylgd frå vogga til grav var representantar for dei mange som på grunnplanet var med å byggja landet vårt frametter 1900-talet. Dette er klisje-aktig, men like fullt ei sanning. 98-arane våre er elles i den stoda at dei kan sleppa spørsmålet om ein på eit tidspunkt burde ha valt annleis, om den økonomiske og materielle veksten på eit tidspunkt burde ha vore freista bremsa.

98-arane våre fylte kvar sine heilt naudsynete funksjonar i «den nye arbeidsdagen», både dei som vart verande på heimplassen og dei som flytta ut, både med tradisjonelle yrke og med nye og moderne yrke. Alle ville ha kunna fortelja at dei økonomisk og materielt aldri hadde hatt det så godt som dei etter kvart fekk det etter krigen. Somme ville ha kunna kjent på seg at dei hadde arbeidd seg fram til ein høgare status enn den dei kom frå. Og somme av dei kjende det nok godt – av ulike grunnar – å ha kome seg vekk frå barndomsplassen. Det var elles få av 98-arane våre som nådde ut

over det vanlege, reint sosialt og økonomisk. Det nær-
maste vi kjem ein høgstatus-person er kapteinen Njaal
Kolbenstvedt i Bergenske. Men han tilhørde frå før
av ein av indre Ryfylke sine «beste» familiar.

Det er altså ikkje noko spesielt med 98-kullet frå
Sand. Og det er det – som nemnt i innleiinga – som har
gjort det interessant å fylgja dei. Det er desse folka
som har bygd og ført landet vårt og regionen vår vidare
særleg gjennom første halvparten av 1900-talet.

Korleis det gjekk med Anna Børjesson veit vi like-
vel ikkje. Det har ikkje vore mogeleg å spora opp
slektningane hennar, jamvel om det må vera somme av
dei i Stavanger. Folkeregisteret manglar data om fami-
lien, utan at det er noko mystisk med det, for dei eldre
registreringane er ufullstendige. Anna Iversen-Børjes-
son var småjenta som eitt år gamal flytta med foreldra
til Stavanger og som 22 år gamal gifta seg i St. Johan-
nes kyrkja i Stavanger med den ti år eldre svensken
Axel Børjesson. Men kvar vart dei av.....

Ernst Berge Drange (44) er tilsett som konservator og bygdebok-
skrivar ved Ryfylkemuseet. Han held nå på med gards- og ættesoga
for Sand.

Då ryfylkeungdommane organiserte seg

– Gløtt frå ungdomslagsrørsla i Ryfylke for hundre år sidan

AV INGVAR OLIMSTAD

For hundre år sidan, i 1880- og 90-åra, byrja vi få eigne ungdomslag og ungdomsorganisasjonar. Det første ungdomslaget vi veit om i Ryfylke blei skipa i Hjelmeland i 1887, og i tida fram mot århundreskiftet grodde det fram nye ungdomslag i mest kvar bygd og grend i Ryfylke. Lærarane engasjerte seg sterkt i ungdomslagsrørsla. Dei såg det som ei stor oppgåve å styrke den nasjonale sjølvkjensla i desse brytningsåra, og då var det viktig å få ungdommane oppglødde for den norske kulturarven. Likeeins var det viktig å drive eit allsidig opplysningsarbeid, slik at ein sto rusta til å ta fatt på dei oppgåvene som nasjonalt sjølvstende, allmenn røyserett og demokrati kravde

I dei siste tiåra av 1800-talet ser vi at det fann stad ei samfunnsomforming i landet vårt. Industrien hadde framgang og blei langt meir differensiert, kommunikasjonane blei betre, jordbruket blei mekanisert og fekk endra driftsmåtar, og bøndene fekk betre salsordningar, velstanden auka, folk fekk betre utdanning, fleire las aviser og bøker, og opplysningsnivået blei høgare.

I denne utviklinga høyrer også framveksten av lag og organisasjonar i landet vårt med. På mange måtar kom det til å prega dei siste tiåra av 1800-talet. Før 1850 hadde vi 6 landsomfattande organisasjonar i Noreg. Ved århundreskiftet var talet kome opp i 136. Det var nærings- og fagorganisasjonar, politiske, kristelege, humanitære og kulturelle organisasjonar. I tillegg blei det skipa mange lag og foreiningar som ikkje slutta seg til nokon organisasjon. I 1880- og 90-åra byrjar vi å få eigne ungdomslag og -organisasjonar, og ryfylkeungdommen er med.

Den politiske og nasjonale kamptida som førte fram til unionsoppløysing og nasjonalt sjølvstyre, og den kulturelle og åndelege brytningstida landet vårt var inne i, gav vokster og frigjering for mange menneske. Ungdomslaga er ei av fruktene frå denne grotida, og det var til ideelle hugmål ungdommen samla seg.

Både Norges Kristelege Ungdomsforbund og Noregs Ungdomslag blei skipa i 1890-åra. I Ryfylke var det først og fremst dei frilynde ungdomslaga som sette merke etter seg i denne tida. Den kristelege organisasjonen, som vart skipa i 1892 etter at tidlegare «ynglingelag» og andre kristelege ungdomslag slo seg saman, hadde dei fleste laga sine i byane, men det kom òg til nokre bygdelag, og mange lag stod utanom begge organisasjonane og hella vel litt til begge sider. Nokre av dei kristelege ungdomslaga hadde eit program som låg nær opp til det ein fann i dei frilynde laga. For mange av dei frilynde ungdomslaga var «norskdom og kristendom» eit naturleg slagord.

Mange av dei kristelege ungdomslaga kunne like gjerne hatt «kristendom og norskdøme» som slagord. Gunhild Arneson Eide frå Gjesdal gjev eit døme på det i «Rogaland i manns minne» (utg. 1970):

«Me hadde eit gildt ungdomslag i krinsen, og det spente mykje vidare. Sume av medlemene budde heile mila borte. Men i den tida var ikkje folk redde for å gå. Møta vart haldne om sundagane – ein gong i månaden, om eg hugsar rett. Då kom dei om vêret var aldri så ruskut. Laget vart stifta i 1890-åra og var visst i gjenge til i 1930-åra. Frå starten var det tilslutta Norges Kristelige Ungdomsforbund, men vart nok mest drive som eit frilyndt ungdomslag. Far, som var formann i mange år, opna alltid møta med ein kort andakt. Så song me frå Seips visebok, som hadde mange gilde songar.

Det handskrivne bladet hadde ofte godt innhald, likeins var ordskifta interessante. Av og til kom presten med eit gildt foredrag. Elles var det langt imellom at me fekk nokor hjelp utanfrå. Men det at me laut syta for programma til møta sjølve, verka nok utviklande. Ungdomen no for tida får kanskje sumt for lettvtint?

Kvar nyårskveld var det årsest i laget, noko alle gledde seg til. Der skifte det med alvor og gaman. Alltid var det litt leik av eit eller anna slag. Før folkeviseleiken kom, gjekk det med marsj, «veva vadmål», «gå på brannvakt» og ymist anna.

Eitt er sikkert: Det vesle ungdomslaget var ein kulturfaktor i ei nokså avstengd grend, og me som fekk vera med der, hadde både glede og utbyte av det.»

I Ryfylke var det som nemnt få kristelege ungdomslag før hundreårsskiftet, og ein kjenner ikkje mykje til arbeidet i dei laga som eksisterte. Meir enn foreiningslivet i dei kristelege ungdomslaga, kom dei årlege pinsemøta til å setja merke etter seg i Ryfylke. Det første av desse fann stad på Sand så tidleg som i 1876. Lars Oftedal var hovudtalar, og i samråd med han målbar

den unge læraren og emissæren frå Sand, Gabriel Baardsen, då tanken om ei fellesforeining for indremisjonen i Ryfylke. Alle som tok ordet i ordskiftet var samde i dette, og Ryfylke Indremisjonsforening vart skipa. To år seinare, på pinsemøtet i Hjelmeland, slo denne og «Jærens Fællesforening for Indremisjonen» seg saman til Ryfylke og Jæren Indremisjon. Hit søkte også mange ungdommar, og då særleg til pinsemøta. Det var noko særst med desse møta. Vi lar Johan Veka fortelja (i «Glytt frå kristenlivet i Rogaland» utg. 1952):

«Det var noko nytt som tok til med pinsemøta – på Sand i 1876. Det var ikkje dei lærde som møttes her – det var bonden, fiskaren, handverkaren, arbeidaren. Det var dei gamle, kvinne og mann. Det var ungdommen, det var barna ofte og. Pinsemøta var folkemøta – sjølv om presten ofte var talaren. Møta vart og til oppbygging for den einskilde. I talane her og i samværet med andre truande fekk ein ei åndeleg niste med på vegen heim. Denne nista var ein ofte til styrking i truslivet. Pinsemøta var og er møta med dei mange gilde minna. Og dei var ofte noko i leid med almenakka. Ein tidfeste gjerne hendingar før med «De var det året pinstimøtet va på Hjelmeland». Og ein la gjerne til «Då Oftedal var der, å gamle «Ryfylke» gjekk fullasta me folk». Pinstimøta har hatt sers stor verd for kristenlivet i Rogaland. Ein veit det. Ein ser det når ein skal granska soga åt Ryfylke og Jæren Indremisjon då visst. Og ein får høyre det når ein talar med gamle folk på Jæren og i Ryfylke. Pinstimøta kunne ein ikkje vera forutan. Ein rodde, ein gjekk, ein køyrde gjerne milevis for å kome på dei. →»

Men jamvel om pinsemøta var ein årleg møtestad for mange ryfylkeungdommar både i og utanfor dei kristelege organisasjonane, var det i dei frilynde ungdomslaga ungdommane mest fann kveik og tidtrøyte. I

ungdomslaget møttest dei til foredrag og anna opplysningsarbeid, her fekk dei skriva i lagsbladet, dei fekk bryna seg i ordskifte om ulike verdspørsmål, og dei fekk utvikla talenta sine ved sjølv å vera underhaldningskrefter. For mange vart ungdomslaget den beste skule dei kunne gå i, og ungdomslagstida vart ei god førebuingstid for oppgaver som eit levande demokrati kravde.

Dei politiske og dei nasjonal-kulturelle kampsakene i tida tende gløden hos mange ungdommar. Ikkje minst var folkehøgskulane med på å nøra opp under desse interessene. Det var også frå folkehøgskulane dei første ungdomslaga sprang ut. Det første frilynde ungdomslagsarbeidet vi veit av her i landet tok til i Sel



Johannes Arneson var med og skipa ungdomslag i Hjelmeland, det første i Ryfylke, i 1887. Han var elles ein kjend bokskrivar. Foto: Carl Kørner/Ryfylkemuseet. Foto utlånt av Solveig Bjelland.


i Gudbrandsdalen i 1869. Mest alle som hadde gått på Christopher Bruun sin folkehøgskule der om vinteren freista nå å få til noko som kunne svara til elevkveldane på folkehøgskulen. Dei kom saman til foredrag, opplesing frå bøker til kjende forfattarar, samtale, song og lek.

I dei neste tiåra kom det til mange nye folkehøgskular, og mange stader ser vi at folkehøgskuleelevar starta ungdomslag då dei kom heim att. I Ryfylke kom den ambulerande amtskulen til å få mykje å seia. Frå 1875 hadde Torkell Mauland og Aamund Salveson flytt frå bygd til bygd med amtskulen. Mauland og Salveson var dugande lærarar. Dei var målmenn, radikale og frilynde, og skule- og oppsedingsprogrammet deira var svært likt det ein fann i folkehøgskulen. Mange av elevane deira finn vi att på medlemslistene til dei første ungdomslaga. Ein av dei var den seinare kjende bokskrivaren frå Hjelmeland, Johannes Arneson. I 1887 var han med på å skipa ungdomslag i Hjelmeland, det første i Ryfylke. Ein annan var diktaren Rasmus Løland. Han kom med i det første styret til Rogaland Ungdomslag då det blei skipa i Stavanger 1895. Aamund Salveson kom to år seinare sjølv med i styret for fylkeslaget, sat der i 21 år og var formann i åtte år.

Jåtun Ungdomslag er det første ein veit av i Rogaland. Det blei skipa i 1882. I Ryfylke var det altså Hjelmeland som fekk det første ungdomslaget. «Hjelmelands Samtaleforening» kalla dei laget frå først av. Det blei skipa av ein flokk unge menn som var samla på spinnesalen i Hjelmelandsvågen. I lovene som blei vedtekne, heitte det at føremålet til laget var «paa en sømmelig maade at diskutere over forskjellige emner af almen interesse og paa bedste maade søge disse opklaret. Ligeledes ved mulige foredrag, oplæsning og andet være sine medlemmer til nytte og underholdning.» Kontingenten blei sett til 30 øre året, og møta

skulle haldast kvar laurdagskveld klokka seks. Den unge landhandlaren Lorentz Østensen blei valt til første formannen, og med seg i styret fekk han Daniel Halvorsen, Hans Olsen, Johannes Arneson og Rasmus Tuntland. Til å byrja med kunne bare menn som var konfirmerte vera med i laget, men alt på tredje møtet fekk to kvinner, Eli Arneson og lærarinne Mallin Haug, vera til stades, og året etter blei lovene endra slik at også kvinner kunne «antages som medlemmer». Ei stund etter det att, truleg i 1889, skifta laget namn til Hjelmeland Ungdomslag.

Om møta skriv Trygve Brandal i «Hjelmeland Bygdesoge»: «Dei samlast på spinnesalen på spinneriet i Hjelme-landsvågen. Folk sat på benker utan rygg, og ein liten hengelampe under taket var alt av opplysning. Men opplysninga føregjekk på eit anna plan. Diskusjonstema var mange og vidt forskjellige. Dei diskuterte målsak og fråhaldssak, skyttarsak og tobakksbruk, husfliden og dens nytte for samfunnet, korleis ein skulle stilla seg til dei omreisande tiggjarar, samtalte om «hvilken indflydelse har en god opdragelse ved valget af livsstilling» og om store spørsmål som «krigens afskaffelse og den evige fred». Nokre titals personar møttest kvar laurdagskveld, ein innleidde om eit tema, ein annan styrte samtalen og



Hjelmeland ungdomslag på tur til Hetlandslendingen (ved Hetlandsvatnet) ca. 1900. Hetlandslendingen var ein mykje brukt utfartsplass for folk i Vågen. Dei som er med på bildet: Odd Hagen, Lars Olsen, Jone Munthe (halvt liggande), Ane Larssen, Eli Halvorsen, Marta Halvorsen, Charlotte Halvorsen, Ola Larsen (garvaren) med sonen Leif på fanget, Johannes Arneson, Sven Moren, Jone Bjelland med dottera Sigrid og Trygve Halvorsen på fanget, Marthe Ådnesen (gift Skår), Ola Bjørnsen Sæbø (far til Georg og Olav), Halvard Haugslund, Ivar Stensland (med korg) og Ellen Munrhe.

Foto: Ryfylkemuseet. Foto utlånt av Solveig Bjelland.

mange elles tok ordet, alt etter som. Dette var noko nytt i ei stille bygd, og det fengde.»

Laget dreiv elles med ymse andre aktivitetar. Dei skipa til festar med godt og lødig program, gilde turar, og på møta underheldt dei kvarandre med song, felemusikk av Johannes Arneson, opplesing og handskrive blad. Det siste var svært viktig. Trygve Brandal fortel: «Bladet var handskrive i eitt eksemplar, og det måtte difor lesast opp på møta. Johannes Arneson var den første bladstyraren for «Hjelmen», som bladet heitte.

Han skreiv mykje sjølv, men fekk og stoff til bladet frå andre. Flittige skribentar var Johnne Bjelland, Øystein Tuntland og Ludvig Munthe. Ofte skreiv dei vers på rim, og dei skreiv ofte på nynorsk. Dei synte seg som penneføre karar, og kunne diskutera med kvarandre på rim så fillene fauk. Til saman fyller «Hjelmen» for dei første åra hundrevis av sider med dikt og stoff frå den lokale kvardagen.»

I tida fram mot hundreårsskiftet grodde det fram nye ungdomslag i mest kvar bygd og grend i Ryfylke. Lengst sør kan ein nemna ungdomslaget «Idun» i Høle, skipa 1894, med lærar Knut Byrkjeland som formann. Laget hadde nasjonal og sedeleg reising som mål. Ein møtte nok litt motstand i førstninga, særleg når det gjaldt arbeidet for fråhaldssak og målsak. Men dette gav seg etter kvart, og nynorsken blei etter opp- tak av ungdommen innført både i skulen og kyrkja. Rett nok blei det nederlag i 1899 då dei prøvde å få Blix-salmane tekne i bruk i kyrkja, men då laget fem år seinare reiste spørsmålet på ny, var den motstanden borte.

Ungdomslaget «Heim» på Forsand blei skipa ein gong i nittiåra. Første formannen var lærar og kyrkje- songar Anders Tjønneland. Laget heldt møta sine på skulehuset på Forsandmoen fram til det nye ungdoms- huset på Forsand blei innvigd i 1905.

I Strand veit vi at Idsø Ungdomslag, Tau Ungdoms- lag og Sørbygden Ungdomslag alle var komne i gang før 1895. Dei heldt møta sine på skulehusa. Då Idsø Ungdomslag søkte om å få nytta skulehuset til møta sine, opplyste dei at lagsarbeidet var bygt på «den kris- telige Morals Grund.» Laget fekk lov til å halda møte på skulehuset, men vilkåret var at møta i ungdomslaget «viger Plads for religiøse foredragsholdere.» På same vilkår fekk laget frå Tau halda møta sine i Bjørheims- bygd skulehus og ungdomslaget «Sørbygden» i

«Fjelde skulehus», kan Jan Alsvik fortelja i Strand Bygdebok.

Finnøy Ungdomslag kom også i gang tidleg i nitti- åra og hadde snart bortimot åtti medlemmer.

På Ombo kom det i gang to lag: Ombo ul og Søre Ombo ul. Også på Sjernarøyane fekk dei i gang eit ungdomslag.

I Årdal fekk dei ungdomslag i 1892. Lagsmøta med foredrag, ordskifte, det handskrivne bladet «Årdølen» o.a. blei haldne på bedehuset, men når dei skulle ha festar med skodespel, leik og dans, måtte dei finna andre lokale. Det vitnar likevel om eit godt samarbeid mellom dei «frilynde» og dei «kristelege» her i bygda. Det måtte det òg vera i Fister. Der fekk dei ungdoms- lag i 1896. I Fister var det ikkje noko bedehus, men då ungdomslaget ti-femten år seinare bygde ungdomshus, blei det tilhaldsstaden for frilynde ungdomslagsmøte, alle slags kristne møte, politiske møte, dansefestar og mange andre slags tilstellingar.

Neset ungdomslag skal ha kome i gang alt i 1887. Liksom Fister hadde «Fisterbuen» og Årdal «Årdø- len», hadde også dette laget eit handskrive blad som heitte «Nesbuen».

Vi ser at i det som nå utgjer Hjelmeland kommune var det ei rik knoppskyting med ungdomslag etter at det første var skipa i 1887. I tillegg til dei nemnde, veit vi at på Jøsneset skipa dei lag i 1890, i Vormedalen i 1891, i Jøsenfjorden 1895 og i Hetlandsbygda og Nessa fekk vi ungdomslaget «Von» i 1900.

Jøsenfjord u.l. har fått eigen omtale i sekstiårssoga til Rogaland Ungdomslag. Der står det m.a.: «Jøsen- fjord u.l., Hjelmeland i Ryfylke, vart skipa 1895. Den fyrste formannen var lærar Andreas Fitje, seinare lærar på Jæren. Føremålet var å samla ungdomen til meir enn leik og dans, samla dei til ordskifte om ymse tids- spørsmål, til opplesning av gode bøker, til handskrive

blad o.l. Eit songarlag som dei fekk skipa, gjorde godt arbeid lenge. Lærar Lars Kristoffersen, Hjelmeland, var songstyrar ei tid. Laget arbeidde elles for nynorsk mål, for lesing av god litteratur o.l. Det var i det heile ein kulturfaktor i ei avstengd bygd.»

Ein like rik flora med ungdomslag var det i nåverande Suldal kommune. Erfjord Ungdomslag blei skipa i 1894. Det var den unge og idealistiske landhandlaren Torjus Waage som gjorde opptaket til det. Ungdomslaget arbeidde aktivt for målsaka og fekk mykje å seia for innføringa av nynorsk i skulen i Erfjord. Magnus Våge, fødd 1879, fortel i sekstiårs-soga til Rogaland Ungdomslag (utg. 1955): «— gløden frå far og dei eldre sysken hadde alt kveikt meg opp til å verta med i iveren for det nasjonale. Og eg hugsar ennå levande kampsongane til Bjørnson, Sivle og Garborg, og seinare Hovden o.a. tok meg og drog meg med i ungdomslaget og skyttarlaget heime i Ryfylke, drog meg med i gleda for dei nynorske blada og dei nynorske bøkene.»

Sand fekk sitt ungdomslag i 1895. Laget var svært aktivt og hadde alt eit par år etter starten 120 medlemmer. Lærar Asseus Steinnes var første formannen. Seinare lensmann Hans Kolbenstvedt var òg mellom dei mest aktive frå starten av og i mange år framover. Ungdomslaget hadde møte kvar søndag med foredrag, samtale og ordskifte, opplesing og song. Frå første året i lagssoga ser vi at Steinnes heldt tre foredrag: Eitt om «Utvandring», eitt om «Karakteren» og eitt om «Fordermar». Gisle Kolbenstvedt innleidde til samtale om «Turisttrafikken», og «det var livleg diskusjon i to timar» etterpå. Livleg diskusjon var det og etter Ola Brommeland si innleiing om »Ungdomsleikar», særleg vart dans diskutert, og då emnet var «Bygdeskikkar», var det friskt ordskifte om «nattlauping». «Livleg ordskifte i to timar», står det også etter at Hans Kol-

benstvedt innleidde om «Kvindens stilling i samfunnet».

Det var helst dei mannlege medlemene som diskuterte, men etter kvart syntte jentene meir og meir att. Først og fremst var Kamilla Nilsen og Giske Johnsen aktive på fleire måtar. Dei kom med i ordskifta, skreiv møtereferat, kom med i ulike nemnder, og framfor alt var dei ofte frampå med opplesing. Var det ikkje foredrag og ordskifte på møta, var det gjerne opplesing frå kjende diktverk, særleg av nynorskdiktarane Arne Garborg, Rasmus Løland, Per Sivle og Hans Seland. Det er tydeleg å sjå at ungdomslagsmedlemene likte diktarer frå Hylsfjorden, Rasmus Løland. Mange av fortellingane hans vart lesne på møta, og han gjesta laget med foredrag. Ein annan diktar, Per Sivle, budde på Sand vinteren 1895-96, og han kom fleire gonger i ungdomslaget både som talar og opplesar.

Somme gonger var Sand Songarlag med. Songarlaget hadde utspring frå ungdomslaget, og det var Steinnes som dirigerte koret. På slutten av møta var det lettare underhaldning, eller, som det står i eit møtereferat: «Deretter var det leik og moro av alle slag. Mykje moro.» Også Sand u.l. hadde sitt eige handskrivne blad. «Von» heitte det, og bladet heldt det gåande i over femti år. Ein av dei første artiklane i «Von» ber overskrifta «Norskdøm», og laget kom til å bli ein viktig pådrivar i norskdømsarbeidet. Vi ser m.a. at laget 22. mars 1896 sender brev til Stortinget med krav om lover på landsmål. På møtet ei veke seinare sender ungdomslaget dette brevet:

«Til soknepresten i Sand.

Sand ungdomslag ynskjer at salmar på landsmål vert sungne i Sand kyrkja, og bed hermed presten um å gjera kva han kan til at «Nokre salmar» kan verta vedtekne til bruk i kyrkja.»


Også på andre måtar ser vi at laget var aktivt i norskdomsarbeidet, m.a. gjennom høgtidinga av nasjonaldagen der laget skipa fest til inntekt for «reint norsk flagg».

Forholdet mellom ungdomslaget og bedehusfolket var greitt. Det ser vi m.a. ved at ungdomslaget lånte bedehuset til ungdomsstemne 1. påskedag 1896. Då var det foredrag av Berg om «To nasjonalsange», av Steinnes om «Livsverd» og av Tjodolf Jespersen om «Ungdommen og kirken». I møteboka står det elles: «Innimellom song av Sand Songarlag og av heile stemna. Fullt hus, over 300 mann.»

Påska etter var det ei liknande stemne på bedehuset.

Då var det rett nok ordskifte mellom ungdomslag og bedehus om talarane og om programmet, men til slutt fekk ungdomslaget det som det ville. Denne gongen vart det jamvel spela teater på bedehuset. «Hier sprickt man Deutch», heitte spelstykket, og var det første ungdomslaget øvde inn.

Sand ungdomslag var det første ungdomslaget i Ryfylke som fekk eige hus. Det skjedde alt i 1897. Tredje juledag var det stor innviingsfest for Ungdomstunet, og i åra framover blei dette eit viktig kultursenter for heile bygda. Her skulle ingen stengjast ute. Hans Kolbenstvedt slo det fast i opningstalen: «Jeg kan forsikre eder om, at disse døre ikke skal bli



Sand ungdomslag var det første ungdomslaget i Ryfylke som fekk eige hus. «Ungdomstunet» blei innvigd 3. juledag 1897. Utanom «Ungdomstunet» ser vi Sand kyrkje og eit kommunalt hus, opphavsbyggt som doktorbustad ca. 1850.

Foto: Arnt Bårdsen/Ryfylkemuseet. Foto utlånt av Njål Eide.

stængte for nogen, her skal enhver opfatning, enhver aands- og tidsretning faa komme til orde, her skal alles interesser faa frit spillerum.» Kanskje var dette meint som eit spark til bedehusstyret som ville kontrollere programmet og bestemma kven som skulle tala på ungdomslaget si påskestemna på bedehuset, og som hadde nekta å sleppa Per Sivle til på talarstolen. At Ungdomstunet skulle vera ope for alle garanterte også første paragraf i lovene, som lydte slik: «Huset skal brukast til ålmenne møte, festar og lag. Det kan ikkje nektast dersom alt går for seg på sømeleg vis.»

Tunet blei då også brukt til alle slags møte, både religiøse og politiske, til foredrag og til festar og andre

tilstellingar. Laget passa greitt på at det gjekk sømeleg føre seg, slik vi kan lesa frå referat i møteboka 19. juni, då Sjernarøy ungdomslag var på vitjing: «Dei var bodne til å låna huset, men me hadde ikkje lova dei å dansa. Då me såg det var berre traust ungdom alt, gav me dei lov å dansa litt attåt dei fekk mora seg som best dei ville.» Sandsungdommen likte sjølv godt å dansa, og leik og dans kom med både på møte og festar. Då veksla det gjerne mellom dans og andre programpostar. Vi har sett at litteratur og song hadde ein brei plass på ungdomslagsmøta. Snart kom også teaterstykke og mindre spelstykke med på programmet.

Med eige hus kunne laget setja i gang nye tiltak. Opplysningsarbeidet hadde hatt ein brei plass på møta, og nå gjekk laget eit steg vidare. Hausten 1898 skipa medlemmene sitt eige leselag og opna bladstove i veslesalen på Tunet. Her kunne dei lesa blada «Tyrihans», «Den 17. mai», «Dagbladet», «Morgenbladet», «Fri-dom», «Ungdom», «Norsk Landmandsblad», «Vestlandsposten» og «Symra» og i tillegg Studentmållaget sine folkeskrifter.

Om dei andre ungdomslaga i Suldal var mindre i medlemstal, var dei i sine grender like viktige for kultur- og opplysningsarbeidet der. I Kvilldal blei det skipa eit leselag som seinare tok namnet Kvilldal ungdomslag. Laget hadde boksamling og eit handskrive blad som heitte «Hovden», etter den høge, runde nuten



Kvilldal ungdomslag tidleg på 1900-talet.

Foto: Ryfylkemuseet.

nord for grenda. I boksamlinga hadde dei mange kjende bøker, især av dei nynorske forfattarane, og dei heldt nynorske blad. Nynorske songar og salmar blei mykje sungne på møta. I det heile var laget svært aktivt i norskdomsarbeidet. Det var også ungdomslaget som fekk reist den første flaggstonga i Kvilldal. Ho stod ved skulehuset og var eit samlingsmerke for heile grenda. Den seinare så kjende folkeminnegranskaren Rikard Berge gjorde mykje for laget då han som ung lærar kom til grenda i 1901.

I Bråtveit-krinsen fekk dei ungdomslag i 1896. Marie Natskår (f. 1893) skriv i «Rogaland i manns minne»: «Far var med og skipa frilyndt ungdomslag i 1896. Både ungdom og eldre var med i laget, som dreiv godt med song, opplesing, ordskifte, handskrive blad og ymse anna. Då lærar Vandvik kom til kringen,

vart han ein dugande formann. Laget hadde eit par festar i året, og då oftast med spelstykke som vart framførte i dei stovene der festane vart haldne. Ungdomshus hadde dei ikkje då.»

Utanom desse var Roaldkvam og Bleskestad u.l., Kyrkjekrinsen u.l. og Herabakka u.l. mellom dei ungdomslaga som tidleg kom i gang. I Jelsa kom det i gang ungdomslag både på Jelsa og i Refsbygda, og i Hylsfjorden fekk vi «Fjordguten u.l.».

I Imsland fekk kyrkjjesongar Torbjørn Moe i gang eit ungdomslag midt på nittitalet, og snart kom nye lag til i bygdene på nordsida av Vindafjorden.

Dette er ikkje ei fullstendig liste over ungdomslaga i Ryfylke i tida før hundreårsskiftet, og mange nye lag kom til dei første åra etter kyrkjeklokkene hadde ringt inn det nye hundreåret. Bare nokre av laga var med i fylkessamskipnaden Rogaland Ungdomslag, som blei skipa i Stavanger sommaren 1895, men program og føremål for laga var stort sett det same. I «Historien om Norge» skriv Karsten Alnæs at dei frilynde ungdomslaga «bidro sterkt til at bygda ble et meningsfylt sted å være for de unge.» Dei orda gjeld også for dei mange ungdomslaga i Ryfylke på denne tida. Men i mange lag ser vi at aktivitet og interesse svingar mykje. Det hadde mykje å seia kven som var leiarar. I svært mange tilfelle var det lærarar som gjekk i brodden for laga. Og lærarane blei oppmoda om å gå inn i dette arbeidet. I Stavanger Avis, 20. februar 1894, stod det å lesa:

«Det er meget glædeligt og forhaabningsfuldt at erfare, hvorledes Ungdommen rundt om i Bygderne med interesse slutter sig sammen i Ungdomsforeninger og gennem sine Love og Statuter giver tydelig Besked om sin Tankegang og Opfatning af, hvad der bør og maa gjøres for en sund Folkeudvikling.

At Ungdomsforeningerne under en fornuftig

Ledelse ved sin Sammenslutningstanke virker opdragende og forædlende, det har Exemplerne noksom godtgjort. Ingen kan med rette sige, at Ungdommen hænger saa svært til Sus og Dus. De giver saa hjertelig gerne afsked paa de lavere Adspredelser, naar de istedet blir budne slikt som at samles i et rummeligt Lokale og læse interessante Bøger og Tidsskrifter samt diskutere og udvexle Meninger med hinanden. Utvilsomt den heldigste Maade at modarbeide Udskeielser paa, saasom Drick og Natteløberi. Her syntes mig maatte være en særlig Opgave for vore Skoleledere.

I Suldal er det i det nye Aar allerede dannet to Ungdomsforeninger. Uagtet den geografiske Beskaffenhed i vor lange, trange Dal gjør større Sammenkomster forbundne med ikke ubetydeligt Besvær, tæller dog den ene af Foreningerne allerede 48 Medlemmer, for det meste Gutter og Jenter.

Ungdom, slut eder sammen!»

Ja, ungdomslagsarbeidet blei sett på som så viktig for lærarane at det var oppe som eiga sak då Rogaland lærarlag var samla til årsmøte på Sand 3. og 4. pinse-dag 1895. Det var ikkje økonomiske spørsmål ein drøfta då. Slike spørsmål hadde dei tatt føre seg på eit omframt årsmøte tidlegare på året. Nå var det verdispørsmåla som prega årsmøtet. Lærer Sørvåg heldt foredrag om «Skolens ethiske opgave», og det førte til eit langt ordskifte om kristendomsopplæringa. Lærer Øksnevad heldt foredrag om «Tidens feil». Det slår ein at ordskifta kring desse emna ikkje er avslutta hundre år seinare. Det kvassaste ordskiftet fekk ein likevel etter lærar Jespersen sitt foredrag om «Lærerne og ungdomsbevegelsen». Problemet her var den gamle og den nye ungdomsrørsla, den kristelege og den frilynde. Nokre av lærarane frykta den nye, frilynde ungdomsrørsla, medan andre heldt føre at ho var turvande. Andre var svært i tvil om korleis lærarane burde stilla

seg der ein hadde både kristelege og frilynde ungdomslag. Lærar Hovda slutta av ordskiftet med ei sterk oppmoding om å ta seg av ungdomsarbeidet med kraft i staden for å stridast om det.

Ikkje minst ryfylkelærarane slutta mannjamt opp om ungdomsrørsla. Den seinare fylkesskulestyraren Jon Hovda frå Fogn, han som hadde tala så varmt for saka på lærarmøtet på Sand, var mellom skiparane av Rogaland Ungdomslag seinare på sommaren. Han var ein glødande talar for norskdøm og kristendom.

Asseus Steinnes som hadde stått i brodden for skipinga av Sand ungdomslag, kom med i fylkeslagsstyret alt andre året, sat der i ti år og var formann i fire år.

Aamund Salvesson, styraren for amtskulen i Ryfylke, hadde fått mange av elevane sine til å gå aktivt inn i ungdomslagsrørsla. I 1897 blei han sjølv formann i fylkeslaget, og i mange år framover la han ned eit stort arbeid både for fylkeslaget og for ein-skildlaga. Med seg i styret fekk han m.a. lærar og kyrkjesongar Per Veddrus frå Jelsa og Elisabeth Edland, den landskjende avhaldstalaren frå Mosterøy.

Men framfor alt var det i dei små og store ein-skildlaga vi finn lærarane. Dei såg det som ei stor oppgåve å styrka den nasjonale sjølvkjensla i desse brytningsåra, og då var det viktig å få ungdommane oppglødde for den norske kulturarven. Likeins var det viktig å driva eit allsidig opplysningsarbeid slik at ein stod rusta til å ta fatt på dei oppgåvene som nasjonalt sjølvstende, allmenn røyserett og demokrati kravde. «Løna for strevet var lita, ja, inkje oftast. Men den vaknande interessa for norskdømsarbeidet og det andre mellom ungdomen var løn nok for idealistane,» står det i lagssoga for Rogaland Ungdomslag, og slik var det nok for mange av dei som brukte arbeidskrafta si i ein-skildlaga òg.

Kjelder:

- Alsvik, Jan: Strand bygdebok 1870 – 1940 (1991)
- Brandal, Trygve: Hjelmeland Bygdesoge 2 (1994)
- Gaard, Harald T. m.fl. (skriftnemnd): Rogaland Ungdomslag gjennom 60 år. (1955)
- Grimstvedt, Målfrid m.fl. (skriftnemnd): Bygdekultur i hundre. Rogaland Ungdomslag 1895 – 1995 (1995)
- Hoftun, Hallvard M.: Suldal kultursoge. (1981)
- Høibo, Roy: Soga om Sand. (1993)
- Olimstad, Ingvar: Det sådde ein liten plante – Ryfylke Folkehøgskule. (1987)
- Olimstad, Ingvar: Sand Ungdomslag – hundre år. (1995)
- Rogaland i manns minne. (1970)
- Veka, Johan: Gløtt frå kristenlivet i Rogaland. (1952)

Ingvar Olimstad er lærar på Sand. Han har tidlegare vore rektor ved Ryfylke folkehøgskule og har skrivne sogene både til folkehøgskulen og til Sand Ungdomslag.

Om ungdom, kjærleik og frieri i folkevisene

AV RUTH ANNE MOEN

Mykje er sagt om ungdomen opp igjennom tidene, også i form av viser:

*Unge folk ve vera fine nå, san,
klær av nye motar må ein få, san.
Etter byfolk fara,
borna storfolk vara,
mest kvar vika er her nytt å sjå, san.
Bytingsval, san
og slik bal, san.
Stakkars skræddar kan bli hovegal, san.*

*Gjenta ho vil gjedna fint sjå ut, san,
lat oss kjøpa stas forutan sut, san,
so me kan bli fine,
frammom alle hine,
som du ser den rike staute gut, san.
Kramkar snild, san,
du er gild, san,
him te oss du stasen bera vil, san.*

*Klokkelekkje høver på ein kar, san,
sølv i bringa det gjer guten rar, san.
Klokker må han byta,
handla, skrøyta, kyta,
spørja ka slags klokker andre har, san.
Pipa då, san,
tobaksskrå, san,
om den svia plent ei broka må, san.*

Dette er nokre vers eg fann i visebøkene til Albert og Helga Vårvik, Suldal. Det er sjølvstekt på kvarandre dei vil gjere inntrykk, dei unge gutane og jentene, dei bryr seg vel lite om kva dei eldre meiner. Korleis jentene stasar seg te, er det elles fleire som har vore opptekne av. (Så har dei vel vore opptekne av jentene, og).

Her er nokre vers frå ei vise som visstnok er skreve om jentene på Underbakke i Suldal.

*Ei visa eg ve søngja og den skal vera rar.
Den handlar om dei jenter som me i bygdå har,
om deira klædraktar og nyemotarne
som i dei senste åra har lagt så møkje te.*

*Og når dei skal te kjørkje då stramar dei seg te
med fire, fem seks stakkar med jakke ovante,
med sløyfer oppå håve og med oppkrølla hår.
Då synes dei for gutane te stramaste dei står.*

Visa fann eg i ei visebok eg fekk av Ola Bjørkenes. Han hadde samla viser både han og kona kunne etter gamalt. Ola Bjørkenes budde på Tau, men er fødd i Hamrabø. Akkurat denne visa kjende han ikkje melodien til, så den har eg henta frå eit opptak med Henrik Kleveland frå Øvre Vats. Han hadde lært visa av ein suldlø.

Ei nisa eg ve songja, e. Hennie Kleveland

Å nå e vi-så en-de, og nå e vi-så av, da°
 alle vø-te jen-ter e i et fanta-føld der
 somme dei for-lo-va seg og somme lagga te, og
 Somme dei går bukse-kledt på sundags-kvelden-e.

Viser og småstubbar om gutane har gjerne ein annan karakter, det handler meir om å vise styrke og vågemot:

*Han Torkjell han budde no så fint unde li,
 og han kann' no bruka både skeisor og ski.
 Mort og kumla teke fyr,
 skjyde fuglar og dyr
 - og adle ungarar har han sett yve styr!*

Denne vesle stubben har Olav Sande skrive ned ein stad i Suldal tidleg i dette hundreåret. Kven var denne Torkjell, tru?

Ungdomeleg vågemot dreier det seg vel og om i den

gamle balladen om Truls med bogjen. Han har vore kjend mange stader i Ryfylke. Her tek eg med nokre vers nedskrive på Finnøy:

*Han Truls han tente i kongens gaard
 i femtan vikor og femtan aar.
 «Gjev meg løn!» sa 'an Truls med bogen.
 «Ingjo løn hev du fortent;
 den beste hesten hev du sprengt.»
 «Aa, hev eg det?» sa' an Truls med bogen.*

*Truls tok kongen i haar og skjegg
 og sett 'an upp etter femte vegg.
 «Sit no der!» sa' an Truls med bogen.*

Truls med bogen.

Og Truls han tente i kongens gård, fide femogtjuge
dalar i firahundred år. "Lito løn!" sa han Truls med bogen.

Det følgjer ikkje melodi med nedteikninga frå Finnøy – men det finst ei melodinedteikning frå Suldal som høver godt.

Men det var no vel ikkje berre spreke karar før i tida heller. Her er eit stev i frå Suldal:

*Å Tuftabakkadn dei e longe,
og vegen ligger i kroker månge.
Der krælar tuftaradn opp og ned
med smale leggjer og spjelka kne.*

Men no var det kjærleiken det skulle dreie seg om.

*Det e eit mål i livet me alle lyster nå,
det e te få seg kjerring og hus og heim og små.
Men det e eit spele val,
sko du treffa på eit skal
så heiter heila greiå bekymring, sut og bal!*

Nåja, dei var vel litt meir optimistiske, dei fleste. Jenta veit nå ellers greit kva ho vil:

*Ein Utigardsbu vil eg slettes ikkje ha,
om han byde seg te med både pengar og gard.
Men ein Hamrabøgut ha eg vald meg ut*

*om han eig ikkje meir enn ein torkaklut.
Han e fin, han e nett,
han e staut, han e kjekk,
han e istappa nett som ein udlasekk!*

Litt terging må han tole og. Slåttesteveit er godt kjendt i Suldal, gardsnamna blei skifta ut etter som det høva. Her er ein variant for dei meir vågale:

*Ein jordakar vil eg slettes ikkje ha,
om han byde seg te med både pengar og gard.
Men ein fantaskrott han likar eg godt,
han ligge med jentene ein laurdagsnott!*

Ein jordakar var no likevel målet for mange:

*Den vesle jenta med den stutte stakken,
ho vil 'kje hava den halte krakkjen,
men ho vil ha seg ein jordagut,
så ho kan liva sin alder ut.*

(Årdal)

Her er elles mykje å velge i, men alt er ikkje like brukandes:

«Aa ingen sjømann so vil eg ha,
som gaar med bekutte buksa;
men eg vil ha meg ein krambudkar,
som kann med gjentorne floksa.

Aa ingen klokkar so vil eg ha,
som staar i kyrkja og gaper;
men eg vil ha meg ein prestemann,
som gjev meg smøret paa kaka.»

(Hylsfjorden)

Det har nok høyrd fleire vers til denne visa. Melodien slik han har vore i Hylsfjorden kjenner eg ikkje til, men visa er kjend med både tekst og melodi i Aust-Agder.

Gutane stiller og sine krav:

Å bere meg for mi vesle rare,
ho kan 'kje spinna, ho kan 'kje kare.
Ho kan 'kje spøta ein stevlasokk,
men gifta seg vil ho lika godt! (Sand)

«Utegutane» var elles tidt å sjå.

Å høyr mi snilde jenta, ko eg vil segja deg:
Ku' du hava vil meg?
Um eg no i natt kann få kvila hjå deg
under fellingens filla?
Tri ulla å ei.

Kor var nå dei finaste jentene? I Suldal er det laga mange stev som fortel om det:

Å Førlandsjentene går og glimrar
med gullringar på alle fingrar.
Ritlandsjentene går med stas,
men Vasshusjentene spelar bas!

Penger eller ikkje, det var til Vasshus denne guten ville. Her kjem ein annan:

Her bur ei jenta onde Kvianuten,
dæ æ der han fria, den Kvildalsguten.
Å får han henna, så vert han glad,
hu går så trau på å svara ja.

Vikarierande motiv gjekk og greit:

Og Bøaguten, ja han var raske pelar,
han sprang til Mokleiv, å høyra fela.
Men det var kje fela han ville høyra på,
det var Netta til Barbro han ville sjå!

Elles gjekk ryktene fort:

Det bur ei jenta i Tjøstheimåsen,
ho er så flink te å lat opp låsen.
Ho lukker opp og ho slepper inn,
ho strøyer sukker på lepekling!

Kva meir ho gjer, får ikkje vi vite noko om -
Så kom vel utegutane, då:

Dæ va om lordagskvellen, eg skulle ut aa gaa,
mæ sylvspente skor, aa mæ busseluva paa.
Saa pikka eg paa døraa mæ min raumaala staak:
«Aa ve du vara gjentaa mi, saa lukkar du vel
aapp».

«Aa gakk naa ifraa døraa mæ deg din fyllehond!
Eg vè naa inkje høyra din sladrande monn.
Saa gaa du bort i bygdaa aa drikk aapp dæ du har
- eg æ ei bra manns daatter, eg vè deg inkje ha!»

«Aa bort i bygdaa kallar dei meg ein fyllekaapp;
aa fem aa tjue daler har eg ærleg draakkje aapp.
Men fem hundra daler har eg heima i mit skrin;

aa de ska du faa, vè du vara gjentaa mi?»
 «Aa har du pengar hemma, aa æ dæ ærleg sant,
 saa faara dæ inkje hjelpa aam du drekker litt iblant.
 Saa kann du gaa aa seia dæ, mæ baa' mor og far,
 at den saa inkje drekker, æ slettest ingjen kar!»

Saa trekt'u ifraa laasen, saa slepte hu meg inn,
 - saa tappa hu i krusaa, saa drakk hu meg til.
 Saa gjor'e hu paa ællen, hu va slettest inkje sein;
 hu pilta der paa gaalve mæ sine smaae bein.

Dette er visa slik ho blei skriven ned av Rikard Berge
 etter gamle Eirik Bjørkenes frå Hamrabø i Suldal. E.B.
 skal ha lært visa i 1865. Visa er elles godt kjend i Tele-

mark, med litt andre melodivariantar. Det har i det
 heile vandra mykje visestoff over fjellet, og sikkert
 begge vegar.

Visa om Anna Li er eigentleg laga av Jørund Telnes frå
 Seljord, men har slått slike røter i Ryfylke at mange
 trur ho kjem herifrå. Eg tek med eit par vers slik Anna
 Finnesand frå Mosterøy song ho inn. Ho fortel ho har
 lært visa av jamnaldringar:

Ei lita jenta eg lært å kjenna og hennar namn det
 var Anna Li.
 Ho sette brann i mitt unga hjerta, eg yngste berre
 at ho var mi.

V066A, e. Olav Fagerheim, Sauda .

Å Svein, eg trur du ra-sår, kom hit, lat meg deg
 sjå. I alle mi-ne da-gar eg deg har ven-ta
 på. Du kjem i god-e tid, for her er ing-jen
 annan som går te meg å fri.

Ho blei då og hans for ei tid, men:

*Men så kom Ola, den rike styggen, og han for-
styrta mi lykke der.
Ja han fekk Anna til øvertelje, og eg fekk avskjed
på grått paper.*

Ei anna vise som og har vandra, men der ein er meir usikker på opphavet, er visa «Vogga». Truleg er ho laga i ein av Agder-området ein gong i førre hundre-året. I alle høve har ho vore kjend fleire stader i Ryfylke. Eg tek her med eit par vers med melodien slik Olav Fagerheim frå Sauda song han. Han skal ha lært visa av ein eldre kar der frå bygda. Og det dreier seg fortsatt om friing.

*«Å Svein, eg trur du rasar, kom hit, lat meg deg
sjå.
I alle mine dager eg deg har venta på.
Du kjem i gode tid,
for her er ingjen annan som går te meg og frir!»*

*Å bryllaup ska me halda, å det i dagar sju.
Eg e så glad og fegjen eg Anna fekk te brur.
Ho e så go' og grei.
Med Anna vil eg leva, med Anna vil eg døy.*

Ludvig Saua frå Sauda og Daniel Moe frå Sandsbygda, bruker ein annan melodi til denne visa. Daniel Moe fortel at han har visa etter Berdines Rasmussen frå Hylsfjorden. Ingen av desse melodiane liknar den dei brukar i Telemark, der visa og er godt kjend.

I visa om vogga går alt etter planen. Men dette med friing var ikkje alltid like greit å få til. Ikkje alle metoder fører fram, om ein skulle tru det:

*Å summe gutar dei er så grumme,
dei bere kumla ut i si lomme.
Og kor dei ser seg ein jentaflukk,
så ropar dei: «Her er kumla nok!»*
(Suldal)

Det spør om jentene biter på den.

*«Du Reiar, du er no so stolt og so staut,
men du frir som eit naut.
Du maate vel spyrja um eg vilde deg ha,
um eg likte deg bra, um eg svarte deg ja.»*

Dette verset som er nedteikna i Hylsfjorden er ifrå «Reidarvisa», ei vise som og har vore kjend i Suldal, i Sauda og andre stader i Ryfylke. Tre ulike melodiar er skrivne ned til denne visa, i tillegg finst opptak. Det går elles godt for han Reidar. Han har nemleg penger.

*Han Reidar han løyste si brur som ein mann,
tri tusen der sprang.
Eit beger av sylv gav han brurå i hand,
og brurå med glede i sengjå ho sprang.*

Men ikkje alle får den dei vil ha:

*Eg vild' itkje eg, men dei lokka meg te,
dei lokka meg å å ein kolute smed,
og kolute var han og stygg såg han ut
- eg tatt eg sko fått meg ein nettare gut!*

Ho var nok litt skuffa, denne jenta, ja. Dette er elles eit slåttestev til ein halling, nedteikna etter Åsmund Tveitane frå Suldal. Stundom kan det vere vondt å velja og:

*Eg og du me er kammerattar,
me skal kjøpa oss blanke hattar.
Eg og du me hev fritt til ei,
og ingen av oss hev fenge nei!*

(Hjelmeland)

Kanskje er det guten som ikkje kan ta ei avgjerd:

*Det bur ein gut onde Tjeltanuten,
til Kvildal fria den jordaguten.
Dei sei han vilde te Lofthus fri,
men på Øystad fann han no giftå si.*

(Suldal)

Denne var meir målretta:

*I Tveitabakkadn der mon han kræla
med løne hudskor og breie hæla.
Der har han kræla dei åri tri.
Då fann han jenta som stod han bi.*

(Suldal)

Men så var det å få samtykkje frå foreldra:

*Om alle disse berge de var utav gull,
og vatnet var vin,
da skulde jeg ønske av hjerte og sinn,
den pige var min.
Jeg taled' alt med hennes fader i går,
han svared' meg nei.
Å kjære du min pige, tak råde deg selv,
og følg du med meg!*

Denne visa har Andreas Måland sunge inn på band ein gong i 1950 åra. Han var fødd på Sand, men budde og ein periode i Strand, der opptaka blei gjort.

Det var vel godt meint frå foreldra si side. Anders

Leite frå Leite i Strand hadde eit lite slåttestev som gir inntrykk av det.

*Trur du eg ville
dotter mi så ille
at ho sku få fylgjast med nettopp ken ho ville!*

Det er nok sikrast om ein held seg til sin stand:

*Eg og du me er mest'e like,
men du vil halda deg til dei rike,
og eg vil halda meg til dei smaa
som eg kann tenkja meg til aa faa.*

(Strand)

Det var vanleg at ungdomen bytte viser seg i mellom. Dei lærte og viser av dei eldre i bygda. Visene samla dei i handskrevne visebøker, eller dei hadde dei berre i hovudet.

Ikkje overraskande handler langt dei fleste visetekstane om kjærleik – og svik. Her er eit vers frå ei vise nedskrive etter Jacob Mollatveit frå Mollatveit i Sauda. Jacob hadde lært visa av faren.

*Jeg kan høre på din tale at du mig begjera vil.
Jeg ved ei hvad jeg skal svare, kanskje du er full av svik.*

*Skjønt jeg endog ikke nekter at eg også elsker deg.
Men om du meg svika skulde, bliver jeg visst ulyk-keleg.*

Langt dei fleste kjærleiksvisene har tragisk innhald. Her frå ei vise nedteikna etter Peder Førland, Strand.

*Men jeg havde været hjemme en åtte dages tid,
da jeg fikk det at vide at du var full av svig.
Da fikk jeg det at vide at hun var meg utro.
Hun hadde delt sit hjerte og git det bort til to.*

Og her er første verset av ei vise nedskrive etter opptak med Jon Hysten Solberg, Sauda. Vi skønar godt korleis dette kjem til å ende:

*Det var en aften silde jeg gikk med lengsel hen,
jeg gikk der for at møte min hjertens kjære venn.
Men som man der mon komme, hvor hun min kjære
sat,
da fikk jeg se en anden ved hennes side sat.*

Det gjekk ikkje likare med sjømannen som vende heim:

*Den stakkels sjømann seiler hjem og iler til sin
brud,
men da han kom til huset frem, han fikk et hjerte-
skud.*

*- sjung hopp falleri falleralla la, sjung høyt falleri
hurra -*

*Men da han kom til huset frem, han fikk et hjerte-
skud.*

*Den venn som han festet seg i vår hun sat på en
annens fang,
hun hadde utslått alt sitt hår og sang en elskovs-
sang.
- sjung hopp falleri falleralla la, sjung høyt falleri
hurra -
Hun hadde utslått alt sitt hår og sang en elskovs-
sang.*

Denne visa har eg skrive ned etter eit opptak med Aslak Brustveit frå Suldal.

Stadig jenter som svik. Ikkje rart at konklusjonen blir som følgande:

*Jeg vil råda hver en pige som vil hava sig en ven
at hun betenker sig i tide før hun gir sitt hjerte hen,
at hun ikke lover mere enn hun stedse holda kan.
Da kan hun frimodig være når hun frem for dom-
men skal.*

Dette verset har Holger Barkved skrive ned etter Peder Førland.

Det er visst berre kvinnfolka som svik. Men kanskje er det karane som lager dei fleste kjærleiksvisene? Lars Bakken frå Suldal laga ei vise på 5 vers då han blei svi-ken. Det var i 1840. Fyrste bokstaven i kvart vers lagar namnet til jenta, Eldri. Første verset er slik:

*En sang jeg vil fremføre av fuld opriktighed.
Gid den dog ikke røre vil din samvittighed.
Gid den uro ei gjøre vil i din unge barm.
Thi jeg vil ei påføre dig aller minste harm.*

Men nå lar vi jentene få ordet, her gjennom ei vise Andreas Maaland har sunge inn:

*Perlebandet, perlebandet
fekk eg av ein gutaflangje.
Plagget og, plagget og
ringen andre gitar tog.*

*Du får ikkje låta idla
om du får både klapp og kidla.
Laggar te, laggar te,
du får våga vonå.*

*Lat meg sjå at du deg passar
for dei ville gutebassar.
Dei går ut som ein stut,
dei vil skjemma jenter ut.*

Jo da, sjølvsagt var det mange karar som sveik og. Så kunne det gjerne gå slik:

*Kva vil du segja når lenger lider,
når magen aukar og modet siger,
når barnet kjem og hev ingen far,
so går dei alle og hev deg til narr. (Suldal)*

For dei fleste ender det vel likevel med bryllup til slut, og då lyt ein og svare for seg.

Steva nedanføre er nedteikna etter opptak med Sigurd Sandvik, Suldal, som hadde lært dei av far sin, Leiv Sandvik:

*Ka vil du svara når presten deg spør
- sei ei udi a, sei ei udi a
om du har hatt nåken kjærast før?
- sei ei udi udi ei ei a.*

*Da får du svara så sannhetå er
- sei ei ...
at du har sulla med adle og enkver!
- sei ei udi adi ei ei a.*

Ruth Anne Moen (48) er konservator ved folkemusikkarkivet på Ryfylkemuseet.

Korleis få ungdom tilbake til bygda?

AV WENCHE HAUGEN HAVREVOLL

«Dei lokalsamfunna som vinn kampen om ungdomen, blir vinnarar i kommune-Noreg i framtida.»

Sitatet er frå eit seminar om kommunefellesskap i Ryfylke hausten 1996, og det var Ap sin dåverande kommunalminister, Gunnar Berge, som uttalte seg slik. Dei politiske tilhøva er ikkje i monaleg grad endra på desse åra, så det er ingen grunn til å seia seg usamd med han. Det økonomiske oppsvinget me sidan har sett, har, om noko, ført til ei auka sentralisering.

Suldal kommune har lenge vore smerteleg klar over at folketalet går ned. I tillegg er alderssamansetninga skeiv, noko som gjer at problema vil auka i åra framover. I den kommunale årsmeldinga for 1995 uttrykte dei såleis følgjande: «Den mest primære av alle kommunale primæroppgaver er å bekjempe den ugunstige utviklinga i folketalet og i alderssamansetjinga med alle midlar.»

Stort sterkare kan det vel ikkje seiast, men spørsmålet er korleis me skal greia det. Dei vanlege svara er at me

- må driva næringsutvikling – skaffa arbeidsplassar
- ha gode barnehage- og skuletilbod
- ha gode fritidstilbod
- ha byggeklare tomter

I Suldal kommune har me ikkje nok arbeidsplassar, men elles tålig bra dekning på dei andre områda. Likevel er det lite optimisme å spora. Me opplever ikkje akkurat noko press frå ungdomar som vil etablera seg. I fjor var bustadbygginga i kommunen berre omlag

halvparten av landsgjennomsnittet, i høve til folketalet. Samla tyder dette at me må leita etter andre svar.

Eg trur at det finst mange svar, men eg vil trekka fram eitt her. Me må setta inn mykje arbeid og krefter på å få ungdom til å *villa* bu i kommunen. Med å *villa bu i Suldal* meiner eg verkeleg å *villa*, på ein slik måte at ungdomar gjer medvitne val for å kunna realisera det ynskjete. Det kan føra til at dei må gå krokvegar, ta jobbar som dei i utgangspunktet ikkje hadde tenkt seg, venta eit år eller fleire på utvegar, og kanskje risikera å, i tradisjonell forstand, kasta vekk nokre år på karrierevegen. Det å ta omvegar, kan sjølvsagt gi breidde og erfaring frå ulike felt, som kan koma til nytte på forskjelleg vis. Men det kan og føra til at ein må greia seg med mindre, og kanskje leva meir i uvisse for morgondagen.

Men erfaring har vist at dei som vil bu i Suldal, og då meiner eg *vil*, dei får det til. Oppe hos oss i Øvra Suldal, kjem det stort sett ein ungdom tilbake på kvar gard. Her er mange små gardar, så dei *må* ha arbeid utanom. Men fordi dei har bestemt seg for å overta, gjer dei val i livet som gjer det mogleg. Det er ikkje slik at det står jobbar og ventar på dei meir enn på andre, og jobb må dei ha. Men det ordnar seg på eit vis likevel.

Eg trur at det blir lettare å driva næringsutvikling i kommunen viss ein har dei arbeidssøkande eller arbeidsskapande på plassen. Eg trur at viss andre er i stand til å skapa arbeidsplassar, må vel våre ungdomar og kunna klara det – viss dei vil. Og viss dei veit at dei

vil tilbake til Suldal, vil dei gjera val, når det gjeld utdanning og yrke, som gjer det mogleg. Då kan næringsutviklarane gripa fatt i ungdom under utdanning og hjelpa dei til å skapa sine egne arbeidsplassar. Det burde t.d. vera marknad for ein børsemakar i Suldal. Kva med ein blikkenslagar? Kvifor ikkje hjelpa nokon fram til ein slik jobb heilt frå ungdomsskulen?

Elles burde alle yrkesrettleiarane vore utvalde med stor omhu. Dei må vera veldig medvitne om dei vide konsekvensane deira rettleiingar kan få.

Det er klart det er enklast å gå til dekka bord, og dei fleste vel derfor denne løysinga. Når dei er ferdige med utdanninga og skal søka jobb, tar dei den jobben dei får, og det er svært sannsynleg at den ledige jobben er på Nord-Jæren eller i Haugesunds-distriktet. Det medfører sjølv sagt flytting og etterkvart ofte etablering.

Spørsmålet er; Korleis skal me få ungdom til å *villa bu* i Suldal?

Før eg svarer på det, vil eg seia at utgangspunktet er tålig bra. Det er mange som seier at dei vil bu i Suldal viss dei får jobb
viss dei får ein interessant jobb
viss dei får ein interessant jobb med utviklingsmoglegheiter
og det må helst vera ein sikker jobb!

Alle er einige i at Suldal er ein god plass å bu for ungar!!

Tanken på å bu i Suldal er ikkje framand. Problemet er at det er for mange om og men. Me må få ungdom til å *villa bu* i Suldal, gjerne utan vilkår, men iallefall på vilkår som det går an å oppfylla.

Me må spørja ungdomane om kva som er viktig for dei, seier mange. Og det er blitt gjort. Det er sendt ut

mange skjema, og det er kome mange svar. Me har mellom anna funne ut at kontantstønad til tomter ikkje er avgjerande for om ungdom vil etablere seg i kommunen. Men elles er me ikkje blitt så mykje klokare – me har iallefall ikkje greidd å snu straumen av ungdom heimover.

Eg trur at me nå skal spørja ei anna gruppe kva *dei* vil, ei heilt sentral gruppe i denne samanhengen, nemleg foreldra.

Me må spørja foreldre, kor *dei* trur at ungane deira vil få det best i det vaksne livet. For eg trur, og det får eg stadig slått fast, at foreldra sine tankar, medvitne eller umedvitne, har mykje å seia for ungdomane sine ynskje og val.

Spør deg sjølv, viss du har ungar, eller kan henda du har nær kontakt med andre bygdeungdomar; Kor trur du, med handa på hjartet, at dei vil få det best i sitt vaksne liv? Er det i heimkommunen, eller trur du kanskje at dei vil få det vel så kjekt, og ha vel så mange moglegheiter ein annan stad eller andre stader? Sjå så om det er samsvar mellom svaret ditt og ungdomane sine val.

Det syner seg at det ofte er samsvar. Ein illustrasjon fekk me sist vinter då SUS, Suldal Utviklingsselskap, i samband med grendautvala skipa til ungdomslaurdagar rundt om i kommunen. Ein inviterte ungdom mellom 13 og 30 år til ein dag med diskusjon om framtida for lokalsamfunnet.

I Øvra Suldal møtte om lag 30 personar. I høve til ungdomsgrunnlaget var dette rekordstort frammøte. Det interessante er imidlertid å sjå nærare på bakgrunnen deira. Det synte seg nemleg at *alle* desse enten var oppvaksne eller hadde foreldre som var oppvaksne på gard i Suldal. I denne gruppa møtte 48 % av dei aktuelle, og i tillegg tok 15 % av dei kontakt og skrytte over tiltaket, men kunne av ulike grunnar ikkje møta.

Av Hydro-Energi* sine tilflytte arbeidsfolk, rekruttert gjennom 35 år, har ingen etablert seg med eige hus, sjølv om dei kan ha ungar som har tilbrakt heile oppveksten på Nesflaten. Det synte seg og at *ingen* representantar frå denne gruppa møtte. Det er tydeleg at der foreldra ikkje har sett noko framtid for ungane sine, har heller ikkje ungdomane sjølve gjort eit slikt val.

Interessant i denne samanhengen er det og at på Sand, kommunesenteret, var det så liten respons på tiltaket at det heile blei avlyst. Av dette er det nærliggande å slutta at foreldra sine band til lokalmiljøet har mykje å seia for ungdomane si interesse og ansvars-kjensle i høve til bygdesamfunnet si utvikling.

Derfor trur eg at me vaksne, som har valt å bu her, og som synst at det er ein god plass å bu, stadig må spørja oss sjølve om kvifor me blir verande. Dei svara me får, må me vera nøye med å formidla til ungane våre, eller naboen sine ungar eller kven som helst me kjem borti. Det er så mykje i samfunnet som orienterer ungar og ungdom vekk frå bygdene, at me er nøydd til å ta denne jobben på alvor.

Først når eg er bombesikker på at det gode livet finst i bygde-Noreg, kan eg med hell formidla det vidare til mine ungar. Det er ikkje alltid at det positive ligg opp i dagen, men på mørke dagar må ein hugsa at same kor ein bur i verda har ein seg sjølv å dragast med. Same kor ein vel å busetja seg, må ein vita at ein sjølv er den største og viktigaste ressursen for å få mest mogleg ut av livet.

Dette kan det seiast svært mykje om, men eg må nøya meg med å seia at desse tinga må uttrykkast klart for ungdomar. Dei kan gå med så mange slags tankar om det vaksne livet. Eg har høyrte fleire ungdomar som

* Hydro-Energi er største verksemda i Øvra Suldal med omlag 70 tilsette i dag.

har sagt at dei kan ikkje bu i Suldal fordi det er for gjennomsiktig miljø. Det ser ut for at slike tankar er heilt vanlege for folk på eit visst steg i lausrivingsprosessen, men det er synd viss dette skal resultera i at dei vel seg vekk frå heimstaden. Dei aller fleste av oss i småsamfunn har erfart at miljøet er gjennomsiktig, men det er både på godt og vondt. Me veit kor godt det er at naboar og sambygdingar har følgd med og brydd seg i dei viktige situasjonane, når me opplever stor sorg eller stor glede.

Så må me formidla at den som respekterer seg sjølv og er trygg på det han står for, han vil og bli respektert av andre. Det er eins eigne haldningar det kjem an på. *Dette* må me snakka med ungdomar om!

Me må slutta å fokusera så veldig på yrke og jobb i oppveksten deira. Frå ungane er små, gjennom heile barndommen og like til dei sluttar på vidaregåande, spør me: Kva skal du bli når du blir stor? Ungane lærer slik at det avgjerande og viktige her i livet, det er kva yrke ein vel og kva jobb ein får. Det er allment akseptert at ungdom må stå heilt fritt når dei skal velja yrke. Men, for det fyrste blir dei påverka frå nokon uansett, og for det andre, er ikkje lukka i livet nødvendigvis avhengig av kva yrke du får. Her igjen, er kva ein sjølv gjer ut av situasjonen, langt meir avgjerande for eit godt liv. Når det kjem til stykket, er det ofte tilfeldigheiter som avgjer kva ein endar opp med. Og særleg, viss det likevel er tilfeldigheiter som avgjer til slutt, kan ikkje me vaksne; foreldre, lærarar, tanter eller kva det måtte vera, medvite påverka ungdomane?

Viss ungane blir opplærte til å tenka på kor dei skal bu, vil dei ha eit anna utgangspunkt for mange av dei vala dei må gjera. Eit godt argument for å omstilla ungar til denne tankegangen, er at me i framtida får meir fritid, og då vil fritid og plassen ein bur på, få meir å seia for korleis ein har det i livet.

Altså, i staden for å spørja ungar kva dei skal bli når dei blir store, skal me spørja om *kor dei skal bu når dei blir store*.

Tenk over kva spørsmål me stiller til odelsguten, og kva me spør dei andre syskena om. Til odelsguten seier me: Du skal vel få deg ein jobb så du kan bu her heime du!

Når me snakkar til han, ligg det ei sterk føring i utsagnet. Mellom mange andre ting ligg desse tankane og forventningane til groing! Men kva med forventningar til sysken og andre ungar? Eg har spurt meg sjølv og kome fram til at det vil vera like godt for dei tri andre ungane våre å bu i Suldal.

Ein kan prøva å finna ut om det er tilfeldig at i nokre familiar blir alle ungane buande i heimkommunen, medan hos andre reiser dei alle.

For dei aller fleste vil det vera viktig at dei har eit miljø dei kan kjenna seg heime i, eller sagt på ein annan måte, at dei har vener og har det kjekt. Når ungdom er ute på skule, må dei ha det kjekt når dei kjem heim i helgene. Det må ikkje vera slik det er for ein del, at dei er forventningsfulle og glade når dei kjem heim på fredagen, men mest endå gladare på søndagen for at dei kan reisa på skulen igjen. Me har altså ei viktig, men vanskeleg, oppgåve i å prøva å skapa eit ungdomsmiljø i bygda for at ungdomane rett og slett skal ha det kjekt i lag.

Lagidrett har vist seg å vera eit bra tilbod i så måte. Fotballaget på Nesflaten sveisa gutane saman i si tid. Volleyballen og friidrettsgruppa på Sand bidrar til å utvikla venskap, venegjengar som gjer noko saman og har det kjekt.

Det har opp gjennom åra vore mykje att og fram for dei vidaregåande skulane i Ryfylke. Det er mange gode grunnar for å oppretthalda desse institusjonane, men ikkje minst er dei viktige for å skapa liv og røre i

ungdomsmiljøet. Nå er det slik i regionen vår at mange ikkje nyttar det lokale skuletilbodet me har. Dei vel å reisa vekk, av forskjellige grunnar, men mange har foreldre som støttar godt opp om ungane sine val.

Når så mange ungdomar frå Suldal vel å gå på Tryggheim vidaregåande, ein privat skule i kristen regi, kan ein rekna med at foreldra har gjort eit solid grunnarbeid før ungane får velja fritt! I sommar hørte me at 28 elevar frå distriktet vårt hadde søkt vidaregåande skular utanfor regionen, sjølv om dei hadde same linjetilbodet i Sauda/Suldal.

Ei dansk undersøking syner at det er mor, langt framføre far, kameratar, lærarar og rettleiarar som gir råd om utdanning og yrke. Når det gjeld framtida etter grunnskulen er mor den viktigaste samtalepartnaren. Mykje talar for at situasjonen er tilsvarande her heime. Dette gjer i så fall mødre til ei målgruppe for bygdeutviklarar. Me mødre skal på vår side vera medvitne om den rolla me såleis har i samfunnsplanlegginga.

Eg er sjølv sagt ikkje i mot at ungdom skal ut og sjå seg om i verda, men me må vera klar over kva konsekvensar det kan få for samfunnet vårt. Dei utreiste elevane utgjer eit stort tap for ungdomsmiljøet i Suldal. Det er og eit tankekors at det tilsynelatande berre er landsungdom som ikkje kan bli gagns menneske om dei ikkje bur vekke nokre år i ungdomen. Prøv å seia høgt at all byungdom burde ha nokre år på landet for ikkje å bli heimføingar, einstøingar eller det som verre er. Kjenn så på reaksjonen din. Du vil kan henda oppdaga at husmannsånda lever.

Politikarane våre og alle me andre må kjempa for å halda ungdomane samla så lenge som mogleg. Det betyr at den vidaregåande skulen må ha eit breitt tilbod så nær heimstaden som mogleg. Me veit at ungdomane finn nære vener i denne tida, og me må ikkje gjennom slike venskap orientera dei bort frå heimbygda. Sku-

leskyss er nødvendig for å la ungdomane få bu heime så lenge som mogleg, og slik også vidareføra eller etablera venskap i heimkommunen.

Dette dreier seg ikkje om småting. For mens ungdommar tar utdanning andre stader, finn dei seg vener, og opplever dei at ungdomsmiljøet heime raknar, så kjem dei rett og slett ikkje heim for anna enn å besøka foreldra. Dei ser seg ikkje inn i ein samanheng med hus og hage på heimplassen. Det eigentlege og viktige sosiale livet ventar ein annan stad.

Heim på ferie er greitt, men om ein riktig tenkjer seg om, kan ein få mykje ut av livet med ikkje å binda opp feriane. Viss ein ordnar seg slik at ein kan ha kontakt med foreldre og slekt til kvardags, kan ein gjera alt mogleg anna i feriane.

Eg har snakka med ein del ungdommar om desse tinga. Eit svar som kjem igjen blant dei som tar høgare utdanning, er, som nemnt, at det er få interessante jobbar i Suldal. Dessutan er miljøet så gjennomsiktig at det er lite sannsynleg at dei vender nasen heimover når dei skal etablera seg.

Likevel meiner dei at det er bra for ungar å veksa opp på ein liten plass!

Dette tyder på to ting. Dei vaksne er ikkje medvitne nok om dei positive sidene med å bu her, og dei er ikkje flinke nok til å snakka med ungdomane om desse fordelene. Den som går med oppreist hovud og trur på seg sjølv, vil finna at han blir respektert same kor mykje han skil seg ut frå mengda, ofte vil det vera rett å seia same kor mykje han trur han skil seg ut.

Poenget er at me må få ei medviten haldning ute blant folk, og så må me få folk flest med på å ta ansvar for utviklinga.

Wenche Haugen Havrevoll, 39 år, bur på Nesflaten i Øvra Suldal. Ho er lærar i grunnskulen, har 4 gitar og bur på gard.

Bakgrunnen til at Arnbjørn av Hebnes og Gaute av Talgje gav gåver til fattige menneske


AV GERD KRISTIN HØIVIK

I andre halvdel av 1200-talet vart det vanleg i Noreg at velstående menneske overførte store ressursar til kyrkja i form av gåver som var øyremerka omsorg for fattige menneske. Denne forma for fattigomsorg var utbreidd i heile Europa. Både Arnbjørn av Hebnes og Gaute av Talgje oppretta testamenta der dei tilgode-såg ulike kyrkjelege institusjonar slik at dei kunne ta seg av fattigfolk. Ein kan stilla seg mange spørsmål om drivkrafta bak å gi gåver av denne typen. Eitt spørsmål det er naturleg å reisa i denne samanhengen, er om Arnbjørn og Gaute var motiverte ut frå ein genuin kjærleik til menneske i ein vanskeleg livssituasjon, eller om det var andre drivkrefter som stod bak handlingane til dei to velgjerarane. Dette spørsmålet skal ein freista å finna svar på i artikkelen nedanfor.

Det er fyrst av alt naturleg å stoppa opp ved innhaldet i dei to dokumenta. Av testamentet etter Arnbjørn, som er tidfesta til rundt 1286, går det fram at han gav korn som skulle delast ut til fattige menneske. På same måte ser ein av testamentet etter Gaute av Talgje frå tida før 1288 at han sette av pengar til hospitalet knytt til Katarinakyrkja i Bergen. Dette skal ha vore eit hospital for fattige menneske som låg i Vågsbotnen i Bergen.

Felles for innhaldet i dei to dokumenta er at Arnbjørn og Gaute ved sida av å tenkja på dei fattige overførte ressursar til ulike kyrkjelege institusjonar i Stavanger og i Ryfylke. Mellom anna får ein vita at Arnbjørn gav pengar og eit bjørneskinn til Utstein kloster og kyrkjene på Jelsa og Sæbø, medan andre kyrkjer som td. kyrkja på Hinderå berre får pengar. Gaute gav mellom anna gåver til Utstein kloster og kyrkja på Talgje. I tillegg til at han var oppteken av velferda til dei kyrkjelege institusjonane i Stavanger bispedømme, hadde han òg omtanke for institusjonar i Bjørgvin bispedømme.

Eit anna felles trekk ved dei to testamenta er at dei begge reiser klausul om *årtidhald*. Årtidhald er det same som å feira dødsdagen, eller den himmelske fødselsdagen til ein person som er avliden. Seremoniar av denne typen var gjerne sett saman av sjeletid, sjelemesse, klokkeklang, lystenning og utdeling av mat til dei fattige. Alle desse handlingane var motiverte ut frå ynskjet om å oppnå miskunn for sjela til den avlidne. Det var korsbrørne som hadde i oppgåve å utføra desse handlingane mot ei gåve frå den avlidne. Arnbjørn tinga seg årtidhald og gravstad ved St. Svithun i Stavanger. Med andre ord var det korsbrørne ved domkyrkja i Stavanger som hadde i oppgåve å be for sjela hans. Gaute sikra seg òg årtidhald ved domkyrkja i Stavanger, men i tillegg tinga han seg årtidhald i ulike kyrkjer i Bergen. Sidan testamenta etter Arnbjørn og Gaute ikkje seier noko om at dei fattige skal ha mat ved høgtiding av dødsdagen, og sidan ein heller ikkje får vita noko om kva tid gåvene Arnbjørn og Gaute har



Miniatyren er henta frå ei fransk handskrift frå 1200-talet. Kvinna på biletet demonstrerer dei sju gode gjerningane eit kristent menneske skulle gjera. Ho gir dei svoltne mat, pleier dei sjuke, gir dei tyrste drikke, gir dei husville husvære, gir dei nakne klede, vitjar fangane og gravlegg dei døde.

øyremerkt til dei fattige skal overførast, kan ein ikkje trekkja nokon konklusjon om at overføringa skjedde årvisst eller berre ved eit enkelt høve. Det einaste ein kan vita sikkert er at overføringa må ha skjedd etter at gjevarane var avlidne. Grunnen til det er at omgrepet testamente er nytta i begge dokumenta, og dei framtidige planane i eit testamente vert fyrst sett ut i live etter at testator er død.

Religiøse motiv:

Sidan kyrkja og kristendommen spelte ein svært sentral rolle i mellomaldersamfunnet, er det naturleg å sjå korleis kyrkja skunda på folk som Arnbjørn og Gaute for at dei skulle gi gåver til dei fattige ved å nytta kyrkjelege institusjonar. Gammalnorsk homilieboek, er ei preikesamling som prestar nytta, er ei viktig kjelde til den kyrkjelege forkynninga i denne perioden. Det går klårt fram at det er tanken på livet etter døden som dreiv Arnbjørn og Gaute til å setja opp testamente der dei tilgodesåg dei fattige. Arnbjørn seier at sidan han ikkje veit når han skal døy, skriv han testamente. Med andre ord har han eit ynskje om å vera budd til å døy. I preika knytt til påskedag får ein vita at ein må venda seg til Gud medan ein kan det. Dette faktumet vert visualisert i ein draum der sjela til ein avliden person klandrar lekamen for at han ikkje hadde vilje til å skifta godset og gi til dei fattige. Moralen er med andre ord at ein må bu seg før ein forlet livet på jorda ved å gi gåver til fattigfolk.

Eit moment som ser ut til å gå igjen hjå både Arnbjørn og Gaute, er at testamentet kom i stand for at det skulle vera til hjelp for sjela deira etter at dei var døde. Den samtidige kyrkjelege forkynninga var prega av fargerike og levande framstillingar om kva som kunne venta ein i livet etter døden. Himmelen, som var den eine staden ein kunne hamna, vert i preika knytt til

juledag skildra som ein stad med «lys utan mørke», «liv utan død», «ungdom utan alderdom» og «helse utan sjukdom». For å verkeleg slå fast at dette er ein god stad å vera, hevdar ein vidare i preika at sjølv om alle folkeslag talte frå opphavet av verda og fram til endetida, ville dei aldri klara å uttrykkja den himmelske gleda og fryden.

Alternativet til himmelen, helvete, vert i den same preika skildra som ein stad med skrik, gråt, svolt, tørst og tærande eld. For å markera at det er vondt i helvete får ein vita at elden er sju gonger varmare der enn den heitaste elden ein kan tenna i denne verda. På same måte som ein har ei likning som syner kor vanskeleg det er å skildra tilhøva i himmelen, har ein òg ei likning der moralen er å synleggjera kor vanskeleg det er for menneska å tenkja seg til korleis situasjonen er i helvete. Det som er karakteristisk for denne likninga, er at ein finn ei større grad av overdriving enn kva ein finn i likninga om himmelriket. Som i likninga ovanfor, tenkjer ein seg at om alle tunger frå verda sitt opphav til endetida skulle skildra alt det vonde som ein finn i helvete, ville ein ikkje få det realistisk nok. Òg dette sjølv om ein sette hundre hovud på kvart menneske der kvart hovud hadde hundre jarntunger. Av Visio Pauli, som tek føre seg synet apostelen Paulus hadde av helvete, går det fram at straffa i helvete er differensiert etter kva synd ein har gjort. Mellom anna får ein vita at enkelte av dei som hamnar i helvete står i eld til augebryna. Andre, derimot, står i eld til leppene, haka, hendene, navlen eller knea.

Det er på dommedag det vert teke stilling til om ein kjem til himmelen eller helvete. I den fyrste preika om dommedag kan ein lesa at dommedag er den dagen alle lekamar og sjeler til menneska skal møtast. Under dette møtet skal ein stå til rettes for det ein har gjort, tenkt eller sagt i denne verda. Ein skal få lønn etter

som ein har oppført seg. I tillegg til dette skal jorda gå opp i flamar slik at fjell og steinar skal flyta som smelta voks eller som kokande bly. Det er gjennom dette infernoet alle menneska skal fara når dei skal stå for dommen.

I den andre dommedagspreika kan ein vidare lesa at dei som skal til himmelen kjem dit fordi dei vert funne rettferdige av Gud. Årsaka til at dei er rettferdige finn ein i det faktumet at dei gav Gud mat når han var svoltne, drikke når han var tyrst, klede når han var naken og at dei vitja han når han var sjuk og sat i fengsel. Grunnen til dette er at godskapen gjort mot dei ulukkelege og dei fattige eigentleg vart gjort mot Gud sjølv. Vidare får ein vita at dei som skal til helvete skal dit fordi dei korkje gav mat til svoltne, drikke til dei tyrste, klede til dei nakne eller vitja dei sjuke i fengsel. Det vert sagt at dersom ein avviser eit menneske i naud, så avviser ein Gud sjølv. Her må ein trekkja inn at det å vera fattig vart sett på som eit ideal. Menneske som levde i fattigdom, hadde ein livssituasjon som likna på den situasjonen Kristus hadde då han levde på jorda, det gir dei ein spesiell posisjon i det himmelske rangsystemet.

Det var ikkje berre tankane om himmel, helvete og dommedag som prega mellomaldermennesket sitt syn på livet etter døden. På 1190-talet fekk ideen om at det fann stad ein reinseprosess med eld for å førebu mennesket for eit liv i himmelen teologisk gjennombrøt; denne reinseprosessen vart òg kalla *skjærselden*. Det var ei rådande oppfatting at helgenar og martyrar som var rettferdige slapp å venta til dommedag før dei vart overførte til himmelen. Dei fekk saka si avgjort umiddelbart etter at dei døydde. På same måte meinte ein at dei som var vonde vart umiddelbart overførte til helvete. Mellom desse to kategoriane som står i kontrast til einannan, trudde ein det fanst to mellomliggjande

kategoriar; dei som ikkje berre er gode og dei som ikkje berre er vonde. I følgje Augustin, som levde frå 354 til 430, må dei som ikkje er heilt gode gå gjennom ein prøve før dei fer til himmelen og dei som ikkje berre er vonde har ein prøve som gjer at pinslene i helvete vert modererte. Ein trudde at skjærselden var til hjelp for dei som hadde småsynder å stå til rette for, eller som ikkje hadde tid til å gjera opp for syndene sine før dei døydde. Med andre ord må ein sjå på skjærselden som ei handsrekning til dei som døydde med uoppgjorde småsynder på samvitet.

Difor vart det viktig å halda seremoniar som gravferder og årtidhald der ein brukte sjeletid, sjelemesse, klokkeklang, lystenning og utdeling av mat til dei fattige som eit middel for å hjelpa sjela til himmelen.

Av den andre dommedagspreika i Gammalnorsk homilieboek har ein alt sett at det å hjelpa fattige menneske eller det å lata vera å hjelpa fattige var avgjerande for kvar ein enda opp i livet etter døden og at grunnen til det var at det å hjelpa menneske i naud eigentleg vart oppfatta som å hjelpa Gud sjølv. I forkyninga generelt går det fram at det ikkje berre er nok å hjelpa fattigfolk for å komma til himmelen. Det mest fundamentale av alt er at ein måtte tru på at Gud elska menneska så djupt at han gjorde syndarar rettferdige ved å sjølv gå i døden. Vidare måtte ein vera villig å halda seg vekke frå syndige handlingar. Fleire av preikene opererer med konkrete syndelister slik at kyrkjelyden skulle vita kva han kunne gjera og ikkje gjera. I den fyrste moralpreika får ein vita at ein ikkje skal stela, rana frå kyrkjer, drepa menneske, vera langsint, vera misunneleg, vera hovmodig, vera sjølvgod, driva hor, drikka for mykje alkohol, driva med sedløyse, sverja meineid, muta eller tru på trollkjerringar. Der som ein likevel skulle vera uheldig å synda, er det viktig at ein lèt seg reinsa frå syndene. Dette kan skje ved

at ein lèt seg døypa, at ein går til nattverd og ved at ein går til skrifte og får råd av skriftefar om å faste og gi *almisser*. Fyrst når ein har vore gjennom denne prosedyren får ein tilgjeving. Almissegjerd innebar mellom anna at ein gir mat til fattige. I forkynninga ser ein at almissegjerd var eit svært effektivt reinsemiddel mot synd; det vert hevda at almisser kombinert med faste er det beste midlet mot synd. I Erkebiskop Jons kristenrett vert effekten tydeleggjort ved det målande biletet der det vert hevda at almissegjerda sløkker synder på same måte som vatn sløkker eld. Det er òg verd å nemna at almissegjerd òg kjem inn som eit viktig element i kravet om å gjera gode gjerningar. Det er uråd å vita om Arnbjørn og Gaute oppretta testament som ein lekk i ein prosess der dei fyrst hadde synda, så gjekk til skrifte og fekk råd om faste og almissegjerd, eller om handlinga er eit uttrykk for at dei berre gjorde ei god gjerning.

I innleiinga vert det stilt spørsmål om Arnbjørn og Gaute sine velgjerningar vart utførte av kjærleik til menneske i ein vanskeleg livssituasjon. Dersom ein går inn i dei to testamenta, kan ein ikkje finna teikn på det. Men av forkynninga elles går det klårt fram at ei god gjerning som ikkje er gjort i ekte kjærleik til Gud og medmenneska, vert omgjort til synd. Grunnen til det er at Gud dømer berre etter viljen og ikkje etter sjølve gjerninga. Med andre ord ville velgjerninga gå over til ei syndig handling dersom ho ikkje vart gjort i kjærleik, og dermed ville situasjonen deira etterpå vera verre enn før; dei ville sitja med meir synd på samvitet enn det dei hadde før dei starta sjølve reinseprosessen.

Ei årsak til at korkje Arnbjørn og Gaute nemner dette med kjærleik og omtanke for dei fattige i testamenta, kan ein kanskje finna i kravet som vert stilt til dei gode gjerningane; ein skal ikkje hjelpa andre for å

motta ære av medmenneska. Løna for dei gode gjerningane skulle ein fyrst få når ein er død. Både Arnbjørn og Gaute seier eksplisitt at dei opprettar testament for å æra og lovprisa Gud.

I denne samanhengen er det òg viktig å hugsa på at ei preike må oppfattast som eit uttrykk for korleis kyrkja meinte kyrkjelyden *burde* tenkja og leva. Med andre ord seier kjelda ingenting om korleis folk *verkleg* tenkte og levde. Vidare må ein òg peika på at eit testament frå mellomalderen er bygd opp etter eit fast mønster. Sidan det var kyrkja som organiserte testamentgjerd av denne typen, må ein tru at det var dei geistlege sine formuleringar som farga innhaldet i testamenta. Det inneber at ein ikkje kan lesa testamenta etter Arnbjørn og Gaute som private dokument. Med andre ord må ein òg sjå på testamenta som eit uttrykk for korleis kyrkja meinte testator *burde* tenkja. Konklusjonen vert då at karakteren på kjeldematerialet hindar ein i å seia noko om at Arnbjørn og Gaute hadde omsut for dei fattige då dei oppretta testamenta sine.

Juridiske motiv:

Korkje kongemakta eller kyrkja utarbeidde lover som påla folk som Arnbjørn og Gaute å overføra ressursar til fattige gjennom å oppretta testament, men ein kan seia at dei gjorde det indirekte ved at dei la tilhøva til rette for at ein kunne gi gåver på denne måten. Det er likevel ikkje rett å seia at lovgjevarane gav folk heilt frie hender når det galdt å overføra ressursar ved å setja opp testament. Prinsippet som galdt, var at ein kunne gi ein tiandedel av arven og ein fjerdedel av sjølververva gods. Kyrkja kravde ved fleire høve at denne retten skulle verta utvida. Grunnen til at ho sette fram slike krav, var at ei endring av prinsippet ville medføra at eigedomane til kyrkja ville auka. Fak-

tisk vart overføringane i form av almisser den viktigaste inntektsposten til kyrkja, og difor er det naturleg at ho arbeidde for at det skulle bli lettare å gi almisser. Ein annan grunn til at kyrkja ynskte å utvida retten til å overføra ressursar til kyrkja, var at ho i følgje si eiga lære ville hjelpe det einskilde mennesket til å gjera noko aktivt for å sikra si eiga frelse. Dette kravet medførte mykje kiving mellom kyrkja og kongemakta. Grunnen til at kongemakta gjekk imot at testasjonsretten vart utvida, var at ho oppfatta dette som eit arvesvik. Ho meinte kravet truga det gamle prinsippet der arveretten heilt ut var basert på slektsarv. Sjølv om kongemakta var kritisk til dei kyrkjelege framstøyta for å utvida testasjonsretten, ser ein at kongemakta støtta opp om det å gi gåver i form av testamente innan lovlege rammer. Ein finn fleire døme på at kongar og dronningar sjølv sette opp testamente der dei tilgodesåg dei fattige.

Når Arnbjørn og Gaute skulle gjera testamente, kunne dei gjera det munnleg eller skriftleg. Dersom dei gav uttrykk for viljen sin munnleg, var det vitna som utferda testamentet for dei seinare. Av ordlyden i dei to testamenta ser det ut som både Arnbjørn og Gaute sjølv var til stades då teksten vart skriven.

Det kan sjå ut som at ein hadde ein seremoni under sjølv opprettinga av testamenta. Dette kjem til uttrykk ved at ein har fleire vitne som deltok i seremonien. Talet på dei som deltok varierte. Ein må tru at ein forutan testator og vitna, òg må ha hatt ein skrivar. Då Arnbjørn oppretta sitt testament veit ein at han minst hadde åtte vitne til stades. Ein ser at kyrkja var representert ved biskop Arne og fire andre geistlege. I tillegg finn ein Pål frå Haga, Eirik frå Randaberg og Torstein frå Hovda.

For at testamentet skulle vera rettsgyldig, måtte testator vera tilrekneleg. Difor får ein informasjon om

helsetilstanden til Gaute. Me får vita at han er frisk i det han opprettar testamentet. I testamentet etter Arnbjørn finn ein ikkje spor etter ei slik forsikring. Om dette er ei forgløyming eller om det vart sett på som sjøvsagt at han var frisk på vitet, er uråd å svara på.

Sjølv hovudårsaka til at velgjerarane valde å gjera testament når dei skulle overføra ressursar til fattige, finn ein i det faktumet at det var ein effektiv måte å sikra seg at eigen vilje vart gjennomført. Når ein hadde skrive avtalen og sett seglet sitt under med vitne tilstades, kunne ein vanskeleg endra på det ein hadde gått inn for. Trass i at testamenta skulle sikra at testator skulle få viljen sin gjennomført, ser ein likevel at testator tenkte seg den situasjonen at krava ikkje vart innfridde. Gaute ber arvingane om å retta seg etter dei ynskja han har sett opp i testamentet. Samstundes minner han om at gåvene til kyrkja òg skal vera til hjelp for sjelene til slektingane, og at dei til slutt må stå til ansvar for Gud om dei ignorerer testamentet han har sett opp.

Ein kan dela prosessen der ein gav gåver til fattige ved å oppretta testamente inn i fire fasar. Den fyrste fasen var når premissane for transaksjonen vart lagde. Her vart det fastsett kva ein skulle gi og få i motgåve. Dette må vera møtet mellom skriftefar og den som gav gåvene. Sidan det å gi almisser var ein del av reinseprosessen etter at ein hadde synda, må ein tru at skriftefar hadde innverknad på verdien av gåvene som vart gjevne. Skriftefar gav ikkje berre råd om almissegjerd, men han forvalta og tilgjevinga. Den andre fasen var når testamentet vart skrive. Her hadde ein truleg ein seremoni der testator, skrivar og vitna møtte kvarandre. Den tredje fasen fann fyrst stad etter at gjevaren var avliden og dei fattige kunne ta imot gåvene. Og den siste og fjerde fasen fann stad då gjevaren såg resultatet av gåva i livet etter døden.

Avslutning:

Som ein har sett, påla ikkje lovverket Arnbjørn og Gaute å setja opp testamente for å hjelpa fattige menneske, men av det godt utvikla systemet for å gi gåver på denne måten må ein tru at det har vore med på å påverka dei til å nytta ordninga. Det at kyrkja ivra for at ein skulle overføra ressursar og det at dei kongelege støtta ordninga ved å gå føre som gode døme, må absolutt ha hatt ein innverknad på handlingsmønsteret.

Vidare kan ein slå fast at førestellingane om livet etter døden må ha vore med på å motivera Arnbjørn og Gaute til å tilgodesjå dei fattige ved å oppretta testamente. Ein kan seia at dei nyttar mekanismen som eit verkty for å skaffa seg evig liv. Overføringa til fattigfolk kunne anten vera uttrykk for ei god gjerning, eller ei god gjerning som var knytt til prosessen der dei reinsa seg frå synd.

Arnbjørn og Gaute oppgir at testamente er blitt til for å æra Gud. Sidan velgjerarar generelt blir oppmoda til å ikkje gjera gode gjerningar for å få løn av medmenneska, ser ein at dei ikkje nemner omtanken for dei fattige som eit motiv for å gi gåvene. Når ein likevel veit at det vert kravd i forkynninga at ein skal gjera gode gjerningar med kjærleik til medmenneska, må ein opna opp for at dei kan ha bore på ei kjensle for dei vanskelegstilte som tok imot gåva. Eit anna moment som er med på å forsterka denne uvissa, er at kjeldematerialet er av ein slik karakter at det er uråd å vita eksakt kva Arnbjørn og Gaute tenkte. Dersom ein likevel opnar opp for at kjensler av denne typen var til stades, må ein tru at dei kom i skuggen for den frykta dei bar på med tanke på sitt eige synderegister og følgjene det hadde for livet etter døden; av forkynninga vert almissegjerd framstilt som det beste midlet mot synd. Det skulle tilseia at hovudmotivet til Arnbjørn og Gaute var å sikra seg eit liv i himmelen. Med andre ord er det uråd å sjå at dei to

velgjerarane tenkte fattigomsorg då dei brukte mekansimen der dei overførte ressursar til fattige ved testamentgjerd.

Det som er viktig i denne samanhengen, er at overføringar av almisser ikkje berre fungerte som den viktigaste metoden for å sikra seg evig liv eller som den viktigaste inntektskjelda for kyrkja. Det har nemleg òg vist seg at overføringane av almisser representerte den viktigaste forma for fattigomsorg i mellomalderen. Dette faktumet inneber at dei som gav gåvene, folk som Arnbjørn og Gaute, dei som administrerte prosessen, kyrkja, og dei som tok imot gåvene, fattigfolket, alle må ha vore svært interesserte i å støtta opp om ordninga. Ein kan seia at alle aktørane hadde utbytte av å delta i prosessen. Konsekvensen av dette var at aktørar frå ulike sjikt i samfunnet vart avhengige av kvarandre for å delta i almissegjerd. Det kan ein sjå av at dei velstående som gav gåver, måtte ha ei kyrkje til å organisera overføringa. Dei måtte òg ha tilgang på fattigfolk som ville ta imot hjelpa. Vidare måtte kyrkja ha tilgang på menneske som hadde trong etter å reinsa seg frå syndige handlingar og fattigfolk som var villige til å ta imot gåver. Dei fattige på si side måtte ha velstående velgjerarar som gav dei gåver og ei kyrkje som organiserte overføringa. Resultatet av dette må ha vore at aktørane vart bundne saman i eit felles samhandlingsmønster.

Gerd Kristin Høivik er fødd 1966 og kjem frå Israelsneset nær Jelsa. Ho var ferdig cand. philol. ved Universitetet i Bergen hausten 1997 med fagkrinsen historie, nordisk språk og litteratur og samfunnsfag. I hovudfagsoppgåva har ho sett nærare på motiva dei ulike aktørane i mellomalderen hadde for å delta i almissegjerd. Almissegjerd var den viktigaste forma for fattigomsorg på denne tida. Studien er lagt til Noreg i tida 1130 til 1350, og kjeldene som er nytta er Gamalnorsk homilieboek, heimelsbrev og lovtækstar. To av desse heimelsbrev er direkte knytt til regionen vår; testamente etter Arnbjørn av Hebnes og Gaute av Talgje. For tida arbeider Høivik som lektor ved Skeisvang vidaregåande skole i Haugesund.

Årsmelding 1997

Rammevilkåra for arbeidet ved museet endra seg lite frå 1996 til 1997. Driftstilskotet frå fylkeskommunen, inklusive bidrag frå staten og Suldal kommune, auka frå 2.123.757 til 2.250.895, eller med 6%, og dekkja såleis m.a. meirkostnaden etter lønnsoppgjæret i 1996. Talet på faste stillingar var 5. I tillegg var det 7 engasjement i heil- eller deltidstillingar, 1 heil stilling som blir stilt til rådvelde av Hjelmeland kommune, og 38 korttidsengasjement i stillingar som omvisarar, kursleiarar, reingjeringsassistentar og ekstrahjelp. Omrekna til heile årsverk blei det tilsaman ca. 9,75. Det var ein nedgang på 0,75 årsverk frå 1996. Dei tilsette opplever arbeidsmiljøet som godt.

Arbeid med samlingane var eit høgt prioritert arbeidsområde i 1997. Det er utarbeidd innsamlingsplan, og det er lagt ned store ressurser i arbeidet med å komma ajour med registrering og katalogisering av samlingane. Likevel står det mye att, og museet manglar tilfredsstillande magasin for oppbevaring av gjenstandssamlingane. Arbeid med katalogisering og sikring av samlingane må såleis bli eit prioritert område også i åra som kjem.



«Brødrene af Sand» ved kai på Sand i juli 1997.

Eit høgdepunkt i tilveksten til samlingane var heimkjøpet av jekta «Brødrene af Sand». Dette er eit viktig tilskott til dokumentasjonen av skipsbygginga og fjordafarten i Ryfylke, og det viste seg å vera eit svært populært tiltak som har samla stor oppslutning både om fartøyet og museet.

Vi har hatt 3 prosjekt i arbeid som har hatt til formål å dokumentere og bringe fram ny kunnskap. Det er arbeidet med gards- og ættesoge for Suldal, prosjekt bygningsvern i Ryfylke og arbeidet med siste bandet av saga om sau og geit i Ryfylke.

Museet har drive ei omfattande formidlingsverk-

semd. Det har vore faste opningstider ved 5 av avdelingane og daglege omvisingar ved 2 andre avdelingar, utanom omvisingar etter bestilling ved fleire avdelingar. Besøkstalet har likevel gått ned hos oss som hos mange tilsvarande institusjonar. Mange trur dette skuldast den gode sommaren vi hadde i 1997.

Det er gjennomført fleire, til dels omfattande kurs, vi har produsert foldar, hefte, bok og fonogram, og vi gir råd og rettleiing om ei rekke spørsmål knytta til museumsarbeid og kulturminnevern.

Vi har likevel ikkje nådd i mål med alle dei aktivitetane som var planlagte. Eit problem synest å vera at ressursene til den daglege drifta av museet er blitt undervurderte. Ryfylkemuseet er ein serviceinstitusjon som mottar publikum med mange slags ønskje og behov, og den tida det tar å imøtekomma desse behova er det i for liten grad tatt omsyn til i vurderinga av den tilgjengelege arbeidskapasiteten. Vi har heller ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til at det dukkar opp uføresette oppgåver, som t.d. i år eit akutt behov for sikring av sinkgruvene i Sauda. Kapasiteten har dessutan også dette året vore meir enn normalt redusert på grunn av sjukefråver.

Vi vil nedanfor gjeran noe meir detaljert greie for ein del hovudområde i arbeidet til museet, men aller først noen organisatoriske opplysningar.

MEDLEMMANE

Ved utgangen av året var det 665 medlemmar som hadde betalt kontingent for 1997, i tillegg kom 55 abonnentar på årsskriftet, tilsaman 720. Dette er ein nedgang på 28 frå i fjor. Fråfallet av medlemmar var særleg stort i Suldal, og skuldast for ein del at Suldal Museumslag ikkje lenger er virksamt. Medlemmane fordelte seg slik:

Sauda	81
Suldal	184
Hjelmeland	67
Strand	26
Forsand	10
Finnøy	79
Rennesøy	52
Kvitsøy	5
Andre	161

ÅRSMØTET

Årsmøte for medlemmane i museet blei halde i Nesa-sjøhuset på Sand 14. mars 1997. Det møtte fram 45 medlemmar. Det var ingen merknadar verken til årsmeldinga eller rekneskapen.

På val som styremedlem sto Trygve Brandal, Hjelmeland. Valnemnda foreslo attval, og Trygve Brandal blei attvald som styremedlem for 2 år, med Jan Ringstrand, Sauda, som varamedlem. Styret har etter årsmøtet vore samansett slik:

Frå medlemmane:

Arnulv Honerød
(til årsmøtet 1998)

Varamedlem:

Solveig N. Fisketjøn

Trygve Brandal

(til årsmøtet 1999)

Varamedlem: Jan Ringstrand

Frå kommunane:

Børge Skeie

(til kommunevalet 1999)

Varamedlem: Arild Winterhus

Marie Gangenes

(til 31/12-1997)

Varamedlem:

Norleiv Haugvaldstad)



Styret på befaring på Håland. Frå venstre: Børge Skeie, Bjørg Jorunn Myhre, Marie Gangenes, Rolf Egil Teig, Trygve Brandal, Helge Bendiksen og Ellen Skogland.

Helge Bendiksen
(til 31/12-1997)
Varamedlem: Ståle Eggebø

Frå fylkeskommunen: *Rolf Egil Teig* (til fylkestingsvalet 1999)
Varamedlem: Signy Nerheim)

Frå dei tilsette: *Gaute Berge Nilsen*
(til 31/12-1997)
Varamedlem: Bjørg Jorunn Myhre

Til ny valnemnd blei vald Aslaug Astad, Helga Møgedal og Ståle Eggebø.

Årsmøtet blei avslutta med at Ernst Berge Drange kåserte over temaet «Blant bausafolk, bokfolk og andre bønder i Hylsfjorden».

STYRET

Styret hadde 4 møte i 1997. Det siste av styremøta var kombinert med eit styreseminar på Utstein Kloster 3.—4. oktober der det var sett av tid til å bruke noe meir tid enn det det elles blir høve til på enkelte arbeidsområde som museet er engasjert i, og i drøfting av meir langsiktige tankar om utvikling av museet.

Styret hadde i alt 27 saker til behandling i meldingsåret. I tillegg til dette talet kjem ein del referat, meldingar og mindre saker som blir behandla utan særleg saksførelegg. Mellom dei tyngste sakene var spørsmå-

let om kjøp av «Brødrene af Sand», tilbud om overtaking av oppgåva med erverv, flytting og gjenreising av det gamle bedehuset i Strand, handlingsprogram og budsjett og ulike økonomi- og personalsaker.

Museet har inngått samarbeidsavtale med Hjelmeland kommune. Også Finnøy har gitt positiv tilbakemelding på invitasjonen til å drøfte samarbeidsavtalar.

Møta til styra blir haldne kring om i dei ulike kommunane, og ein del av møtetida blir sett av til møte med representantar for kommunane og synfaring til ulike hus eller samlingar av særleg interesse. I 1997 hadde styret møte i Kvitsøy, Rennesøy og Suldal.

PERSONALET

Ryfylkemuseet hadde i alt 45 personar på lønningslista si i 1997. Av desse var 5 fast tilsette. Resten var deltidsengasjerte og korttidsengasjerte medarbeidarar. Nedanfor følgjer eit oversyn over dei tilsette:

Tilsette i faste stillingar:

Roy Høibo, førstekonservator /styrar
Gaute Berge Nilsen, avdelingsleiar
Björg Jorunn Myhre, kontorfullmektig
Ruth Anne Moen, konservator (folkemusikkarkivet)
Kjell Johnsen, handverkar

Tilsette i mellombels stillingar:

Ernst B. Drange, konservator (bygdebok), heil stilling
Grete Holmboe, arkitekt (byggningsvern), deltid
Maria Corazon A Dørheim, reinhaldar, deltid
Trygve Brandal, forfattar (sau og geit), deltid
Njål Tjeltveit, forfattar (sau og geit), deltid
Sanja Ignjatic, vikar for kontorfullmektig, deltid
Oddvar Rønning, registrator/arkivar, deltid

Tilsette i korttidsengasjement:

Karoline Høibo, omvisar
Laurensa Wigestrands, omvisar
Ommund Berge, omvisar
Jon Bråtveit, omvisar
Ørjan Drange, omvisar
Valborg Berge, reinhaldar
Sigrun Jensen, reinhaldar
Olav Eggebø, omvisar
Kjersti Moe, omvisar
Ivar Smørgrav, omvisar
Jon Jelmert, instruktør
Siri Dyvik, instruktør
Brit Guggedal, instruktør
Arnulv Honerød, styremedlem
Anne Margrethe Myhre, assistent
Jon Moe, forfattar
Mads Drange, omvisar
Albert Moe, omvisar
Bjørn Sandvik, instruktør

Rolf Nilsen, inspektør
Oddvar Bendiksen, omvisar
Hilde Aarhus, omvisar
Aaste Næss Eggebø, omvisar
Olav Skaar Bendiksen, omvisar
Per Surnevik, instruktør
Ragnar Djuvik, instruktør
Eli Storbekken, instruktør
Steinar Rygg, instruktør
Gunnar A. Steen, instruktør
Frode Nyvold, instruktør
Håkon Høgemø, instruktør
Ola Hustveit, handverkar
Torleif Ness, handverkar

Det blir lagt stor vekt på å gi personalet utveg til fagleg utvikling. Både dei fast tilsette, og dei som elles er tilsette i stilling av noe omfang over eit lengre tidsrom, får tilbod om å delta på faglege samlingar som blir tilbydde museumspersonale. Alle dei fast tilsette, og i tillegg Grete Holmboe og Ernst Berge Drange, har vore med på faglege tiltak i meldingsåret.

Personalet har også eit årleg personalseminar, der ulike tema blir tatt opp, og der arbeidet med handlingsprogrammet for det påfølgjande året blir starta. I 1997 blei personalseminaret halde på Stord, med besøk på Sunnhordland folkemuseum som ein del av programmet. Opplæring og formidling var særlege tema på seminaret.

Dei siste åra er musea blitt sterkt oppfordra til å rette blikket også ut over landegrensen. Ryfylkemuseet har ei tid hatt høve til å delta i internasjonale museumsorganisasjonar, og har innleidd eit vennskapssamarbeid med Down County Museum i Nord-Irland. Dette er blitt oppfatta som eit interessant tiltak, og Norsk Museumsutvikling har vald å støtte vidare utvikling av vennskapssam-

arbeidet som eit pilotprosjekt for denne type kontaktar. Ein reknar etterkvart med at tiltaket skal føre til positive tilbod både til personalet og medlemmane i museet.

TILVEKST OG DOKUMENTASJON

Styret vedtok i januar ein plan for innsamling og forskning ved museet. Dei prioriterte innsamlings- og dokumentasjonsoppgåvene ved museet dei nærmaste åra er ut frå denne følgjande:

- Innsamling og gransking av materiale om fruktdyrkinga i Ryfylke
- Dokumentasjon og gransking av bygningsmassen
- Innsamling og gransking av materiale om storgardskulturen
- Innsamling av folkemusikk

I 1997 kom vi i gang med førebuinga av arbeidet med innsamling av materiale om fruktdyrkinga, og folkemusikkarkivet har drive feltarbeid i Sokndal, Egersund og Sauda. Ved folkemusikkarkivet er det installert nytt registreringsprogram, og konservatoren har fått opplæring og har starta arbeidet med registrering. Utklyppsarkivet til folkemusikkarkivet er sortert ved hjelp av innleigd ekstrahjelp.

Tilveksten til folkemusikkarkivet har vore 7 kassetar, 3 videoband, 9 dat-kassetar og noen kopiar av visebøker og enkelttekster.

Vi har forsøkt å betre rutinane for katalogisering av nyinnsamla materiale, og bruker ein del omframme midlar for å komma ajour med katalogiseringsarbeidet. Arbeidet med det ukatalogiserte materialet har avdekka at dette har større omfang, og at dei opphavelige registreringane har større manglar enn først antatt.

Det er tilvekstført 24 gåver til museet i 1997. Desse fordelar seg slik:

Gjenstandar: Kristian Hysten dødsbu, v/Torgeir Hysten
Bjørge Jorunn Myhre
Ragnar Aas
Gaute Berge Nilsen
Gunnar Aas og familine Törnqvist
Oddvar Klunghaug
Aslaug Eide, Kristin Risa,
Frida Dahlberg og Hans Eide
Gerd Kielland
Solveig Underbakke
Marta R. Nybru
Gjertrud Kleiveland
Kjell Ove Tufteskog

Foto: Hans Chr. Rygh
Haldis Rørvik

Video/film: Kons-Sul A/S

Arkiv: Suldal kommune
Roy Høibo
Ruth Herabakka
Oddvar Klunghaug
Mr. and Mrs. Norton L. Gard
Gudrun Gautun
Geir Helge Tjoldal

Museet har sjølv gjort 1.295 fotoopptak. Dette inkluderer både registreringsfoto, dokumentasjonsfoto og reprofotografi.

Talet på gjenstandar fordelar seg slik mellom dei ulike avdelingane (talet i parentes er talet på ferdig katalogiserte gjenstandar):

Industriarbeidarmuseet	550	(513)
Jonegarden	500	(456)
Sauda Museum	756	(756)
Sand	2050	(1408)
Kolbeinstveit	1280	(961)
Røynevarden	335	(166)
Jelsa skulemuseum	67	(0)
Erfjord bygdemuseum	1500	(254)
Håland	41	(0)
Viga	?	(0)
Barkeland	457	(0)

Vi gjer merksam på at talet på registrerte gjenstandar er høgare enn talet på ferdig katalogiserte gjenstandar. T.d. er heile samlinga på Barkeland registrert, og ein god del av samlinga på Viga.

Utanom registrering av egne samlingar har vi samarbeidd med Rogaland Ungdomslag og Bunad- og folkedraktrådet om registrering av gamle plagg frå Suldal. Ca. 400 plagg blei registrerte i den første registreringsrunden.

Dei to store tilvekstane i meldingsåret har likevel vore kjøpa av jekta «Brødrene af Sand», og kjøpet av hovudbygningen på Håland i Erfjord. Dette er tunge engasjement som krev mye av museet, men vi har møtt stor velvilje i samband med engasjementa, og oppnådd romslege tilskott til finansiering av kjøp og restaurering.

Som oppdrag for Suldal kommune har vi gjennomført evaluering av registreringa av faste kulturminne (SEFRAK), og utarbeidd eit forslag til kulturminneplan.

Det kan også høve å nemne samarbeidet med Kvitsøy kommune under dette kapitlet. Det har i fleire år vore arbeidd for å etablere ei museumsavdeling i Kvitsøy, og ein har etterkvart samla seg om å arbeide

med ideen omeit hummarmuseum. Ein har nå kome så langt at det er funne hus til museet, og det er meininga at museet skal ha eit nært samarbeid med eit forskingsprosjekt for klekking og utsetting av hummaryngel. Hummarmuseet på Kvitsøy vil såleis kunne bli eit museum der ein både lærer om historia, får kunnskap om det som skjer i dag, og er med på utviklingsarbeidet for framtida. Vi håper nå at innsamlinga av materiale til museet kan bli eit samarbeid mellom museet og skulen i Kvitsøy.

OPPBEVARING OG VEDLIKEHALD

Ryfylkemuseet manglar tilfredsstillande verkstad og magasin for oppbevaring av gjenstandsmateriale på ein måte som gjer at materialet er sikra mot brann, innbrot og klimaskader. Suldal kommune har gitt tilsagn om tomt til nybygg ved sida av Nesa-sjøhuset på Sand, men manglande regulering av området har forseinka planlegginga av nybygget. Mangel på tilfredsstillande magasin er eit alvorleg trugs mål mot samlingane til Ryfylkemuseet.

Gjenstandssamlinga i bygdemuseet i Erfjord er preparert mot rote og skadedyr. Ein del tekstiler er tatt inn til Nesa-sjøhuset og mellombels lagra i arkivet der. Dette gjeld også enkelte særleg utsette gjenstandar elles, t.d. gamle gevær.

Den antikvariske bygningssamlinga blir ettersett årleg, og nødvendige reparasjonar blir utført. Etter at museet fekk fast tilsett handverkar, har vi oppnådd ein rimeleg god standard på det alminnelege vedlikehaldet, men vi har problem med å komma ajour med større restaurerings- og rekonstruksjonsoppgåver. Målastova og Homannsbua på Håland er mellom dei husa som det er gjort mest arbeid på i 1997. På Hus-tveit er den gamle smia rekonstruert ved hjelp av innleigd arbeidskraft.

Sinkgruvene i Allmannajuvet er blitt sikra ved hjelp av ekstraordinære løyvingar frå Sauda kommune og Elkem Sauda. Det blei leigt inn ekstern arbeidskraft for å utføre arbeidet.

Vi har også engasjert omfram arbeidshjelp til å arbeide med ordning av arkiva våre.

FORSKING


Ein heil stilling ved museet er knytta til arbeidet med bygdebøker for Suldal. Dette er ein stilling som fullt ut er finansiert av Suldal kommune. Bind 1 av gards- og ættesoga for Sand var ferdig i 1997, og blei utgitt i desember. Bind 2 og 3 er under arbeid.

Det andre store forskingsprosjektet ved museet er bygningsvernprosjektet. Prosjektet ga i 1997 ut rapport om trekonstruksjonar. Det blei arrangert 2 kurs i muring med stein og kurs i stavbygging, lafting og taktekkning. Prosjektet blir avslutta i 1999.

Museet har også ei tid arbeid med innsamling og bearbeiding av materiale om sau og geit i Ryfylke og Nord-Rogaland. Første resultatet av



Elevar frå Erfjord skule var med og la nytt torvtak på Homannsbua på Håland



Bygningsvernkurset på Sandsa starta med nedtaking av bygningen og restaurering av grunnmuren.

dette var boka «Sau og hei» som kom ut i 1996. Prosjektet har vore vidareført i 1997, og vil bli avslutta med boka og geitehaldet i 1998.

UTOVERRETТА TILTAK

Ryfylkemuseet er ein serviceinstitusjon. I tillegg til dei særskilte tiltaka som er omtala som resultat av forskingsprosjekta ovanfor, og som særlege formidlings-tiltak nedanfor, driv museet med ulike former for service over for publikum. Etterkvart som samlingane veks, aukar etterspurnaden etter tenester frå publikum. Desse tenestene omfattar alt frå arbeidskrevjande foredrag til enkle spørsmål som kan svarast på i telefon.

Museet deltar også i arrangement som blir planlagt av andre. Mellom desse har dette året vore Kulturminnestafetten, der vi deltok i eit arrangement på Jelsa, og Forskningsdagene, der vi deltok med eit arrangement i Viga.

Dei tilsette har deltatt med desse foredraga i 1997:

Bygdebokskrivaren:

Kåseri på årsmøtet til Ryfylkemuseet, Sand 28. februar

Kulturlos på tur til Lingvong, 31. august

Kåseri i Hylsfjorden Grendautval, Vanvik 14. november

Konservator folkemusikkarkivet:

«Det brukarvennlege arkivet og omsynet til kjeldene», foredrag for Forum for folkemusikk- og folkedanstilsette, Lillestrøm 14. februar

Om folkemusikktradisjonar, Ryfylke folkehøgskule, Sand 14. april

Om songtradisjonar, Lindum, Suldal 31.mai

Kåseri, Rogaland sanitetsforening, Sand 14. juni
Forelesing for studentar, Ole Bull Akademiet, Voss 30. september

Foredrag for styremedlemmar, Ryfylkemuseet, Rennesøy 3. oktober

Dans 102, forelesing for studentar, Universitetet i Trondheim, 8. november

Kåseri, Lions, Sand 4. desember

Prosjektmedarbeidar bygningsvern:

Foredrag om bygging med stein og om konstruksjon i tre, kurs i bygging med stein, Finnøy 3.—7. mars og kurs i taktekkning, stav, laft og muring med stein, Sandsa, 10.—27. juni

Foredrag på seminar om kulturlandskapet, Fylkesmannen, Stavanger 26. august

Foredrag for styremedlemmar, Ryfylkemuseet, Rennesøy 3. oktober

Avdelingsleiar:

Seminarinnlegg om utviklingsarbeid innafør katalogisering og informasjonsteknologi, NMU, Sundøya 7.—8. april

Om Suldalsdalføret, Sauda vg. skule, Sand 9. juni
Strandstaden i Ryfylke, lærarkollegiet Stangeland ungdomsskule, Sand 14. august

Byggeskikk og bygningsteknikk i Ryfylke, Solborg folkehøgskole, Sand 16. august

For å marknadsføre museet best muleg over for reiselivet, samarbeider vi med dei lokale og regionale reiselivsorganisasjonane. Før sesongen blei det dessutan trykt og distribuert plakat med opningstider, og ein foldar. Vi er og med på NMU si heimeside for museum. Besøket gikk likevel noe ned samanlikna med året før.

Dette var ein generell tendens i 1997, og mange skulda på det fine veret som freista få til å besøke innandørs utstillingar.

Det samla besøket ved museet var 8.442, med det største besøket ved avdelingane på Sand og Kolbeinstveit. For Industriarbeidarmuseet i Sauda har vi ikkje fått oppgitt besøkstala. Det reelle besøket ved avdelingane våre er truleg ein god del større, da vi ikkje har tilfredsstillande registrering av publikum som ikkje løyser bilett. Besøket i 1997 fordelte seg slik mellom dei ulike avdelingane:

Nesa-sjøhuset	2.799
Jelsa (skulemuseet/kyrkja)	466
Kolbeinstveit	3.592
Hustveit	474
Viga	677
Røynevarden	20
Sinkgruvene	402

Det blir nå lagt særleg vekt på å legge forholda betre til rette for barn og unge. Dette er også i samsvar med pålegg frå kulturdepartementet.

Det har lenge vore eit ønskje om at Ryfylkemuseet skulle arrangere kurs i ulike tema, men det har vist seg at det ikkje alltid har vore like lett å samle folk til slike kurs. I år lukkast vi med å gjennomføre eit kurs i preventiv konservering under leiding av Eirik Årebrot frå konserveringssamarbeidet til musea i Rogaland.



Frå folkemusikkhelga på Lindum. Kurs i hardingfele.

Årsskriftet «FOLK i Ryfylke» hadde i 1997 «Mat og måltider» som tema. Det blei eit fyldig hefte på 86 sider, og med eit svært populært innhald. Vi har seinare fått høve til å følgje opp dette engasjementet gjennom eit innsamlingsprosjekt som blei gjennomført i 1998.

1997 blei også eit merkeår for folkemusikkarkivet, da vi ga ut vår første CD med materiale frå Ryfylke. CD-en fekk tittelen «Songar frå Jelsa». I tilknytning til lanseringa av CD-en blei det skipa til konsert på Jelsa, og det blei radioprogram i NRK-Rogaland. Innspeilinga av fonogrammet, og gjennomføringa av konserten skjedde i samarbeid med ei lang rekke utøvarar som er knytta til folkemusikkarkivet, og amatørskodespelarar frå Jelsa.

Den årlege kurshelga til folkemusikkarkivet blei i år halde på Lindum i Suldal. Det melde seg i alt 70 deltakarar til dei ulike kursa, og helga blei svært vellukka. I



tillegg til kurshelga på Lindum har folkemusikkarkivet arrangert kurs i sjøfløyte i Sandnes i samarbeid med Sandnes Musikkråd, og i samband med dette konsert med Per Midtstigen i Stavanger i samarbeid med Vibå Spelemannslag og BUL-Stavanger.

ÅRSMELDINGA BLEI GODKJENT AV STYRET I MUSEET 13. FEBRUAR 1998 OG LAGT FRAM FOR ÅRSMØTET 24. MARS 1998

Frå folkemusikkhelga på Lindum. Kurs i fløyte.

Rekneskap 1997

RESULTATREKNESKAPEN

	1997	1996
Driftsinntekter	4.497.571	4.539.746
Varekjøp	-149.425	-550.817
Lønn og sosiale utgifter	-2.274.459	-2.418.948
Administrasjon og drift	-1.888.385	-1.729.797
Driftsresultat	185.503	-159.816
Finansinntekter	91.086	89.946
Finanskostnader	0	-537
Resultat av finansinntekter/-kostnader	91.086	89.409
Årsoverskot/-underskot	276.389	-70.407
Avsett overførte løyvingar	-91.086	-77.166
Bruk av egenkapital	0	147.573
Avsetning til styrking av egenkapital	-185.303	0
Sum disponert/dekka inn	-276.389	70.407

BALANSEREKNESKAPEN

	1997	1996
Kasse	1.706	813
Postgiro	83.525	22.642
Bank, brukskonto	2.650.484	1.257.636
Bank, skattetrekk	100.477	106.013
Kunder	30.086	223.296
Sum omløpsmidlar	2.866.277	1.610.400
Sum anleggsmidlar	0	0
Sum eige	2.866.277	1.610.400
Skuldig arbeidsgjevaravgift	40.779	65.957
Skuldig skattetrekk	99.860	102.642
Skuldig meirverdiavgift	8.670	59.372
Anna leverandørgjeld	98.572	43.734
Skuldige feriepengar	170.403	168.108
Sum kortsiktig gjeld	418.284	439.813
Avsetningar	1.997.950	907.985
Eigenkapital	450.043	262.602
Sum gjeld og eigenkapital	2.866.277	1.610.400

REKNESKAPEN ER AVSLUTTA OG GODKJENT AV STYRET 20. MAI 1998

REVISJONSBERETNING

Fylkesrevisjonen har pr. 25/5-98 avgitt slik revisjonsberetning for 1997:

Vi har revidert årsoppgjøret for Ryfylkemuseet for 1997, som viser et overskudd på kr. 276.389,-. Årsoppgjøret som består av resultatregnskap, balanse og noter, er avlagt av daglig leder og styret.


Vår oppgave er å granske selskapets årsoppgjør, regnskap og behandlingen av dets anliggende forøvrig.

Vi har utført revisjonen i henhold til gjeldende lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Vi har gjennomført de revisjonshandlinger som vi har ansett nødvendige for å bekrefte at årsoppgjøret ikke inneholder vesentlige feil eller mangler. Vi har kontrollert utvalgte deler av grunnlagsmaterialet som underbygger regnskaps-

postene og vurdert de benyttede regnskapsprinsipper, de skjønsmessige vurderinger foretatt av ledelsen, samt innhold og presentasjon av årsoppgjøret. I den grad det følger av god revisjonsskikk har vi gjennomgått selskapets formuesforvaltning og interne kontroll.

Etter vår mening er årsoppgjøret gjort opp i samsvar med regnskapslovens bestemmelser og gir et forsvarlig uttrykk for stiftelsens økonomiske stilling pr. 31.12.97 og for resultatet av virksomheten i regnskapsåret i ovennevnt stemmelse med god regnskapsskikk.

REKNESKAPEN OG REVISJONSBERETNINGA
ER LAGT FOR FOR KONTROLLUTVALGET I
ROGALAND FYLKESKOMMUNE TIL
ORIENTERING I MØTE 2. JUNI 1998



Geiter var viktige i gardsdrifta i fleire bygder fram til kring 1950, men i dag er det få gardar som driv aktivt geitehald. Det var mange som hadde eit nært forhold til dei folkekjære geitene. Stølsdrifta var ein viktig del av geitehaldet, og mang ei ungjente hadde sommararbeid som budeie.

Geitene har gitt oss både mjølk, mat og klede, med geitost som ein sentral del.

Boka fortel om geitehaldet i Ryfylke og Nord-Rogaland, der mange leigde geitene sine vekk om somrane. Røldal var ein viktig sommarplass for geiter frå Rogaland, – her blei det også produsert store mengder med geitost.

Geit og støl – Geitehald i Ryfylke og Nord-Rogaland, Ryfylkemuseet 1998
kr. 228,-

ISBN 82-90271-25-5

Abonnement, som samtidig gjeld som medlemskap i Ryfylkemuseet, kostar 150 kroner og kan teiknast ved å skrive til **Ryfylkemuseet, 4230 Sand,** sende fax til nr. 52 79 78 89, eller ringe nr. 52 79 73 77